# Årsmelding 2024
# Møre og Romsdal

## Fylkeskommunedirektøren sitt forord

2024 har vore eit spesielt og innhaldsrikt år for Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fylkeskommunen har over tid hatt eit for høgt drifts- og investeringsnivå. Kostnadsauke, prisvekst og høge renteutgifter har tvinga oss til å gjere heilt nødvendige grep for å redusere drifts- og investeringsnivået. I 2024 starta vi ein omfattande omstillingsprosess for å redusere kostnadane, samtidig som vi skal ha ei forsvarleg drift og levere gode tenester til samfunnet.

Trass i at vi har stått overfor store utfordringar dette året, ser vi likevel gode resultat av arbeidet vi gjer. Aldri før har så mange av våre elevar fullført vidaregåande opplæring, eit tydeleg teikn på at innsatsen som blir lagt ned gir resultat. Vi har tatt i bruk eit nytt og moderne undervisningsfjøs på Gjermundnes, som sikrar eit godt undervisningstilbod innan landbruksfaga. Spjelkavik Arena er ferdigstilt og tatt i bruk, til glede for både skoleelevar og idrettsaktivitetar i heile regionen.

Gjennom grønt industriløft har fylkeskommunen vore ein katalysator for utvikling av fleire sirkulære prosjekt i næringslivet, og næringsanalysen «Grønt industriløft Møre og Romsdal» viser kor viktig det er å investere i framtida vår.

På samferdselsområdet har vi jobba med store og viktige fylkesvegprosjekt, og vi har våren 2024 fullført rassikringsprosjektet Korsmyra – Indreeide. Vi har og gjennomført ytterlegare tiltak som er viktig for infrastrukturen vår med elektrifisering i kollektivtrafikken, noko som bidreg til å redusere utsleppa våre og skape eit meir miljøvennleg samfunn.

Opninga av Campus Kristiansund har vore ei anna stor hending. Her får våre studentar og tilsette tilgang til eit økosystem av høgare utdanning, forsking og innovasjon. Vi har også fått ein topp moderne tannklinikk på campus. Klinikken har større behandlingskapasitet enn den gamle og tilbyr gode, spesialiserte tenester. Campus Kristiansund vil vere ein viktig ressurs for regionen i åra som kjem.

I år er det første året vi tek i bruk Framsikt som årsrapporteringsverktøy, og som de vil kunne lese i årsrapporten har det vore jobba godt med alle dei fire måla i fylkesplanen, og her i forordet kan det oppsummerast slik:

- **Samarbeidsfylket:** fylkeskommunen har i 2024 prioritert samarbeid og kompetanseutvikling gjennom digitale plattformer, møteplassar og felles tiltak med kommunane og andre aktørar, samtidig som vi har gjennomført store prosjekt og deltatt aktivt i europeiske samarbeid.
- **Miljøfylket**: I 2024 har vi arbeidd systematisk med å nå klima- og energimål gjennom klimabudsjett og -rekneskap, redusert klimagassutslepp i kollektivtrafikken, skjerpa krav til offentlege anskaffingar, og tilbydd kommunane arealrekneskap for betre planlegging.
- **Inkluderings- og kompetansefylket**: I 2024 har vi arbeidd for å skape trygge og inkluderande lokalsamfunn gjennom samarbeid med NAV og kommunane, folkehelseprogram, ungdomsprosjekt, trafikktrygging, tannhelsearbeid, auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, by- og tettstadutvikling, og forbetring av kollektivtrafikken.
- **Verdiskapingsfylket:** I 2024 har vi styrka eksportnæringane og utvikla grøn sirkulær økonomi gjennom tverrfaglege prosjekt, støtta kunst- og kulturprosjekt, fremma berekraftige reiselivsopplevingar, arbeidd med forsking, innovasjon og infrastrukturutvikling, inkludert Campus Kristiansund og breibandutbygging, samt sikra seriøst arbeidsliv og HMS-regelverk i kontraktarbeid.

Som det var omtala innleiingsvis har Møre og Romsdal fylkeskommune hatt eit utfordrande økonomisk år. Rekneskapstala for 2024 viser eit driftsresultat på 51,5 mill. kroner, noko som er 63,8 mill. kroner

lågare enn budsjettert. Dette skuldast mellom anna lågare skatteutjamning og høgare utgifter på rammeområda. Disposisjonsfondet vart redusert med 264 mill. kroner, noko som er 69,5 mill. kroner meir enn budsjettert. Ved utgangen av året var saldoen på 463 mill. kroner, som tilsvarar 5,8 prosent av dei totale inntektene. Dette er lågare enn den vedtekne målsettinga på 10 prosent, og ei halvering av disposisjonsfondet sidan 2021. I 2024 vart det starta eit omfattande omstillingsarbeid for å betre økonomien i fylkeskommunen. Fleire av innsparingstiltaka er allereie innført, men mange av innsparingstiltaka vil først få heilårsverknad frå 2025.

Avslutningsvis vil eg takke alle medarbeidarar som har bidratt med å oppretthalde viktige tenester og prosjekt. Dykkar bidrag og evne til omstilling har vore avgjerande for oss i året som har gått.

Vi har mykje å vere stolte av, og sjølv om vi framleis har ein veg å gå for å få ein berekraftig økonomi, ser er fram til å fortsette det gode arbeidet i 2025.



*Toril Hovdenak, fylkeskommunedirektør*

## Kva for oppgaver har fylkeskommunen

Vi kan dele oppgåvene i fire:

### 1. Det regionale demokratiet

Fylkeskommunen er ein del av det norske demokratiet, der innbyggarane i fylket kan vere med å påverke kva prioriteringar som skal gjerast for vårt område av landet.

Fylkeskommunen blir styrt av fylkestinget, som består av 47 folkevalde politikarar. Tinget vedtar planar, saker og budsjett for arbeidet til fylkeskommunen.

### 2. Vi bidrar til å utvikle regionen

Vi er ein pådrivar for berekraftig regional samfunnsutvikling, i tett samarbeid med kommunar, næringsliv, akademia og organisasjonar. Vi jobbar mellom anna for nyskaping, vekst og arbeidsplassar, by- og tettstadutvikling, kulturtilbod og folkehelse.

## 3. Vi leverer tenester til alle som bor og arbeider i fylket

Kvar dag leverer vi viktige velferdstenester som vidaregåande opplæring, tannhelse, kollektivtrafikk, fylkesvegar og kulturformidling.

## 4. Vi forvaltar oppgåver på vegner av staten

Vi skal forvalte mynde på vegner av staten på område som samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, friluftsliv og forvaltning av naturressursar.

## Les meir om dei ulike områda og kva dei arbeider med:

### Fag- og tenesteområda

- Kompetanse- og næringsområdet
- Samferdselsområdet
- Kulturområdet
- Tannhelsetenesta

### Stabsavdelingane

- Stab for strategi og styring
- Stab for organisasjon og tenesteutvikling
- Stab for juridiske og administrative tenester
- Bygg- og eigedomstenester

## 2024 i korte trekk

## Hendingar i 2024

### Januar

#### Stabil kvinnerepresentasjon blant kommunepolitikarane i Møre og Romsdal

Statistisk sentralbyrå har lagt fram statistikk om kvinneandelen i politikken. Av totalt 735 representantar i kommunestyra i 2023 var 271 kvinner. Det er litt færre kvinnelege politikarar enn i resten av landet.

#### Kursar politikarar gjennom film

Fylkeskommunen og Statsforvaltaren har produsert ein serie korte filmar om tema som er sentrale i kommunal planlegging. Opplæringsmateriellet skal bidra til strategiske og kloke val i kommunane.

#### Kunnskap og regelverk heng etter, no blir brann i elbatteri eigen konferanse

Utfordringane og farane med elektrifisering er tema for konferansen «Brannsikkerheit i elektriske batteri» i Molde i februar. Konferansen er truleg den første i Noreg om brannsikkerheit i elektriske batteri.

### Ekstremvêret «Ingunn»: Sannsynleg at mykje blir stengd på vegnettet

Fylkeskommunen følgjer råda frå Meteorologisk institutt og hevar beredskapen etter raudt farevarsel.

## Februar

### Startar kartlegging av dei viktigaste næringssatsingane i Møre og Romsdal

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge startar prosjektet Grønt industriløft i fylket. Saman med sentrale næringsaktørar skal dei finne ut korleis næringslivet i regionen skal ta ei leiande rolle i den grøne omstillinga.

### 1,7 mill. til kulturminne og kulturmiljø av regionale og høg lokal verdi

Sjøhus i Aukra, atelier i Eidsdal, bensinstasjon på Åndalsnes og bygård i Kaibakken i Kristiansund er blant kulturminna som har fått støtte til istandsetting, etter vedtak i kultur- og folkehelseutvalet.

### Kyrne har flytta inn, nyfjøset er tatt i bruk

Det vart ein merkedag på Gjermundnes vgs då dei første mjølkekyrne flytta over i det nybygde undervisningsfjøset. Også for elevane vert dette ein ny skolekvardag.

## Mars

### Søk støtte for å redde sjøauren

Det står dårleg til med sjøaurebestanden i fleire bekkar i regionen. Kommunar og andre kan søke om støtte til å gjennomføre undersøkingar for å betre gyte- og oppveksttilhøva for fisken.

### Stor auke i andel søkarar til yrkesfag

65 prosent av elevane i Møre og Romsdal har søkt yrkesfag. Det viser søkartala til dei vidaregåande skolane for skoleåret 2024/2025.

### Opna trygg heilårsveg til Geiranger

Lokalbefolkning, politikarar og eldsjeler sørga for god stemning då tunnelen mellom Korsmyra og Indreeide blei opna. Busette i Geiranger-området og besøkande kan no glede seg over trygg heilårsveg forbi dei 13 skredpunkta gjennom Indreeidsdalen.

### Mangedobling i karriererettleiing av flyktningar og innvandrarar

Med dei store flyktningbølgene dei siste åra, har etterspurnaden etter karriererettleiing auka kraftig. I 2021 gjennomførte fylkeskommunen rundt 100 rettleiingar til flyktningar i kommunane. Året etter vart det gjennomført 443 rettleiingar, og i 2023 var talet 488, i tillegg til grupperettleiingar.

## April

### Ferjene bidreg mest til utsleppsreduksjon

I Møre og Romsdal fylkeskommune er det ferjedrifta som bidreg mest til reduksjon i klimagassutslepp viser miljøfyrtårn-rapporteringa og klimarekneskapen for driftsåret 2023.

### Fortalde om sirkulær omstilling på World Circular Economic Forum

Fylkesordførar Anders Riise presenterte fylkeskommunen sitt arbeid med sirkulærøkonomi og samarbeidet med OECD for EU-kommisjonen i Brüssel, Belgia.

### 125.000 kr. til ni tiltak for ungdom

Det nyvalde ungdomspanelet har tildelt til saman 125.000 kroner til ni aktivitetstiltak for ungdom rundt om i fylket. No blir det tilskot både til kino i Kristiansund 17. mai, innkjøp av nytt utstyr til ungdomsklubb i Stranda og podkast i Hustadvika.

### Ønsker innspel om kulturminne knytt til romanifolket/taterane

Riksantikvaren og fylkeskommunane startar no eit arbeid for å få meir kunnskap om romanifolket/taterane si kulturarv i Noreg.

## Mai

### Avslutting for Gran Canaria-opphald: – Ei moglegheit nesten ingen andre får

Dei ti lærlingane frå Møre og Romsdal har nyleg landa etter tre månadar på Gran Canaria, gjennom Erasmus+. – Ei fantastisk oppleving, seier ei av dei, Eirin Helene Celius frå Sekken i Molde.

### Løyvde to mill. til «Grøne industrielle løft»

Sintef Ålesund AS og Tomra Konfeksjon AS får til saman nær to millionar kroner i tilskot, frå Skaparkraft-programmet, vedtok kompetanse- og næringsutvalet.

### NORSØK får 800.000 kr til mjølkerobot-prosjekt

Kompetanse- og næringsutvalet vedtok å løyve 800.000 kroner i stønad til NORSØK-prosjektet «Mobile mjølkerobotar for auka beitebruk».

### Jaktar areal til bussdepot i Elnesvågen, Eide, Hustad, Bud, Gossen og Misund

Fylkeskommunen ber om tips til tomter og lokale som kan brukast til bussdepot i ytre Romsdal

## Juni

### 94 millionar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Møre og Romsdal

Blant dei som får midlar i år finn vi det nye klatreanlegget til Romsdal tindegruppe i Grandfjæra i Molde, Rørstadmarka fleirbrukshall i Sula, og den nye fotballhallen i Surnadal.

### La ned grunnstein for Normoria

Kulturminister Lubna Jaffery fekk æra av å legge ned grunnsteinen på Normoria, det nye kulturhuset i Kristiansund. Den symbolske grunnsteinen er ein tidskapsel med gjenstandar, som først skal opnast først om 100 år.

### Fleirtal i fylkestinget for bypakke Kristiansund

Med 33 mot 14 stemmer vedtok fylkestinget måndag ei bypakke for Kristiansund. Bypakken skal bidra til koordinert by- og transportutvikling i eit miljøvenleg, trafikksikkert og påliteleg transportsystem.

### Støttar omdømmeprosjekt

Kristiansund og Nordmøre næringsforening, Molde næringsforum og Næringsforeningen Ålesundsregionen får tre mill. kr til eit treårig krafttak for å rekruttere arbeidskraft til fylket og styrke omdømmet.

## Juli

### Gir grønt lys for skredsikring i Trollstigen

Fylkesutvalet løyver 10 millionar til skredsikring i Trollstigen. Saman med dei 40 millionane i skjønnstilskot frå staten, gir dette grunnlag for å starte sikring av den viktige turistvegen så snart som råd.

### Frå avfall til verdi: SINTEF Ålesund og bedrifter går saman om å finne nye berekraftige løysingar

SINTEF Ålesund og fem leiande bedrifter innan omega-3 produksjon, får midlar frå fylkeskommunens regionale forskingsfinansiering (RFF) til å forske på nye bruksmåtar for ein sidestraum som oppstår under tilverking, nemleg glyserol.

## August

### Ny bru i Brusdalen

Slettebrakkbrua langs Brusdalsvegen i Ålesund har blitt heilt ny, og har auka vegstandard og bruksklasse til vegen.

### Ønsker tips om arkeologiske funn

Det er så lite snø i fjellet i år, at gjenstandar av arkeologisk interesse kan smelte fram frå gamle snøfonner. Finnarar må kontakte fylkeskommunen.

### Startar konseptutvikling av aluminiumsbru på Grøtta i Isfjorden

Fylkeskommunen går nye vegar når den nye Grøttabrua i Isfjorden skal planleggast. Å bruke aluminium som byggemateriale på ei køyrebru er noko som ikkje har vore gjort på over 30 år.

## September

### Opna verdas to første asfaltfabrikkar på hydrogen

Sidan 2018 har fylkeskommunen vore ein pådrivar for omstilling frå fossil energi for asfaltproduksjon til grøn hydrogen produsert av elektrisitet. No har Veidekke opna dei to første fabrikkane; i Kristiansund og i Ålesund.

### Fleire får rettar i tannhelsetenesta, må sette i verk tiltak for å hjelpe alle

Den offentlege tannhelsetenesta har fått eit lovpålagd ansvar for ein større del av innbyggarane. No varslar fylkeskommunedirektøren at det må gjerast tiltak for å handtere auken i pasientgrunnlaget.

### Ungdom møter utdanning og næringsliv på Karrieredagane

I september og oktober blir det arrangert karrieredagar i heile fylket, der fleire tusen avgangselevar får bli betre kjent med næringslivet og utdanningstilbodet i regionen sin. I Molde opna Brunvoll produksjonshallen for ungdomane.

### Rundt 1000 ungdommar utan jobb eller skole, nytt tilbod skal hjelpe dei vidare

Dei står utanfor arbeidslivet og utan skoleplass. No vil oppfølgingstenesta informere ungdommane – og foreldra - om at det finst eit nytt tilbod som kan få dei ut og i gang.

## Oktober

### Seier ja til å utgreie besøksbidrag og bompengeprosjekt i Trollstigen

Eit fleirtal i fylkestinget seier ja til å jobbe vidare med besøksbidrag og å starte førehandsvurdering av eit mogleg bompengeprosjekt i Trollstigen.

### Fleire ungdom får syreskadar på tennene: - Stor tannhelseutfordring

Mens færre ungdomar i fylket får hol i tennene, aukar talet på syreskader. No tar den offentlege tannhelsetenesta grep.

### Fylkeskommunen har flytta inn på Campus Kristiansund

Etter fleire års planlegging og bygging, har tilsette i fylkeskommunen i Kristiansund flytta inn i splitter nye lokale på Campus, midt i hjartet av byen, på Devoldholmen. Alle fagfelta er no på plass: kultur, samferdsel, kompetanse og næring, bygg og eigedom og stabsfunksjonar.

### Ber om fleire tiltak mot rovdyr i beiteområda

Fylkesutvalet er sterkt uroa over dei vedvarande høge tapa av lam til rovvilt i delar av fylket.

Eit fleirtal i fylkesutvalet ber no Klima- og miljødepartementet og rovviltnemnda sette i verk nye tiltak for å avgrense tap av husdyr på utmarksbeite.

## November

### Stram økonomistyring, tilrår innsparing i drifta på 79 mill. kroner

Fylkeskommunedirektøren tilrår innsparing i drifta i 2025 på til saman 79 millionar kroner. Tiltaka vil særleg ramme samferdselsområdet.

### Georadar med kjempetreff – kan ha funne langhus og vikinggrav

Eit pilskott unna nasjonalmonumentet for slaget ved Hjørungavåg er det gjort fleire spanande funn frå mange tidsepokar.

### No har elevane starta undervisning på oppdrettsanlegget, snart får dei ny båt

12 akvakulturelevar frå Kristiansund vgs. er i gang med praktisk opplæring tre dagar i veka på oppdrettsanlegget Solværet ved Smøla.

### På topp i skoleårsgjennomføring, men fråværet til elevane har auka

Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal har den største andelen i landet med elevar som fullfører og består skoleåret. Men det er ein negativ trend med aukande fråvær blant elevane.

## Desember

### 33 lag og foreiningar får 1,5 mill. kroner til å markere Friluftslivets år

Kultur og folkehelseutvalet har vedtatt å fordele pengar til aktivitetar for å få folk opp av sofaen og ut i naturen.

### Bussane tek i bruk kollektivknutepunktet

FRAM legg om rutene i Ålesund, og tek i bruk nye haldeplassar i Keiser Wilhelms gate og Kipervikgata i Ålesund sentrum.

### Løyver fem mill. kroner til forskingsbasert innovasjon

Kompetanse- og næringsutvalet løyver til saman fem millionar kroner til ti kvalifiseringsprosjekt. Prosjekta skal fremme forskingsbasert innovasjon i næringslivet.

## Prisar og stipend

### Årets bedrift

Hotel Union Geiranger AS fekk fylkesprisen Årets bedrift 2023. Prisen fekk dei blant anna for å ha skapt fleire heilårs arbeidsplassar. – Bedrifta har gått frå å vere sesongopent til tilnærma heilårsdrift, noko som har resultert i fleire heilårs arbeidsplassar ved hotellet og som vidare har resultert i tilflytting til området. Med sine 72 tilsette i 2022 er bedrifta svært viktig for Geiranger som har berre 230 innbyggjarar, seier Stenseth. Prisen vart overrekt til ståande applaus under fylkestinget april 2024.

### Fylkeskulturprisen

Fylkeskulturprisen 2024 gjekk til Astrid Overaa frå Ålesund. Overaa har gjort ein formidabel innsats med å setje sitt preg på kulturlivet i Møre og Romsdal, og vi er heilt sikre på at ho kjem til å gjere det i lang tid framover også, sa utvalsleiar Jessica Gärtner under utdelinga på fylkestinget i desember. – Du har gitt oss liv og røre, og ikkje minst mykje latter. Med ditt store hjarte for alle, har du opna dører og bygd bruer i heile Møre og Romsdal. I dag skal vi feire deg, Astrid. Fordi din innsats, ditt talent og ditt hjartelag har gjort fylket vårt rikare, og oss alle litt klokare, litt gladare og litt meir leande, sa Gärtner.

### Miljøprisen

I 2024 var det friluftsråda i fylket som fekk Miljøprisen. Utvalsleiar Stenseth rosa skjergardstenesta sitt bidrag med rydding av marin forsøpling. Og han røpte at råda kvar for seg var nominert til prisen, men eit einstemmig kompetanse- og næringsutval valde å gi årets miljøpris til begge friluftsråda. – Kompetanse- og næringsutvalet meiner engasjementet til friluftsråda med rydding av marint avfall er av

stor betyding for regionen, og dei viser eit særleg fortenestefullt arbeid innan forureining og berekraftig utvikling.

## Inkluderings- og mangfaldsprisen

BROR Mental Helse fekk inkluderings- og mangfaldsprisen for 2023. Arbeidet Bror Mental Helse gjer, med Felix Baldauf og Even Karpuz i spissen, er med på å skape openheit og tryggleik rundt at menn, og spesielt unge menn, skal tørre å snakke om ting som ein opplever som vanskeleg, sa Jessica Gärtner, leiar i kultur- og folkehelseutvalet under utdelinga. – Det er fleire enn nokon gong som slit med den psykiske helsa. Derfor har vi trua på fleire lågterskeltilbod. Det er nettopp det BROR jobbar med, og det er nettopp derfor denne prisen betyr så mykje for oss, sa Karpuz til fylkestinget då han takka for prisen.

## Årets lærling

Anniken Haukeberg frå Skodje vart kåra til Årets lærling. Haukeberg har tatt fagbrev som yrkessjåfør. I følge lærebedrifta SR Group, har Anniken vore uredd, nysgjerrig og open for nye utfordringar. Ho har vist stor evne til å opptre profesjonelt, og har alltid vore imøtekommande og engasjert i jobben. Bedrifta har set stor pris på den positive merksemda ho har fått, både på arbeidsplassen og frå kundar og samarbeidspartnarar. Gjennom lærlingtida har ho i tillegg hatt med seg elevar frå utplassering og vist ei ypparleg evne til å ta hand om og bry seg om elevane samtidig som ho med stor iver har delt sin kunnskap.

## Stipend

### Idrettsstipend

| Namn | Kommune | Sum |
|---|---|---|
| Lovise Skarbøvik Andresen (Dimna IL) | Ulstein | 50 000 |
| Aron Rodal Haugen (Trollheimen fjellsportklubb) | Surnadal | 50 000 |
| Molde basketballklubb | Molde | 50 000 |

### Kunstnarstipend

| Namn | Kommune | Kunstart | Sum |
|---|---|---|---|
| Magnhild Opdøl | Sunndal | Visuell kunst | 200 000 |
| Lena Nymark | Ålesund | Musikk | 200 000 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Solveig Årdal | Stranda | Film | 100 000 |
| Thomas Smoor | Ålesund | Film | 100 000 |
| Anne Helen Kolås Ingebrigtsen | Giske | Litteratur | 100 000 |
| Kåre Nymark | Giske | Musikk | 50 000 |
| Martin Bredin | Molde | Musikk | 50 000 |
| Tonje Molnes | Ålesund | Scenekunst | 100 000 |
| Jon Arne Mogstad | Surnadal | Visuelle kunst | 100 000 |

## Oppsummering fylkesplanmål

### Om måla til fylkeskommunen

Fylkeskommunen skal både ha mål for eigen verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.

FN sine 17 berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane (miljømessig. sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er nå bygd på dei fire knaggane

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i regional planstrategi (RPS). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar og moglegheiter 12 år fram i tid. Den tek opp planbehov dei neste fire åra for å møte desse.

Fylkesplanen følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument. Det inneber at fagavdelingane – og hovudutvala – har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå miljømessige, økonomiske og sosiale forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke fylkesstrategiar som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneheld resultatmål som blir følgt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram.

Årsrapporten for 2024 er siste rapporteringa på Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal 2021-2024. Ny fylkesplan er lagt til grunn for økonomiplanen for 2025-2028, og får si første rapportering neste år.

Dersom ein ønsker meir detaljar på det enkelte tenesteområdet om fylkesplanmål, resultatmål og måleindikatorar, så finn ein dette under "Fylkeskommunen sine tenesteområde" (sjå meny).

## Samarbeidsfylket

**S1 Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål**

- Ny regional planstrategi og Fylkesplan for Møre og Romsdal vart vedtatt i juni
- Nyttårskonferansen samla leiarar frå offentleg sektor og politikarar frå fylket – Ungdomspanelet vart her kåra til Årets regionbyggar
- Kompetanseforum Møre vart etablert og hadde sitt første møte
- Det vart laga eit digitalt tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov i Møre og Romsdal
- Samferdselsområdet nådde målet som var satt om tal samarbeidsmøte - med kommunar, KS nettverk, fora i kollektivtrafikkforeininga, og fora med andre fylkeskommunar; Vestlandsrådet, Samarbeidsforum for samferdsel i Midt-Norge, Jernbaneforum for Rauma og Dovrebanen
- Saman med Statsforvaltaren og Distriktssenteret har vi arbeidd saman med fem utvalde kommunar i satsinga Tett på – om opplæring i plan for politikarar
- Samarbeidssatsinga Møre og Romsdal 2025 for offentleg sektor vart avvikla i 2024 etter politisk vedtak

**S2 Møre og Romsdal skal samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper**

- Samarbeid mellom offentlege aktørar i Møre og Romsdal om integrering er styrka, og fylkeskommunen har lagt til rette for ei rekke kompetansehevande tiltak for ulike grupper tilsette i kommunane
- Fylkeskommunen har revidert samarbeidsavtalen med NAV og med RVTS-Midt (Ressurssenter for vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging)
- Fylkeskommunen har deltatt i nasjonal allianse mot ungt utenforskap sammen med KS partnarskap for radikal innovasjon
- Tannhelsepersonell har eit godt samarbeid med kommunale tenester som er forankra i samarbeidsavtaler og årlege samarbeidsmøte
- Tannhelse har i 2024 hatt ein høg besøksfrekvens på institusjonar. Tannhelsepersonellet utførte 2630 timer med utadretta førebyggande tannhelsearbeid i 2024, mot 2394 året før.
- Tannhelsepersonellet sin besøksfrekvens på institusjonane for gruppe C1 (eldre og uføre) er i 2024 nær måltala i «Plan for besøk på institusjonar for gr. C1». Fokus her er gjennomgang av samarbeidsrutinar, opplæring, rettleiing og pasientoppfølging. Enkelte kompetanseregionar har større måloppnåing enn andre, som igjen speglar ulik bemanning og tannpleiarressursar i regionane
- Samferdselsområdet vurderer trafikksikkerheit i alle saker på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring. I 2024 behandla plan- og trafikkseksjonen 1 281 saker etter plan- og bygningslova og sendte i tillegg ut 2 485 brev knytt til forvaltning av vegnettet og som svar på førespurnader frå publikum

**S3 Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennskapsfylke» om berekraftmåla**

- Møre og Romsdal fylkeskommunen søkte til tre EU-prosjekt i 2024. Eitt av desse, Interreg Nordsjø-prosjektet CircleBIM om sirkulær forvalting av bygg og eigedom, vart starta opp.
- Møre og Romsdal er ein av ti regionar/byar i Europa som vart valt ut til samarbeid med OECD. som resulterte i rapporten "Circular Economy in Møre and Romsdal". Rapporten kjem med konkrete anbefalingar til korleis fylket kan få til ei berekraftig samfunnsomstilling. Fylkeskommunen har henta ut viktig kompetanse og kunnskap til regionalt nivå frå CCRI (Cirkular Cities and Regions Initiativ)
- Ungdomspanelet hadde to utvekslingar i 2024. Begge var ungdomsstyrte med gjensidig utveksling. I det eine prosjektet var vi berre to partar, Studem frå Moldova og Ungdomspanelet. Studem kom til Molde i juni og Ungdomspanelet reiste til Balti i Moldova i oktober. Temaet for denne utvekslinga var «Engaging youths for democracy". Det andre prosjektet vart gjennomført saman med Vesterålen interkommunale ungdomsråd og Gyumri Technology Center, Armenia. Utvekslinga hadde namnet . «I care» og omhandla korleis ungdom skal kunne gjere meir berekraftige val i kvardagen med hjelp av teknologi.
- EU-nettverket i Møre og Romsdal vart avvikla våren 2024 som eit omstillingstiltak, men fylkeskommunen har i staden samarbeidd med regionale aktørar på ein meir målretta måte der vi ser at det er vilje og potensial til å få ting til. Dette har medverka til nye samarbeids- og utviklingsprosjekt blant fleire aktørar i regionen det siste året.

**S4 Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn**

- Som grunnlag for planarbeid og anna arbeid blir det utarbeidd og publisert eit omfattande kunnskapsgrunnlag, der statistikk og analyse og formidling av dette er noko av det viktigaste. Det har blitt utarbeidd:
    - Kommunestatistikk, oppdatert vår og haust
    - Fylkesstatistikk levert i oktober
    - Kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi og fylkesplan
    - Seks kronikkar om demografi/regionale utviklingstrekk
    - 8 brukar/innbyggarundersøkingar ved hjelp av QuestBack
- I arbeidet med Regional planstrategi og Fylkesplan for 2025 - 2028 vart det gjennomført brei medverknadsprosess internt med både tilsette og politikarar, med råda våre og med eksterne. Det vart laga webkampanje på eiga nettside, Facebook og Instagram med moglegheit for avkryssingar og innsending av dokument
- Kravet om at alle som får tilskot til lokale utviklingsprosjekt skal ha ein plan for medverknad er innfridd i alle søknadar der dette er relevant
- Alle pågåande vegprosjekt har ein plan for kommunikasjonsarbeidet
- Eit forbetringspunkt er tal saker som blir lagt fram for Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, Fylkeseldrerådet og Ungdomspanelet. Måloppnåinga for tal saker som er lagt fram er for låg, og variasjonen mellom avdelingane er for stor

## Miljøfylket

### M1 Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor

- Verktøyet arealrekneskap er oppdatert med tal frå 2024 og ligg tilgjengeleg for kommunane på fylkeskommunen si nettside
- Kompetansehevande kursrekke om bruk av naturbaserte løysingar for kommunane er gjennomført
- Klimabudsjett og klimarekneskap er levert og er integrert med økonomiplanen i Framsikt
- Kollektivtransporten har redusert klimagassutsleppa med 38 prosent i 2024 samanlikna med utsleppa i 2019. Dette er førebelse tal, vi manglar tal for nokre rutepakker (buss)
- Fylkeskommunen har innført nye system og rutinar for å sikre at det blir stilt kriterium eller krav knytt til klima og miljø i tråd med nytt regelverk. Etter at krava i anskaffingsregelverket blei skjerpa 1. januar 2024, har innkjøpsseksjonen utarbeidd ein notatmal for vurdering av klima- og miljøkrav som skal fyllast ut av alle avdelingar i planleggingsfasen av anskaffingsprosessane. Det er også utarbeidd rettleiing til avdelingane knytt til dei nye krava
- Deloitte gjennomførte på bestilling frå kontrollutvalet ei undersøking av korleis fylkeskommunen arbeider for å nå klima- og miljømål som er sett både for organisasjonen og for Møre og Romsdal. Inkludert i undersøkinga var grøne innkjøp og klima- og miljøomsyn i vegprosjekt. Undersøkinga gav ein nyttig gjennomgang av vårt arbeid, inkludert råd om forbetringar til arbeidet med rapportering, forankring og internt samarbeid.

### M2 Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep

- Fylkeskommunen har søkt og fått innvilga 1,4 mill. kroner frå Klimasats til kompetanseheving i kart, arealregnskap og klima for kommunane med start i 2025
- Råd om lokalisering av sentrumsfunksjonar i tråd med prinsippet om 10-minuttersbyen er gitt i både plansaker, tilskotsaker, nyheitsaker og by- og tettstadprosjekt
- Kartportalen Gislink som fylkeskommunen driftar saman med Trøndelag fylkeskommune og statsforvaltarane i desse to fylka ligger litt i snitt på 169 900 treff pr uke i 2024

### M3 Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar

- Det vart gjennomført miljøforbetrande tiltak i alle vassområde i 2024. Tiltak bestod av både flaskehalsanalysar, tiltaksplanlegging og tiltaksgjennomføring
- Status for tiltak i tiltaksprogrammet 2021–2027 for vasseregion Møre og Romsdal; 5 prosent er gjennomførte, 17 prosent starta, 7 prosent planlagde, 69 prosent er føreslått, 1 prosent utsette og 1 prosent avviste. Sektormyndigheitene har ansvaret for desse.

**M4 Møre og Romsdal skal bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg**

- Vi nådde ikkje målet om at 10 kommunar skulle ha utarbeidd plan for friluftslivets ferdselsårar. 3 kommunar er ferdige og fleire kommunar er i sluttfasen. Dei fleste kommunane har starta på arbeidet
- Arbeidet med å kontrollere alle turar publisert på morotur.no mot naturvernområde og trekk- og kalvingsområde for villrein, er godt i gang
- 14 tilstandsvurderingar av freda kulturminne er registrert i Askeladden. Det er i tillegg 2 som er gjennomført i 2024, men ikkje lagt inn i Askeladden.
- Det er gjennomført 5 tiltak for aktivitet, skjøtsel og skilting langs postvegen. Det er sett i gang skilting og istandsettingstiltak i Gjemnes kommune. I Vestnes kommune er det jobba med VR-formidling. I Stranda kommune er det gjort rydding og vedlikehald i parsellane Ljøbrekka-Herdalsbrekka og Kjellstadli. Alle postvegkommunane rapporterer at dei har brukt mykje av 2024 på å planlegge aktivitetar som er tenkt satt i gang i 2025. Dette på bakgrunn av verdiskapingsmidlar som blei innvilga på starten av 2024. Denne satsinga vil altså gi utslag i 2025.

**M5 Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfri energi**

- Det føregår mykje på energiområdet både nasjonalt og i EU, og fylkeskommunen har gitt høyringsinnspel til eit EU-direktiv og til fleire nye forskrifter og lovendringar
- Fylkeskommunen har i 2024 purra på Miljødirektoratet for å få svar på om operatøren Gassco synest å oppfylle krava i pkt. 9.2 i utsleppsløyve om å leggje til rette for ekstern bruk av overskotsvarmen så framt dette er teknisk og økonomisk mogleg
- Fylkeskommunen kjøpte lisens for alle husstandar i Energiportalen t.o.m. september 2024
- Det er gjennomført Internship-prosjekt om energieffektivisering der ein såg på kva for indikatorar som kan eigne seg for å måle energieffektivitet
- Det er bestilt utgreiing om korleis gapet mellom forventa energibehov og energiproduksjon i fylket kan reduserast på ein kostnadseffektiv måte. Rapporten «Potensialet for energiomstilling i Møre og Romsdal» (ferdigstillast i Q1 2025) vil vere eit viktig verktøy for å prioritere kritiske innsatsområde og kan nyttast som kunnskapsgrunnlag for framtidige vedtak
- Tilskotsordning: Skaparkraft – fornybar energi. Innvilga fire søknader med sum kr 1,055 mill kroner i støtte, av total kostnad 3,76 mill. kroner
- Har halde dagskonferanse om brannsikkerheit i elektriske batteri
- Har halde (via Teams) minikonferanse om bruk av biogass i renovasjonsbransjen
- Etablering av rammeavtale på energiområdet: Avtalen omfattar bistand til utgreiingar, prosjektleiing, konsekvens-/samfunnsøkonomiske analyser og evalueringar relatert til energiinfrastruktur, energikjelder og energiberarar
- Fylkeskommunen er partnar i FME SOLAR som er eit nytt nasjonalt forskingssenter. Senteret samlar dei leiande forskingsmiljøa og ei lang rekkje innovative brukarpartnarar, som samla står for hovuddelen av forsking, utdanning, industriell aktivitet, eksport og omsetning i den norske solenergiindustrien

**M6 Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser**

- Det er gjennomført faste beredskapsøvingar slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår. I 2024 var det fleire vêrhendingar kor beredskapen vart testa i praksis. Beredskapsorganisasjonen samhandla slik som planane tilseier og det vart ingen større skadar
- Etter risikovurderingar vart det bestemt å stenge Trollstigen for trafikk sesongen 2024. Arbeid med strakstiltak i Trollstigen vart starta opp kort tid etter at regjeringa løyvde 40 mill. kroner til Trollstigen i juli

**M7 Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering**

- 9 av 30 einingar i fylkeskommunen har ikkje grunnlag til å rapportere på dei lovpålagte fraksjonane om sortering av organisk avfal og/eller plast
- Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekt er vurdert der det er aktuelt
- Avfall handterast med minst 80 prosent sortering i vegutbyggingsprosjekt
- Gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar
- Gjennomgåande arbeid med gjenbruk av møblar og inventar i alle investeringsprosjekt. Prosjekta Bussdepot Molde og Spjelkavik Arena har omfattande gjenbruk av møblar og inventar i 2024.

## Inkluderings- og kompetansefylket

**IK1. Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit , tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge**

- Det vart etablert samarbeid med KS og NAV i 2024 for å arbeide ut mot kommunane med mål om å medverke til å hindre utanforskap. Arbeidet hadde mellom anna fokus på kommunane som arbeidsgjevar, og inkludering av utsette grupper unge
- Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024. Det planlagte arbeidet med synleggjering av innsats mot utanforskap i eigen organisasjon, deltaking i KS sin nasjonale allianse mot ungt utanforskap, og deling av kunnskap om arbeid om utanforskap, har derfor ingen resultat å vise til for 2024
- Folkehelseprogrammet i Møre og Romsdal har delt kunnskap og arbeidd for å hindre utanforskap med kommunane, og tre nye kommunar har fått tilskot. Herøy jobbar med småjobbsentral, Ulstein arbeider med ungdomsstyrt treffstad, og Haram med alternativ opplæringsarena og lagbygging.
- Gjennom programsatsinga Ung kunst og kultur og fylkeskommunen sitt ADA-prosjektet - ein arena for kunst og kultur for barn og unge, har dei fem kommunane Aure, Kristiansund, Sykkylven, Ålesund og Haram starta mindre prosjekt der målet er skaparverkstader i bibliotek, skule og fritidsklubbar, i tråd med målet for 2024. I Rauma blir det arbeidd med “Det umulige huset” med mål om å skape den ultimata møteplassen for ungdom, med eigen-organisert aktivitet
- 74 prosent av spelemidlane fylkeskommunen tildeler, nær 7,6 mill. kroner, gjekk i 2024 til nærmiljøanlegg. 31 søknadar fekk støtte
- Folkebiblioteka fekk auka tildelingar i 2024, 25 av dei til satsinga "Leselyst for dei yngste", og i tillegg ei eiga tildeling til Kristiansund og Gjemnes.

- Samarbeidet for trafikktrygging gjorde at talet på drepne og hardt skadde i trafikken i Møre og Romsdal vart redusert i samsvar med målet om ei halvering innan 2030. Målet for 2024 var mindre enn 22 hardt skadde og drepne. Dei førebelse tala viser 4 drepne på fylkesveg og ein på Europaveg, samt 13 hardt skadde på fylkesveg. I det førebyggande trafikktryggingsarbeidet i 2024 har det vore lagt særleg vekt på samarbeid med andre aktørar

**IK2. Møre og Romsdal skal ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse**

- Dekningsgrad er eit utrykk for delen av dei med rettar etter tannhelsetenestelova som er under tilsyn og behandling. Dekningsgraden for pasientgruppene barn og unge, og eldre og uføre, er god, og om lag på same nivå som i 2023. For gruppa psykisk utviklingshemma er dekningsgraden betre enn året før. Ei ny pasientgruppe; unge, vaksne 21-26 år, har fått eit lovfesta tilbod i tenesta som kan forklare noko endring i dekningsgrad for enkelte av gruppene.
- Karies er ein indikator som kan synleggjere tannhelsa. Delen personar utan karieserfaring i ulike indikatorårskull blir nytta som målevariabel. Den langsiktige trenden er at tannhelsa til barn og unge i Møre og Romsdal blir gradvis betre. Fråvær av karies er omlag lik for 3- og 5-åringar som året før. Vi ser ei betring for 12- og 15-åringar medan 18-åringane viser ein nedgang mot året før. Tannhelsa for dei to yngste indikatorårskulla (3- og 5-åringar) er noko betre enn landsgjennomsnittet, medan dei eldre indikatorkulla (12-, 15- og 18-åringane) har dårlegare tannhelse enn landsgjennomsnittet.

**IK3. Møre og Romsdal skal ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det**

- Helse Møre og Romsdal deltok i planlegginga av, og med innlegg på Nyttårskonferansen i januar 2024. Helseføretaket har ikkje hatt eiga orientering i fylkestinget i 2024 slik det var mål om.

**IK4. Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring**

- Det er viktig å utvikle utdanningssystemet i takt med arbeids- og næringslivet sitt behov, og i 2024 kom det tre nye utdanningstilbod i fylket, i regi av Næringsforeningen i Ålesundsregionen, NTNU Ålesund og næringsselskapet Nordveggen
- Det har vore arbeidd med å legge til rette for nye utdanningstilbod på Campus Kristiansund, og det er etablert ei prøveordning i samarbeid med næringslivet
- Det er eit mål å oppnå livslang læring. Delen sysselsette som deltok i utdanning auka kvart år frå 2019 til 2022 som er det ferskaste talet. Samstundes er det ein liten auke både i personar i arbeidsstyrken, og personar som står utanfor arbeidslivet.
- 83,4 prosent av dei som starta på vg1 i 2017 fullførte med studie- eller yrkeskompetanse innan fem/seks år. Dette er høgare enn landsgjennomsnittet på 82,2 prosent, men likevel under målet i Møre og Romsdal på 85 prosent. Gjennomføringa i Møre og Romsdal har auka med 0,4 prosentpoeng samanlikna med 2016-kullet. Trenden med auka gjennomføring i vidaregåande opplæring held fram for 2017-kullet, så utviklinga går rett veg.

- Møre og Romsdal har ei positiv utvikling i tal lærekontraktar og tal elevar utplassert i yrkesfagleg fordjuping (YFF). Skolane har også gjennomført fleire aktivitetar knytt til arbeids- og næringslivet for å gjere opplæringa meir praktisk og relevant, og få nok læreplassar og opplæringsplassar. Ei utfordring er at alle no får rett til å fullføre dei utdanningsprogramma dei er tatt inn på.
- 80 prosent av vaksne i fylket, som søkte vidaregåande opplæring i 2024, fekk tilbod same året. 60 prosent av dei vaksne som var under utdanning, klarte å fullføre året.
- Fagskolen har fleire pågåande utviklingsprosjekt i samarbeid med arbeidslivet om rask utvikling av utdanningstilbod. Ein føresetnad for dette er å få på plass fagområde-akkreditering.
- Mange fleire vaksne enn planlagt fekk karriererettleiing i 2024. Auken skuldast hovudsakleg fleire innvandrarar, og at eit systematisk tilbod no er samla under fylkeskommunen. Målingar viser svært høg brukartilfredsheit. Det er starta arbeid med å forenkle bookingløysinga, og ein pilot for bruk av KI for tolketenester
- Det har vore ei markant auke i dei årlege tildelingane frå Erasmus+ programmet, og i 2024 fekk fylkeskommunen nær 20 mill. kroner for å sende ut både elevar, lærlingar og tilsette på læringsopphald i Europa. 622 elevar og rundt 150 tilsette var ute i 2024.
- Gjennom satsinga “Læretid i Europa” fekk 45 lærlingar høve til å ta deler av læretida si hos ei bedrift i Europa i 2024, mot 14 i 2023.

**IK5. Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport**

- I 2024 er det gitt tilskot til tre gode byromsprosjekt i Rauma, Ulstein og Vestnes, i tillegg til rådgiving i arbeidet. I tillegg er det gitt tilskot til ein sentrumskoordinator i Herøy, gratis Sundbåt i Kristiansund, og skaparglede i sentrum i Sykkylven. Tilskotsramma vart redusert i 2024, men det er likevel stor etterspurnad etter kompetanse og rettleiing fordi mange kommunar manglar kompetanse.
- Gjennom Program for berekraftig by- og tettstadutvikling vart det gjennomført sju kompetansehevingstiltak om by- og tettstadutvikling, der fleire av tiltaka hadde fokus på arkitektur. Dette var tre færre tiltak enn planlagt på grunn av kutt i budsjettet. I tillegg vart kompetanse om samanhengane mellom ulike fagområde og tema for god tettstadutvikling formidla skriftleg og muntleg
- For distrikts- og lange kollektivreiser med FRAM vart det sett mål om 7 prosent auke i 2024. Resultatet vart ein nedgang på 1,1 prosent.
- For byane Kristiansund, Molde og Ålesund var det sett mål om høvesvis 3, 4 og 5 prosent auke i tal kollektivreiser. Resultatet vart ein nedgang på 12, 8,4 og 5 prosent. Tala er usikre på grunn av mytt billettsystem.
- Til tross for nytt billettsystem, var 90 prosent av dei spurte svært godt eller godt nøgd med kollektivreisa, viser undersøkingar.
- Bypakke Ålesund: Nytt kollektivknutepunkt - gateterminal i Ålesund sentrum både for bybuss og regionbussar, blei opna i desember 2024. Gateterminalen for bybussen er eit nytt byrom med breie fortau, tre i plantekasser og romslege venteskur. Utbetring/bygging av Fylkesveg 60 mellom Blindheim og Flisnes er i gang, og får ei kraftig oppgradering med mellom anna ny rundkøyring, nye undergangar, fortau og ny gang- og sykkelveg på deler av strekninga, tre tosidige busshaldeplassar og støyskjerming.
- Bypakke Kristiansund: Fagleg grunnlag for bypakke Kristiansund blei behandla i bystyret i Kristiansund og i fylkestinget våren 2024. Samferdselsdepartementet har sett i gang ekstern kvalitetssikring (KS2) av finansieringsgrunnlaget og kostnadsoverslag for bypakken. Deretter vil bompengeproposisjonen bli fremma for Stortinget før bygginga kan starte.

- Det var planlagt seks kronikkar om fagområdet kultur for å løfte og synleggjere kulturfeltet. Dette har det ikkje vore kapasitet til i 2024.

**IK6. Møre og Romsdal skal ha eit kultur- og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfald og engasjement**

- Fylkeskulturkonferansen hadde om lag 150 deltakarar fordelt over to dagar, noko som er ein liten auke frå 2023
- I 2024 vart det starta opp ein månadleg digital arena for kultursjefane i kommunane, som har styrka dialogen og kunnskapsdelinga mellom fylkeskommunen og kommunane.

## Verdiskapingsfylket

**V1. Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft**

For å styrke eksportnæringane i fylket og utvikle grøn sirkulær økonomi gjennom industriell symbiose, vart det gitt tilskot til:

- 14 tverrfaglege utviklingsprosjekt for til saman 24 mill. kroner inkludert eige arbeid, i 2024. Dette var prosjekt for utvikling av sirkulære verdikjeder i fleire bransjar (tekstil, slam, salt frå klippfisk, algeproduksjon, foredling av marint restråstoff) og til energiprosjekt for å sikre nettinfrastruktur, og betre utnytting og lagring av energi. Dette var i tråd med indikatorane som var sett for 2024
- Gjennom Grønt industriløft Møre og Romsdal vart potensialet for nye industrielle symbiosar i fylket kartlagt i 2024, som planlagt

**V2. Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering**

- 382 nye forretningsidear vart registrert i hoppid.no i 2024. Dette er lågare enn det forventa talet på 500, men likevel om lag på snittet for åra 2028 - 2024. Det er totalt 2 417 nye case i perioden 2018 til 2024. Det er 695 aktive brukarar av plattformen, der 43 er rådgivarar i hoppid.
- Alle kommunane i fylket deltok på kompetansehevande tiltak som: jamlege dialogmøte, nettverkssamlingar og sertifiseringskurs i 2024
- Det vart tildelt 1,15 mill. kroner i prosjektstøtte til 28 profesjonelle kunst- og kulturprosjekt i 2024. Tilbaketrekte midlar hausten 2024 ga 150 000 i auka ramme utover opprinneleg ramme på 1 mill. kroner. Desse midlane gjekk til gode filmprosjekt.
- Møre og Romsdal er fylket med lågast del sysselsette innanfor kunst og kultur, men delen er høgare i 2024 enn den var i 2023.
- Ei rekke samarbeid, møteplassar og tilskotsordningar medverkar til at det blir meir attraktivt for kunstnarar i fylket.

**V3. Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur**

- I 2024 er det mottatt færre prosjektsøknader til berekraftige heilårs-opplevingar knytt til reiseliv enn tidlegare. Berre 4 av 10 tiltenkte millionar er tildelt. Likevel er aktiviteten god i prosjektet "Opplev heile Møre og Romsdal - heile året"
- Tilskot til næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket har nådd målet om utviklingsarbeid for minst 10 mill. kroner. Tilskota har utløyst utviklingsarbeid for over 23 mill. kroner. Kystskogbruket er ikkje rekna inn i dette.
- I 2024 har dei tre eksterne delprosjekta: lysplan for Geiranger, heilårsveg til besøkssenter i Tafjord og tolegrenseanalyse for Geiranger starta opp eller blitt gjennomført, i tråd med ambisjonen for 2024
- Kartleggingsarbeidet for kunnskap og planverk om geologi og mineralressursar går som planlagt. Feltarbeidet vart fullført i 2024, og analyser og rapportskriving pågår. Endeleg resultat kjem i 2025.

**V4. Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp**

- Programmet Møre og Romsdal 2025 skulle gjennom EU-nettverk og forskingsforum Møre medverke til å auke tilgjengelegheita av verkemiddel til forsking og innovasjon. Programmet vart avvikla i juni 2024, og det er derfor ingen resultat av dette arbeidet i 2024.
- På Campus Kristiansund vart pilotkull 2 av eit internasjonalt internship-program med fleire studentar avslutta i 2024, som forventa.
- Campus Kristiansund vart formelt opna med opningsuke i november 2024, der Campus Kristiansund Drift AS hadde ei viktig rolle
- Fylkeskommunen har og arbeidd med utvikling av felles miljø mellom aktørane på Campus Kristiansund gjennom Campus Kristiansund Drift AS. Det har vore tilrettelagt for faglege og sosiale møteplassar, aktørar er kopla mot kvarandre, og kunnskap om Campus-miljøet er spreidd via strategisk SoME-arbeid, redaksjonell omtale og foredrag.
- Fylkeskommunen har lukkast godt med å skaffe midlar til Forsking og utvikling, og nådde målet om minst 50. mill. kroner frå regionale forskingsfond, Norges forskingsråd og Mobpro -prosjekt i 2024. Dette inkluderer også eigeninnsats.
- 96,6 prosent av husstandane i Møre og Romsdal hadde ved utgangen av 2023 breiband med kapasitet på minst 100 Mbits/s. Målet var minst 95 prosent. Situasjonen er allereie høgare enn forventa for 2024, og vi nærmar oss full dekning.
- Prosjektet Digi Møre og Romsdal har samarbeida om, og gjort to felles anskaffingar på vegne av kommunane i 2024

**V5. Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggarane og næringslivet sine behov**

- Innovasjonsarbeid for betre og billegare samferdselsløysingar har i 2024 starta m.a. gjennom at det fireårige FoU-prosjektet "Rehabilitering av lågtrafikerte vegar i regi av Sintef og NTNU kom i gang.

- Eit anna effektivitetsprosjekt skjer i samarbeid mellom fleire fylkeskommunar og kollektivselskap som utviklar ny mobilitetsplattform. Nytt billetteringssystem vart sett i drift i 2024. Mobilitetsplattformen bygger eitt økosystem som fremmer digital innovasjon.
- Gjennom Kollektivtrafikkforeininga nasjonalt, blir det arbeidd for å samordne transportkjøp mellom helseføretaka og fylkeskommunane.
- Det er gjennomført dialog med leverandørmarknaden i alle kontraktar over 100 mill. kroner i 2024, for å oppnå innovative, gode og billige samferdselsløysingar
- Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane var i 2023 på nær 16,8 mrd. kroner. Ein metode for berekning av etterslepet er utvikla, og viser at det er behov for 500 mill. kroner meir til vedlikehald kvart år framover i budsjettperioden i tillegg til det som allereie er lagt inn i budsjettet, berre for at etterslepet ikkje skal auke. 25 tunnelar har og behov for oppgradering til gjeldande regelverk. Bygging av ny Nerlandsøybru i Herøy kommune vart vidareført i 2024, og blir ferdig i 2025.
- Det er asfaltert om lag 87 km fylkesveg i 2024
- Arbeid med rundkøyring  inkludert gang- og sykkelvegar på Holamyra i Hustadvika kommune starta opp
- Skredsikring Indreeidstunnelen på fv 63 i Stranda og Fjord kommunar vart opna i 2024 og har gitt trygg heilårsveg til Geiranger
- Kontrakt for skredvarsling av Grandefonna på fv. 63 mellom Grande og Geiranger i Stranda kommune i vinterhalvåret vart inngått
- Kvalitet på utført arbeid i i vegdriftskontraktene enda på 83 prosent, som er eit akseptabelt nivå, men under målet om minst 90 prosent
- 90 prosent av alle investeringsprosjekt over 10 mill. kroner vart gjennomført innanfor kostnadsrammene i 2024. Målet er 100 prosent
- Attståande køyretøy på ferjesambanda var 0,3 prosent i 2024, som er eit godt resultat. Regulariteten var noko dårlegare enn ønska, men likevel på 99,3 prosent og innafor det akseptable
- Det vart frakta i overkant av 4,5 mill. køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2024, ei auke på 2,5 prosent samanlikna med 2023
- Det var byggjeaktivitet på ferjekaiene på Åfarnes, Sølsnes, Linge, Eidsdal, Voksa, Larsnes, Kvamsøy og Åram, samt prosjektering  for Dryna ferjekai, og ferdigstilling av forsterking på Kvanne ferjekai
- Regularitet for hurtigbåtrutene enda på 99,8 prosent i 2024, nøyaktig det same som målsettinga
- Målet for FRAM om å få opp delen førehandskjøpe billettar på buss til 60 prosent er ikkje nådd: Årsaka er truleg kopla til nytt billettsystem i 2024. Til tross for nytt billettsystem, var 90 prosent av dei spurte svært godt eller godt nøgd med reisa
- Det blir arbeidd med å utvikle kontraktar på investeringar som stimulerer til kostnadseffektivitet og reduserte kostnadar

**V6. Møre og Romsdal skal ha eit arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn**

- Stab for juridiske og administrative tenester har støtta fagavdelingane med implementering og oppfølgingsrutine knytt til innkjøp og kontraktsarbeid, for å innføre Møre og Romsdal-modellen for seriøst arbeidsliv, når dei har fått  spørsmål om det.

På samferdselsområdet er det gjennomført:

- Risikovurdering av alle nye driftskontrakter på FRAM
- Inntakskontroll av underentreprenørar er gjennomført i 75 prosent av alle vegprosjekt og i vegdrift
- Prosentvis fordeling av arbeidsplassar mellom Kristiansund, Molde og Ålesund er gjennomført
- Rapportering av uønskte hendingar har vore 1 664 per mill. arbeidstimar (N-verdi), som inneber over ønska nivå på 1 500
- Skader med fråvere har vore 10 per mill. arbeidstimar, noko som er over akseptabelt målsetting på 5 per mill. arbeidstimar.
- System for kontraktsoppfølging for FRAM vart ikkje ferdigstilt slik som planlagt, men er starta opp og blir ferdig i 2025

På bygg- og eigedoms-avdelinga er statusen som følgjer:

- Alle aktive prosjekt har nytta HMS-regelverket aktivt
- Det er gjennomført risikovurderingar av lønns- og arbeidsvilkår i alle nye kontrakter
- Det er gjennomført kontroll av seriøsitet i alle større byggeprosjekt

**V7. Møre og Romsdal skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv**

- Potensialet for infrastruktur knytt til distribusjon av fornybar energi vart gjort i 2024, knytt til transportsektoren både i luft, på land og sjø, og til fastlands-industrien og offshoreverksemd
- Sluttrapport frå Klimasatsprosjektet "Plan for energistasjonar og ladepunkt" vart utarbeidd og lagt fram for politikarane våren 2024
- Det er framleis ikkje tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet til å forsyne nye brukarar av energi, og til å få inn nye energiprodusentar. Det er god dialog med regionalnetteigarar og Statnett i samband med transmisjonsnettet, for å påverke nødvendig utbygging av dette.

## Større tverrgåande satsingar og større tiltak

## Opplev heile Møre og Romsdal - heile året

I fylkeskommunen sin økonomiplan er det for perioden 2022 – 2025 sett av to mill. kroner i året til prosjektet «Opplev heile Møre og Romsdal – heile året». Målet er å gjere Møre og Romsdal meir attraktiv som reisemål, ved å utvikle fleire berekraftige heilårsopplevingar og ved å utvikle fleire opplevingar i skjeringspunktet kultur – reiseliv. Dette er viktig om vi skal nå ambisjonen om å bli opplevingsfylke nummer 1 i landet.

Prosjektet er utvikla og blir gjennomført av kulturavdelinga og kompetanse- og næringsavdelinga i fylkeskommunen. Innovasjon Norge Møre og Romsdal og reiselivsnæringa, gjennom destinasjonsselskapa, er også med på laget.

Dei viktigaste eksterne aktivitetane i 2024 har vore :

- Opplevingsfestivalen i Møre og Romsdal vart arrangert på Åndalsnes i mars. Opplevingsfestivalen er den største og viktigaste møteplassen for aktørane i opplevingsnæringane i fylket. Rundt 90 personar deltok på festivalen med god spreiing frå dei ulike segmenta innan opplevingsnæringa, og også med god deltaking frå heile fylket.
- Våren 2023 vart det løyvd fem millionar kroner til fem nettverksprosjekt som skal utvikle heilårlege opplevingar i skjeringspunktet kultur – reiseliv som skal kunne tilbydast både individuelt reisande og grupper. I 2024 er det arrangert to felles nettverkssamlingar for desse nettverka med fagleg innhald som produktutvikling, målgruppeforståing, økonomi, kalkyle med meir.

## Skaparkraftprogrammet

I 2024 vart det gitt tilskot til 14 tverrfaglege prosjekt som utløyste utviklingsarbeid for til saman 24 mill. kroner i Møre og Romsdal, der 9 mill. kroner var i form av tilskot og 15 mill. kroner var arbeidsinnsats frå mottakarane. Prosjekta som har fått støtte spenner frå utvikling av sirkulære verdikjeder innan fleire bransjar (tekstil, slam, salt frå klippfisk, algeproduksjon, foredling av marint restråstoff) til energiprosjekt som skal sikre nettinfrastruktur, optimal utnytting av eigenprodusert kraft og lagring av energi.

Bakgrunnen for programmet er Møre og Romsdal sin sterke posisjon som eksportfylke og dei utfordringane næringslivet står overfor, inkludert klima- og naturkrisa, energiknappheit, dyrtid og geopolitisk uro. Investering i innovasjon og utvikling er ein føresetnad for at fylket skal kunne oppnå berekraftig vekst og møte noverande og framtidige utfordringar. Programmet skal bidra til å akselerere overgangen til sirkulære verdikjeder, fremme avansert bruk av teknologi og fornybar energi, gjennom konkrete tiltak og prosjekt som bidrar til regional utvikling og grøn omstilling i næringslivet. Formålet med Skaparkraftprogrammet er å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar innanfor fire satsingsområde: Grøne industrielle løft, Smart teknologi, Fornybar energi og Kompetanse i og for næringslivet.

Programmet går over 10 år (2022-2032) og er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune. Det vart frå oppstart sett av 15 mill. kroner til programmet kvart år i økonomiplanen. Fylkeskommunen sin vanskelege økonomiske situasjon gjorde at ramma for 2024 vart kutta ned til i overkant av 9 mill. kroner. Dette kuttet gjorde at styringsgruppa for Skaparkraftprogrammet vedtok å prioritere satsingsområda Grøne industrielle løft og Fornybar energi i 2024. Fokuset på smart teknologi vart integrert inn i utlysingane for dei to prioriterte satsingsområda. Statlege midlar vart brukt til å støtte søknadar om nye kompetansetilbod i og for næringslivet.

Programmet fyller eit behov for finansiering av prosjekt i tidlegfase, som ikkje blir dekt av andre verkemiddel, med hovudmålgrupper som omfattar bedriftskonsortium, næringsklynger, bedriftsnettverk, innovasjonsselskap, næringsforeiningar, forskingsmiljø, og utdanningsinstitusjonar.

## Omstilling av Geirangerfjorden verdsarvområde med omland

Omstilling av Geirangerfjorden verdsarvområde vart starta med bakgrunn i eit knippe utfordringar for Geirangersamfunnet rundt 2020:

- Folketalsnedgang - vanskeleg å skaffe arbeidskraft, svakt grunnlag for offentleg tenestetilbod

- Nullutsleppsvedtaket for fartøy - usikkerheit om næringsgrunnlaget og behov for omstilling.
- Infrastruktur - særleg tilgang på elektrisk kraft
- Pandemi og nedstenging frå mars 2020

Det er fylkeskommunen som har hatt prosjektansvaret og har finansiert prosjektet. Utover løn til prosjektleiar har det vore delt ut tilskot til tiltak i regi av lokale initiativtakarar, som Stranda kommune, destinasjonsselskapet, verdsarvstiftinga og andre. Ved desse tildelingane har det vore sett krav om eigeninnsats, så verdien av det arbeidet som er lagt ned er større enn dei pengane som er løyvd frå fylkeskommunen.

Utviklingsprosessar tek tid, og det har vi sett også i omstillingsprosjektet for Geiranger. Ein del prosessar har fått ei avklaring, andre må det jobbast vidare med:

- Folketalet har faktisk gått opp i perioden, og vi ser at tilrettelegging av bustader har gitt effekt
- Detaljregelverket rundt nullutsleppsvedtaket er no på plass. Det vart ei differensiering etter storleiken på fartøy, og biogass vart godkjent som drivstoff. Dette gjer at næringa kan bruke litt meir tid på å finne dei gode løysingane.
- Nettselskapet Linja vil gjere investeringar som sikrar tilgang på meir elektrisk kraft
- Ny Strynefjellstunnel er inne i Nasjonal transportplan (NTP), og det må jobbast vidare for at arm til Geiranger skal vere ein del av prosjektet
- Aktiviteten i reiselivet har nådd nye høgder etter pandemien

Framover må det jobbast for å realisere dei tiltaka som prosjektet har bidratt til å planlegge, mellom anna:

- Sentrumsplan og belysning
- Parkering i fjellhall
- Fullføring av fosseråsa
- Tålegrenseanalyse og besøksstrategi.

Det vil alltid vere diskusjon rundt effekten av slike prosjekt. Fylkeskommunedirektøren er trygg på at dette prosjektet har bidratt til å dytte på mange prosessar og realisere mange tiltak som elles ikkje hadde blitt gjennomført. Så er ikkje arbeidet ferdig, og det vil det heller aldri bli, men prosjektet har bidratt til ei utvikling i rett retning.

### Bypakkearbeid

Bypakkearbeidet er eit trepartssamarbeid mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen. Det blir jobba med bypakker i Ålesund og i Kristiansund.

I bypakke Ålesund skal om lag 4 mrd. kroner brukast på å betre vegane, bygge sykkelvegar, gjer det tryggare for dei mjuke trafikantane og legge til rette for auka bruk av kollektivtransport. Fylkeskommunen er ansvarleg for bygginga av ei rekkje av prosjekta i Bypakke Ålesund. Dei største er opprustinga av fylkesveg 60 Blindheim–Flisnes og nytt kollektivknutepunkt i Keiser Wilhelms gate i

Ålesund sentrum. Det nye kollektivknutepunkt (gateterminal) både for bybuss og regionbussar, blei opna i desember 2024. Gateterminalen for bybussen er eit nytt byrom med breie fortau, tre i plantekasser og romslege venteskur. Bygginga av Blindheim–Flisnes er i gang, og vil vare i om lag to år frå april 2024. Strekninga får ei kraftig oppgradering med mellom anna ny rundkøyring, nye undergangar, fortau og ny gang- og sykkelveg på deler av strekninga, tre tosidige busshaldeplassar og støyskjerming.

Fagleg grunnlag for bypakke Kristiansund blei behandla i bystyret i Kristiansund og i fylkestinget våren 2024. Samferdselsdepartementet har sett i gang ekstern kvalitetssikring (KS2) av finansieringsgrunnlaget og kostnadsoverslag for bypakken. Deretter vil bompengeproposisjonen bli fremma for Stortinget i løpet av 2025,  og må vedtas før bygginga kan starte.

## Ein bit av historia

Verdiskapingsprogrammet “Ein bit av historia” ble oppretta i 2019, og har som formål å respektere, utvikle og løfte fram lokalsamfunna sin materielle og immaterielle kulturarv og eigenarta kultur. Programmet fokuserer på verdiskaping langs historiske ferdselsårer. I 2024 har programmet hatt følgjande aktivitetar:

- Nasjonalt postveiprosjekt er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Trøndelag og Vestland, samt Statens Vegvesen. Forprosjektet vart gjennomført i perioden 2022-2023, og i 2024 starta hovudprosjektet opp. Prosjektet legg stor vekt på verdiskaping gjennom samskaping. Det har blitt starta fleire tiltak for skilting og skjøtsel av den Trondhjemske postvei, og ei ny ordning for tilskot har blitt prøvd ut, der kommunane forvaltar midlar etter våre retningslinjer.
- Valldal 2029 er eit prosjekt som leiar fram til nasjonal-jubileet i 2030. Fram mot feiringa skal det frå 2021 til 2031 vere ein jubileumsstafett, der forskjellige stader med ulike tema skal løftast fram årleg. I 2029 er det Valldal som skal representere Møre og Romsdal med temaet folketradisjon. I 2024 har det blitt gitt tilskot til prosjektet, og det har blitt jobba med å bygge ein organisasjon som skal arbeide fram mot 2029. Ei feiring som involverer heile fylket.
- Digital formidling av kulturarv er eit prosjekt som til no har resultert i formidlingsopplevingar basert på digitale gjenskapingar av Edøya, Kuli og Veøya. I 2024 har det blitt jobba med eit formidlingsspel for Borgund-kaupangen. Alle dei tre stadane er nøkkelstadar langs kystpilegrimsleia.
- Nordmørsmusea v/ Regionalt pilegrimssenter på Smøla har etter våre retningslinjer forvalta ei tilskotsordning på vegne av Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette har gått til å støtte og utvikle frivillig aktivitet og tiltak langs kystpilegrimsleia i fylket.

I 2024 starta også arbeidet med å evaluere innsatsen i programmet, som er forventa å vere ferdig i første kvartal 2025.

# Årsmelding

Fylkeskommunen er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget (47 representantar) som det øvste folkevalde organet. Leiar for fylkestinget er fylkesordføraren. Andre sentrale utval med medlemer oppnemnd av fylkestinget er:

- Fylkesutvalet
- Kompetanse- og næringsutvalet
- Kultur- og folkehelseutvalet
- Samferdselsutvalet
- Kontrollutvalet

Fylkeskommunen sine ulike roller og planverk er omtalt i årsrapporten.

Fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver i dag er:

- Samferdsel (fylkesvegane, fylkesvegferjer, kollektivtrafikk i fylket, ruteopplysning mm.)
- Vidaregåande opplæring (vidaregåande skolar, fagopplæring, vaksenopplæring mm.)
- Næringsutvikling (tilretteleggande verkemiddel for næringsutvikling og entreprenørskap)
- Offentleg tannhelseteneste
- Kultur (fylkesbibliotek, spelemidlar til idrettsanlegg, midlar til kulturbygg, driftstilskot mm.)
- Regional planlegging
- Forvalte regionale utviklingsmidlar (strategisk bruk av nærings- og distriktspolitiske virkemidlar)
- Folkehelse (pådrivar for regionalt og lokalt folkehelsearbeid)
- Internasjonalt arbeid

## 1 Driftsrekneskap

### 1.1 Driftsresultat

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2024 eit netto driftsresultat korrigert for bundne fond på 51,5 mill. kroner (tabell 1). Dette er ein reduksjon på 63,8 mill. kroner samanlikna med budsjett for 2024, og ein reduksjon på 11,8 mill. kroner samanlikna med rekneskap for 2023.

| i 1000 kroner | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsinntekter | 7 996 676 | 7 732 217 | 264 459 | 7 504 757 |
| Brutto driftsutgifter | 7 912 008 | 7 577 425 | -334 583 | 7 494 245 |
| **Brutto driftsresultat** | **84 668** | **154 792** | **-70 124** | **10 512** |
| Netto finansutgifter | 622 859 | 649 536 | 26 677 | 519 867 |
| Motpost avskrivingar | -626 300 | -610 000 | 16 300 | -567 702 |
| **Netto driftsresultat** | **88 108** | **115 256** | **-27 148** | **58 347** |
| Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond | -36 621 | - | -36 621 | 4 927 |
| **Netto driftsresultat korrigert for bundne fond** | **51 487** | **115 256** | **-63 769** | **63 274** |
| i prosent av bruttoinntekt | 0,6 % | 1,5 % | | 0,8 % |

Tabell 1 Netto driftsresultat korrigert for bundne fond

Netto driftsresultat korrigert for bundne fond i prosent av brutto driftsinntekter er på 0,6 prosent, noko som er 2,4 prosentpoeng lågare enn fylkeskommunen si målsetting på 3,0 prosent for 2024.

Netto driftsresultat disponerast på følgande måte:

| i 1000 kroner | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsresultat** | **88 108** | **115 256** | **-27 148** | **58 347** |
| Disponering eller dekking av netto driftsresultat: | | | | |
| Overføring til investering | 315 445 | 309 750 | 5 695 | 237 935 |
| Avsetting til bundne driftsfond | 372 155 | 119 738 | 252 417 | 377 816 |
| Bruk av bundne driftsfond | -335 534 | -119 738 | -215 796 | -382 743 |
| Avsetting til disposisjonsfond | 86 225 | 155 689 | -69 464 | 150 361 |
| Bruk av disposisjonsfond | -350 183 | -350 183 | 0 | -325 021 |
| Bruk av tidligere års mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disp. eller dekking av netto driftsresultat** | **88 108** | **115 256** | **-27 148** | **58 347** |

Tabell 2: Disponering av netto driftsresultat

Det var budsjettert med avsetting til disposisjonsfond på om lag 155,7 mill. kroner, medan det vart avsett om lag 86,2 mill. kroner. Dette betyr at det vart avsett om lag 69,5 mill. kroner mindre til disposisjonsfondet enn budsjettert i 2024. Disposisjonsfondet per 31.12.2024 var på 463 mill. kroner, dvs. 5,8 prosent av brutto driftsinntekter, noko som er 4,2 prosentpoeng lågare enn måltalet på 10 prosent.

## 1.2 Brutto driftsinntekter

| i 1000 kroner | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | 4 160 847 | 4 226 928 | -66 081 | 3 899 080 |
| Inntekts- og formueskatt | 1 884 484 | 1 829 922 | 54 562 | 1 820 205 |
| Andre generelle driftsinntekter | 124 335 | 106 149 | 18 186 | 73 665 |
| Inntekter fra drift (inkl. øyremerka statl.overføringar) | 1 827 010 | 1 569 218 | 257 792 | 1 711 807 |
| **Brutto driftsinntekter** | **7 996 676** | **7 732 217** | **264 459** | **7 504 757** |

Tabell 3: Brutto driftsinntekter

Brutto driftsinntekter var i 2024 på totalt 7 996,7 mill. Kroner. Dette er 264,5 mill. kroner høgare enn budsjett og 491,9 mill. kroner høgare enn i 2023.

**Rammetilskotet**

Rammetilskotet var på 4 160,8 mill. kroner inkl. skatteutjamninga i 2024, som er 66,1 mill. kroner lågare enn budsjettert og 262 mill. kroner høgare enn i 2023.

Mindreinntekta skuldast lågare skatteutjamning mot slutten av året enn føresett i budsjettet. Lågare skatteutjamning har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet.

**Inntekts- og formuesskatt**

Inntekts- og formuesskatt var på 1 884,5 mill. kroner i 2024, som er 54,6 mill. kroner høgare enn budsjettert og 64,3 mill. kroner høgare enn i 2023.

**Andre generelle driftsinntekter**

Andre generelle driftsinntekter var på 124,3 mill. kroner i 2024. Dette er ein auke på 18,2 mill. kroner samanlikna med budsjett.

Rentekompensasjonsmidlar knytt til fylkesvegnettet vart om lag 7,9 mill. kroner høgare enn budsjettert og rentekompensasjonsmidlar knytt til skolebygg vart 350 000 kroner høgare enn budsjettert. Dette skuldast auka rentesats i forhold til det som var lagt til grunn i budsjettet.

Naturressursskatten vert bokført under generelle driftsinntekter og viser ein meirinntekt på om lag 9,9 mill. kroner.

**Andre inntekter (inkl. øyremerka statlege overføringar)**

Posten viser alle inntektene fylkeskommunen har ved sal av tenester (fylkesferje, buss, hurtigbåt m.m.), samt overføringar av statlege ordningar for regional utvikling på ymse områder (spelemidlar, Innovasjon Norge, kulturtanken, regionalt forskingsfond m.m.).

Motposten er Andre utgifter (inkl. øyremerka statlege overføringar), sjå tabell 4 under. Dei to postane er inkludert i den totale økonomiske oversikta og må sjåast i samanheng. Vil normalt påverke netto driftsresultat i liten grad.

## 1.3 Brutto driftsutgifter

| i 1000 kroner | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Sum løyving drift, netto | 5 450 133 | 5 398 208 | -51 925 | 5 204 174 |
| Avskrivingar | 626 300 | 610 000 | -16 300 | 567 702 |
| Andre utgifter (inkl. øyremerka statl. overf.) | 1 835 575 | 1 569 217 | -266 358 | 1 722 369 |
| **Brutto driftsutgifter** | **7 912 008** | **7 577 425** | **-334 583** | **7 494 245** |

Tabell 4 Brutto driftsutgifter

Brutto driftsutgifter var i 2024 på totalt 7 912 mill. kroner, noko som er 334,6 mill. kroner høgare enn budsjett, og 417,8 mill. kroner høgare enn i 2023.

### Sum løyving drift, netto

Sum løyvingar drift netto, består av driftsrammene (fylkestingsrammene) til avdelingane korrigert for overføring til investering og bruk av bundne fond (jf. tabell 5).

### Budsjettavvik på rammeområda

Fylkestinget deler dei frie inntektene på 9 fylkestingsrammer, utanom Lønnsreserve og pensjon. Driftsbudsjettet er vedtatt som nettorammer, og hovudutvala kan omdisponere mellom sine utvalsrammer, jf. tabell 5:

| Fylkestingsrammer (i 1000 kroner) | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Fellesutgifter og fellesinntekter | 33 116 | 52 038 | 18 922 |
| Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner | 141 040 | 138 416 | -2 623 |
| Bygg- og eigedomstenester | 139 803 | 142 197 | 2 394 |
| Kompetanse- og næringsområdet | 1 927 023 | 1 923 383 | -3 639 |
| Fagskolen Møre og Romsdal | 28 901 | 33 911 | 5 010 |
| Tannhelseområdet | 212 740 | 211 792 | -948 |
| Kulturområdet | 142 023 | 145 541 | 3 518 |
| Samferdselsområdet | 2 742 224 | 2 630 260 | -111 964 |
| Politikk og kontrollorgan | 39 669 | 43 663 | 3 994 |
| Lønnsreserve og pensjon | 85 910 | 77 005 | -8 905 |
| **Sum netto løyvingar drift på rammeområda** | **5 492 448** | **5 398 207** | **-94 241** |
| Overføring til investering frå rammeområder | -5 695 | 0 | 5 695 |
| Avsetting til bundne fond rammeområder | -372 155 | -119 738 | 252 416 |
| Bruk av bundne fond rammeområder | 335 534 | 119 738 | -215 795 |
| **Sum løyvingar drift, netto** | **5 450 133** | **5 398 207** | **-51 925** |

Tabell 5: Sum løyvingar drift, netto (driftsrammer)

Rekneskapen for driftsrammene (sum netto løyvingar drift, netto) var på 5 450,1 mill. kroner i 2024. Dette er 51,9 mill. kronar høgare enn budsjett.

Sum netto løyving drift på rammeområda har eit samla netto meirforbruk på om lag 94,2 mill. kroner.

**Fellesutgifter og fellesinntekter** viser eit samla mindreforbruk på 18,9 mill. kroner i 2024. Dette skuldast tilbaketrekte midlar for ikkje gjennomførte prosjekt knytt til prosjektet «Byen som regional motor» på 6,5 mill. kroner. I tillegg har det vore forseinkingar på etablering av sikkerheitstenester og innkjøp av nytt supportsystem, samt mindreforbruk på utgifter til kontingentar og «Skadefondet».

Netto mindreforbruk på fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" må sjåast i samanheng med netto meirforbruk på fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar". Samla netto mindreforbruk for dei to fylkestingsrammene utgjer om lag 16,3 mill. kroner

**Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar** har totalt sett eit meirforbruk på 2,6 mill. kroner. Meirforbruk skuldast m.a. auka husleige utover prisveksten.

Netto meirforbruk må sjåast i samanheng med mindreforbruket på fylkestingsramme «Fellesutgifter og fellesinntekter» (sjå over).

**Bygg- og eigedomstenester** viser eit mindreforbruk på 2,4 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak forsinka framdrift knytt til prosjektleiing for Sørsida i Ålesund, samt auka inntekt knytt til energiforvaltning som ikkje var budsjettert.

**Kompetanse og næringsområdet** har eit samla meirforbruk på 3,6 mill. kroner samanlikna med budsjett. Området er delt i tre utvalsrammer: Kompetanseområdet, vidaregåande skolar og næringsområdet.

- Kompetanseområdet har eit mindreforbruk 5,4 mill. kroner, som skuldast betydeleg kutt i årsverk, samt vakansar i 2024
- Vidaregåande skolar viser eit meirforbruk på 17,5 mill. kroner. Meirforbruket skuldast i hovudsak at:
    - skolane ikkje har klart å tilpasse struktur og tilbod til strammare økonomiske rammer
    - det er starta for mange klassar med få elevar
    - det er større andel dyre yrkesfagklassar, som fører til auka ressursbruk
    - det er auka behov for grunnleggande norskopplæring
    - det er auka utfordringar til psykisk helse, fråvær og åtferd, som krev bemanning for å sikre særskilt oppfølging

7 skolar har mindreforbruk og 13 skolar har meirforbruk. Skolane med meirforbruk vil dekke dette inn gjennom trekk på rammene i åra 2025-2028.

- Næringsområdet viser eit samla mindreforbruk på 8,3 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak prisjustering og tilbakeføring av tilskot, avvikling av Ocean Seaweed Centre, utsett tilsetting av Ph.d-stilling o.l.

**Fagskolen i Møre og Romsdal** har eit mindreforbruk på 5 mill. kroner i 2024. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at fagskolen har betalt ein månad mindre husleige etter innflytting til Campus Kristiansund enn føresett, at flyttekostnadane var lågare enn budsjettert, samt at anskaffing av noko utstyr ikkje vil bli gjennomført før i 2025.

**Tannhelseområdet** har eit meirforbruk på 0,9 mill. kroner i 2024. Meirforbruket skuldast i hovudsak at tannhelse har fått auka pasientgrunnlaget med nye unge, vaksne med rett til rabattert tannbehandling. Dette har ført til ein auke i kjøp av tenester frå private tannklinikkar grunna dei nye gruppene. I tillegg fører det til mindre kapasitet til å behandle vaksne betalande pasientar, som fører til reduserte inntekter.

**Kulturområdet** har eit mindreforbruk på 3,5 mill. kroner i 2024. Mindreforbruket skyldast i hovudsak utsatt kjøp av fartøy til Skjærgårdstenesta, øyremerka løyving til forvaltning av fylkeskommunen sin kunstsamling samt overskot knytt til sal av arkeologiske tenester.

**Samferdselområdet** har eit samla meirforbruk på 112 mill. kroner i 2024. Området er delt i tre utvalsrammer: Sektor, FRAM og Fylkesveg

- Sektor har eit meirforbruk på 1,8 mill. kroner, som i hovudsak skuldast at timebelastning mot investering ikkje er like høg som budsjettert
- FRAM har eit meirforbruk på 95 mill. kroner, som i hovudsak skuldast 56,8 mill. kroner lågare billettinntekter enn forventa. Det har vore inntektssvikt både på buss, fylkesvegferje og hurtigbåt. For buss skuldast dette endra reisemønster etter pandemien og endra sonestruktur. For fylkesvegferje skuldast dette auke i talet på elbilar, noko som fører til at gjennomsnittleg inntekt per køyretøy går ned. For hurtigbåt har ikkje antal reisande auka til nivået før pandemien. Dette kan tyde på ei permanent endring av reisemønster.

I tillegg har kostnadsveksten på kontraktar (indeksar) blitt 30,4 mill. kroner høgare enn venta.

- Fylkesveg har eit meirforbruk på om lag 15 mill. kroner, noko som i hovudsak skuldast mottatt sluttoppstilling på driftskontrakt. Fylkeskommunen er ikkje einig i kravet, og det er dermed usikkert kva som blir endeleg kostnad knytt til kontrakten.

**Politikk og kontrollorgan** har eit samla mindreforbruk på 4 mill. kroner i 2024.

Politisk verksemd viser eit samla meirforbruk på 2,1 mill. kroner. Dette skuldast at godtgjersle og reisekostnader er høgare en budsjett, medan fylkesutvalet sin reservepost viser eit mindreforbruk.

Kontroll og revisjon viser eit samla mindreforbruk på om lag 6 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast at sentrale kontrollorgan har eit samla mindreforbruk på om lag 5,5 mill. kroner pga. innsparingar knytt til kjøp av revisjonstenester/undersøkingar. Resten av mindreforbruket skuldast at omboda har hatt lågare aktivitet enn planlagt.

**Lønnsreserve og pensjon** viser eit meirforbruk på 8,9 mill. kroner i 2024. Lønnsreserveposten viser eit mindreforbruk på 6,3 mill. kroner på grunn av at lokalt lønnsoppgjer kap. 4 knytt til Utdanningsforbundet ikkje var på plass per 31. desember 2024 og må utbetalast i 2025. Pensjon viser eit meirforbruk på 15,2 mill. kroner, noko som skuldast at premieavviket/pensjonspremien vart høgare enn budsjettert.

## 1.4 Netto avsetning til eller bruk av fond

Dersom dei statlege overføringane ikkje vert brukt i løpet av kalenderåret, så er det mogleg å avsetje midlane som bundne fond til seinare år. I 2024 var netto avsetjing til bundne fond på 36,6 mill. kroner, jf. tabell 1. Det betyr at vi har satt av meir av dei bundne fonda enn vi har brukt. Sidan dette ikkje er frie midlar til fylkeskommunen sin eigen disposisjon, så kjem dette som ein korreksjon til netto driftsresultat (sjå tabell 1). Avsettinga til bundne fond er ikkje kjent før ved avslutninga av årsrekneskapen.

## 2 Investeringsrekneskap

Sum investeringsutgifter i 2024 utgjorde om lag 1,492 mrd. kroner, noko som er 362 mill. kronar lågare enn budsjettert.

### Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2024 | Politisk vedtatt budsjett 2024 | Rev. bud. 2024 | Opph. bud. 2024 | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | | 1 441 431 | 1 803 991 | 1 803 991 | 1 695 178 | 1 668 381 |
| Tilskot til andre sine investeringar | | 310 | 0 | 0 | 0 | 3 857 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 5 | 47 263 | 47 290 | 47 290 | 47 290 | 4 889 |
| Utlån av eigne midlar | 6 | 3 410 | 3 200 | 3 200 | 0 | 139 |
| **Sum investeringsutgifter** | | **1 492 415** | **1 854 481** | **1 854 481** | **1 742 468** | **1 677 266** |
| | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | | -222 842 | -268 555 | -268 555 | -233 041 | -276 621 |
| Tilskot frå andre | | -145 475 | -202 851 | -202 851 | -227 320 | -154 807 |
| Sal av varige driftmiddel | | -3 315 | 0 | 0 | 0 | -72 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | 14 | -3 051 | 0 | 0 | 0 | -9 390 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | 2 | -730 894 | -948 935 | -948 935 | -946 817 | -1 013 784 |
| **Sum investeringsinntekter** | | **-1 105 577** | **-1 420 341** | **-1 420 341** | **-1 407 178** | **-1 454 673** |
| | | | | | | |
| Overføring frå drift | | -315 445 | -309 750 | -309 750 | -266 000 | -237 935 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 13 | 57 | 0 | 0 | 0 | 22 199 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 13 | -20 776 | -23 328 | -23 328 | -22 000 | -6 857 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | | -50 674 | -101 062 | -101 062 | -47 290 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | | **-386 838** | **-434 140** | **-434 140** | **-335 290** | **-222 593** |
| | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Tabell 6: Løyvingsoversikt - investering

### 2.1 Avvik driftsrammer

Nedanfor har vi kommentert dei største avvika.

#### Bygg- og eigedomstenester

Det er investert til saman om lag 13,8 mill. kroner knytt til opprusting av bygningsmassen og solenergianlegg i 2024. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 11,1 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast forsinka framdrift på prosjekta. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2025.

**Kompetanseområdet**

Det er investert til saman om lag 216,2 mill. kroner i utstyr og bygningar for kompetanseområdet i 2024. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 48,6 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast forsinka framdrift på fleire prosjekt.

Dei største avvika gjeld:

- Utstyr/universell utforming/ped. ombygging viser eit mindreforbruk på om lag 22,5 mill. kroner. Dette skuldast periodiseringsavvik mellom 2024 og 2025. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2025
- Utstyr etter fagfornyinga med om lag 11,3 mill. kroner, som skuldast periodiseringsavvik mellom 2024 og 2025
- Gjermundnes vgs med om lag 5,6 mill. kroner som skuldast seinare framdrift på prosjektet enn føresett i budsjettet. Prosjektet vil bli ferdigstilt i 2025
- Ørsta Kompetanse- og kultursenter med om lag 4,7 mill. kroner. Prosjektet er enno i planleggingsfase, og forsinka i høve til framdriftsplan

**Tannhelseområdet**

Det er investert til saman om lag 24,9 mill. kroner i utstyr og bygningar på Tannhelseområdet i 2024. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 1,9 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast forsinka framdrift på prosjekta.

**Samferdselområdet**

Det er investert til saman om lag 1,176 mrd. på Samferdselsområdet i 2024. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 290,5 mill. kroner. Det samla avviket skuldast i hovudsak periodiseringsavvik, i tillegg til nokre varige meir- og mindreforbruk.

Dei største avvika gjeld:

- Ladeanlegg knytt til Indre Sunnmøre som først blir overtatt i 2025, 105 mill. kroner
- Endra framdrift og seinare oppstart av Bypakke Ålesund, 56,8 mill. kroner
- Endra framdrift og seinare oppstart av Trollstigen, 24,8 mill. kroner
- Forsinka framdrift på Bussdepot Kristiansund og Bussdepot Molde, totalt 59 mill. kroner

## 2.2 Finansiering

Lånemidlar har finansiert 730,9 mill. kroner av investeringane i 2024, noko som er 218 mill. kroner lågare enn budsjettert. Dette skuldast forseinka framdrift i fleire av investeringsprosjekta. Kjøp av aksjar er i heilheit finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

### 2.3 Overføring frå drift

Overføring frå drift på 315,4 mill. kroner består i hovudsak av tilskot til ras- og tunnelsikringsinvesteringar på 266,1 mill. kroner samt tilskot på 40 mill. kroner til rassikring Trollstigen. Desse midla er gitt som særskilte midlar i statsbudsjettet, og blir utbetalt som rammetilskot (driftsinntekter). Vi overfører midlane som tilskot til investering for å finansiere dei særskilte prosjekta.

## 3 Finansielle måltal

Kommunelova set krav til at fylkestinget sjølv skal vedta sine finansielle måltal for fylkeskommunen sin økonomi. Formålet med finansielle måltal er å synleggjere fylkestinget sitt ansvar for å ivareta det økonomiske handlingsrommet i eit langsiktig perspektiv.

### 3.1 Netto driftsresultat

Teknisk beregningsutvalg (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi har anbefalt at fylkeskommunane bør ha eit måltal for netto driftsresultat på om lag 4 prosent (korrigert for bundne midlar) som ein buffer mot:

- Svingingar i rentenivået og drivstoffprisar
- Kapitalslit (avskrivingar) - spesielt viktig sett i samanheng med fylkesvegreforma i 2010, som har ført til auka vedlikehaldsetterslep for fylkeskommunane
- For å bygge opp reservar til framtidige investeringar

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt vedteke måltal i 2024 var på 2,5-3,0 prosent.




Figur 1: Netto driftsresultat dei siste 5 åra, samt økonomiplanperioden 2025-2028

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i 2024 eit netto driftsresultat korrigert for bundne midlar på 0,6 prosent. I 2023 var tilsvarande tal på 0,8 prosent. Dette var 2,4 prosentpoeng lågare enn målsettinga på 3,0 prosent. Samanlikna med dei andre fylkeskommunane i 2024, så var Møre og Romsdal blant dei lågaste (figur 2). Berre dei «nye» fylkeskommunane Telemark og Finnmark er lågare.




Figur 2: Netto driftsresultat for alle fylkeskommunar i 2024

## 3.2 Disposisjonsfond

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkast gjennom å auke frie driftsfond/ disposisjonsfond, slik at fondsmidlane kan nyttast til å dekke uventa meirutgifter i enkeltår.

Størrelsen på disposisjonsfondet viser kor stor økonomisk buffer fylkeskommunen har til den løpande drifta, og kor stor økonomisk handlefridom fylkeskommunen har i åra som kjem. TBU og Kommunenes Sentralforbund (KS) anbefaler at størrelsen på driftsfondet helst bør være på minst 10 prosent av brutto driftsinntekter. Vedtatt måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune i 2024 var på 10 prosent.




Figur 3: Utviklinga i disposisjonsfondet dei siste 5 åra, samt økonomiplan for 2025-2028

Per 31.12.2024 var disposisjonsfondet på 5,8 prosent mot 9,7 prosent i 2023. Figur 3 viser at disposisjonsfondet har falt vesentleg sidan 2021. I 2021 var disposisjonsfondet på 947,4 mill. kroner, medan det ved utgangen av 2024 var på 463 mill. kroner. Disposisjonsfondet har halvert seg på tre år, og er 4,2 prosent lågare enn vedtatt målsetting. Økonomiplan 2025-2028 viser at disposisjonsfondet framleis vil ligge under målsettinga dei komande åra, noko som indikerer at den økonomiske handlefridomen til fylkeskommune vil vere låg i åra som kjem.

Møre og Romsdal fylkeskommune har det lågaste disposisjonsfondet av alle fylkeskommunane (figur 4). Alle fylkeskommunane, bortsett frå Møre og Romsdal og Vestland, ligger over anbefalinga frå KS/TBU på 10 prosent.




Figur 4: Størrelsen på disposisjonsfond for alle fylkeskommunane i 2024

## 3.3 Langsiktig lånegjeld og gjeldsgrad

Ved utgangen av 2024 var Møre og Romsdal fylkeskommune si lånegjeld på 10 063 mill. kroner. Dette er ein auke på 317,2 mill. kroner frå året før.

For å berekne ei meir korrekt lånegjeld for Møre og Romsdal, så har vi korrigert for ubundne investeringsfond og for ekstraordinære inntekter (ferjeavløysingsmidlar og lån dekt av andre) som er spesielle for Møre og Romsdal fylkeskommune. Korrigert lånegjeld vert då på 8 026 mill. kroner (sjå figur 3).




Figur 5: viser utviklinga i Møre og Romsdal fylkeskommune sin korrigerte lånegjeld dei siste 5 åra, samt budsjett for inneverande økonomiplanperiode

Korrigert gjeldsgrad var ved utgangen av 2024 på 100 prosent av brutto driftsinntekter, noko som er 2 prosentpoeng lågare enn i 2024. KS og TBU anbefaler at fylkeskommunane bør ligge på om lag 60 prosent av brutto driftsinntekter for å ha økonomisk handlingsrom til investeringar. Ei lånegjeld på over 90 prosent definerer dei som «raud sone», dvs. at fylkeskommunen har lite handlingsrom til investeringar. Figur 5 viser at Møre og Romsdal allereie i 2021 var over anbefalinga på 90 prosent. Fylkestinget si vedtekne målsetting for 2024 var 110 prosent, medan vedtatt målsetting for 2025 er redusert til 105 prosent. Lånegjelda vil ligge om lag på vedtatt målsettinga ved utgangen av inneverande økonomiplanperiode, dvs. om lag 105 prosent i 2028.

Høg lånegjeld i kombinasjon med auka rentesats, har ført til at fylkeskommunen betaler 450 mill. kroner meir i renter og avdrag i 2024 enn i 2020. Fylkeskommunen er m.a.o. svært sårbar for endringar i rentesatsen, som figuren over viser. Stresstesten i finansrapporten per 31.12.24 viser at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ei årleg auka driftsutgift på om lag 102,7 mill. kroner ved ein renteauke på 2 prosentpoeng. Gjeldsgraden bør derfor snarast reduserast til maksimalt 90 prosent for at fylkeskommunen skal kunne auke sitt handlingsrom.

Av renteeksponert gjeld utgjer fastrenteavtalar 44,4 prosent. Finansreglementet krev at minst 30 prosent av fylkeskommunale innlån skal vere til fast rente. Til samanlikning var andelen fastrenteavtalar i 2023 på 43 prosent.

Samanlikna med alle fylkeskommunane (figur 6), så er Møre og Romsdal den fylkeskommunen med nest høgast lånegjelda per innbyggar, berre slått av Finnmark. Møre og Romsdal har over to gonger så stor lånegjeld per innbyggar som gjennomsnittet.




Figur 6: Lånegjelda til alle fylkeskommunane i 2024

## 4 Handlingsprogram

Fylkeskommunen skal både ha mål for eiga verksemd, men også sette mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal.

FN sine 17 berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane (miljømessig, sosial/kulturell og økonomisk berekraft), ligg til grunn for måla både i dei regionale planane og i organisasjonsstrategien. Heile plansystemet til fylkeskommunen er no bygd på dei fire knaggane:

- Samarbeidsfylket
- Miljøfylket
- Inkluderings- og kompetansefylket
- Verdiskapingsfylket

Ramma for arbeidet med planar og dermed fylkeskommunen sine mål, blir sett i regional planstrategi (RPS). Det er ei lovpålagt oppgåve, og dette styringsdokumentet skal rullerast kvart fjerde år og henge saman med fylkestingsperiodane. Dokumentet seier noko om utfordringar og moglegheiter 12 år fram i tid. Den tek opp planbehov dei neste fire åra for å møte desse.

Fylkesplanen følgjer opp dei langsiktige utviklingsmåla i RPS. Dette er eit tverrfagleg styringsdokument. Det inneber at fagavdelingane – og hovudutvala – har eit felles ansvar for måloppnåinga. Det er dette som er kjernen i berekraftsarbeidet – å sjå sosiale, økonomiske og miljømessige forhold i samanheng.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke fylkesstrategiar som følgjer opp fylkesplanmåla. Desse inneheld resultatmål som blir følgt opp i Økonomiplan med budsjett og handlingsprogram.

Årsrapporten for 2024 er siste rapporteringa på «Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal 2021-2024». Ny fylkesplan er lagt til grunn for økonomiplanen for 2025-2028, og får si første rapportering neste år.

## 4.1 Samarbeidsfylket

«Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid»

Fylkeskommunen har gjennom vedtak av ny regional planstrategi og ny fylkesplan i 2024 lagt felles retning for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal framover. Fylkeskommunen har innført Framsikt, som sørger for betre samanheng i plan- og økonomisystemet.

Som bindeledd i forvaltninga har fylkeskommunen gjennomført ei rekke møteplassar og tilbod for å få til samarbeid, kompetanseutvikling og felles tiltak i Møre og Romsdal. Viktige samarbeidsaktørar er kommunane, Statsforvaltaren, andre statsetatar, kulturinstitusjonar, FoU-miljø og organisasjonar i arbeidslivet og frivilligheita. Grunna reduksjon i antal tilsette og økonomisk innsparing har likevel aktiviteten vore lågare i 2024 enn tidlegare år. Tilbod på digitale plattformer har vore prioritert.

Alle fagavdelingane har mykje samarbeid med relevante fagmiljø i kommunane. Døme på tema er kultur- og folkehelsetilbod, samferdselstilbod, trafikktrygging, overgang mellom grunnskole og vidaregåande skole, integrering av innvandrarar, digitalisering, utanforskap, næringsutvikling/etablerartilbod, planlegging og stadutvikling.

Tannhelse har i 2024 hatt ein høg besøksfrekvens på institusjonar. Tannhelsepersonellet utførte 2 630 timer med utadretta førebyggande tannhelsearbeid i 2024, mot 2 394 året før.

Eit av fylkeskommunen sitt viktigaste samarbeidsprosjekt over fleire år har vore Campus Kristiansund, som opna i 2024. Andre store utbyggingsprosjekt vi har samarbeidd med kommunane om, er ny Ørsta vidaregåande skule og kulturhus og Sørsida i Ålesund. Fylkeskommunen deltek også i arbeidet med bypakker for Ålesund og Kristiansund. Det er gitt både fagleg rådgiving og økonomisk tilskot til fleire by- og tettstadtiltak i samarbeid med kommunane og lokalt næringsliv.

Fylkeskommunen har i 2024 vore aktivt med i fleire europeiske samarbeid og ungdomsutvekslingar og lagt til rette for at fylkespolitikarar kan delta i europeiske samarbeidsorgan. Rapporten "Circular Economy in Møre and Romsdal" vart utarbeidd saman med OECD, og vart lansert for EU-kommisjonen i november.

## 4.2 Miljøfylket

«Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1»

Det er i 2024 gjort ei rekke tiltak for å følgje opp fylkeskommunen sine klima- og energimål. Kva som blir gjort, og korleis vi gjer det, var tema for ein rapport til kontrollutvalet i haust. Fylkeskommunen fekk skryt for systematisk arbeid med å nå måla, men fekk også fleire forbetringspunkt.

Klimabudsjettet og klimarekneskapen legg grunnlag for betre styring av klimainnsatsen til fylkeskommunen. Ein viktig del av arbeidet er Miljøfyrtårn-rapporteringa og miljøfyrtårn-sertifiseringar. Fylkeskommunen har ei intern arbeidsgruppe som bidreg inn i arbeidet med klimabudsjett- og rekneskap der også økonomiseksjonen er med.

Størst effekt har tiltak som er gjort innan samferdselssektoren, der kollektivtrafikken på fem år har redusert sine klimagassutslepp med 38 prosent. Fylkeskommunen sin krevjande økonomiske situasjon gjer at gode klimatiltak, som ytterlegare elektrifisering av ferjer og kollektivtransporten, er vanskelege å finne rom til utan større finansiering frå staten.

Frå 1. januar 2024 vart det innført skjerpa krav for å vektlegge klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar. Klima- og miljøomsyn skal som hovudregel vektast med minimum 30 prosent. Dette er følgt opp av innkjøpsseksjonen og fagavdelingane, mellom anna er dette innarbeidd i vegdriftskontraktane som vart lyst ut i 2024.

I 2024 kan vi rapportere null tap av dyrkamark og myr ved vegutbygging på fylkesveg. Fylkeskommunen har også nådd målet om at tapet av verneverdige kulturminne skal vere under 0,4 prosent.

Fylkeskommunen tilbyr kommunane ein arealrekneskap som kommunane kan bruke i si planlegging. Denne gir kunnskap om kva type areal kommunane har, kva areala er brukt til og avsett til i planar. Dette er nyttig å sjå i samanheng med prognosar for befolkningsutvikling.

I ein situasjon der eigne ressursar er avgrensa, blir samarbeid med andre viktig for å kunne oppnå meir. Vi har i 2024 trekt vekslar på ressursar hos Statsforvaltaren, Seban/Nibio (Tingvoll-miljøet), Miljødirektoratet (Klimasats) og andre fylkeskommunar. Saman med Statsforvaltaren er det gjennomført fleire kompetansehevande tilbod for kommunane, mellom anna i klimabudsjett.

Dei direkte utsleppa frå verksemda Møre og Romsdal fylkeskommune er redusert dei siste åra, men dei utgjer berre om lag 3 prosent av utsleppa i samfunnet Møre og Romsdal. Det betyr at fylkeskommunen si rolle som pådrivar overfor andre aktørar i fylket, mellom anna næringsaktørar og kommunane, vil vere særleg viktig for at Møre og Romsdal skal redusere utsleppa i åra framover. Dette er grunnlaget for det nye langsiktige utviklingsmålet for Miljøfylket som er lagt til grunn i økonomiplanen for 2025-2028: «Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane».

## 4.3 Inkluderings- og kompetansefylket

«Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel og bu»

Det har vore arbeidd med utanforskap på mange ulike vis i 2024 for å skape trygge og inkluderande lokalsamfunn som alle føler seg heime i. Mellom anna har det vore samarbeid mellom fylkeskommunen, NAV og kommunane om kommunane som arbeidsgjevar, for å inkludere utsette grupper unge. Folkehelseprogrammet har gitt tilskot til tre kommunar som arbeider med småjobbsentral, ungdomsstyrt treffstad og alternativ opplæringsarena. Gjennom programsatsinga «Ung kunst og kultur», har fem kommunar starta mindre prosjekt der målet er skaparverkstader i bibliotek, skule og

fritidsklubbar. Heile 74 prosent av spelemidlane som fylkeskommunen tildeler, gjekk til nærmiljøanlegg. 25 av Folkebiblioteka fekk tildelingar til satsinga "Leselyst for unge" i 2024.

Samarbeidet for trafikktrygging medverka til at talet på drepne og hardt skadde i trafikken i Møre og Romsdal vart redusert i samsvar med målet om ei halvering innan 2030. Målet for 2024 var mindre enn 22 hardt skadde og drepne. Dei førebelse tala viser 4 drepne på fylkesveg og ein på europaveg, samt 13 hardt skadde på fylkesveg. I det førebyggande trafikktryggingsarbeidet i 2024 har det vore lagt særleg vekt på samarbeid med andre aktørar.

Karies (hol i tennene) er ein indikator som kan synleggjere tannhelsa. Den langsiktige trenden er at tannhelsa til barn og unge i Møre og Romsdal blir gradvis betre. Fråvær av karies er om lag lik for 3- og 5-åringar, som året før. Vi ser ei betring for 12- og 15-åringar medan 18-åringane viser ein nedgang mot året før. Tannhelsa for dei to yngste indikatorårskulla (3- og 5-åringar) er noko betre enn landsgjennomsnittet, medan dei eldre indikatorkulla (12-, 15- og 18-åringane) har dårlegare tannhelse enn landsgjennomsnittet. Dekningsgrad er eit utrykk for delen av dei med rettar etter tannhelsetenestelova som er under tilsyn og behandling. Dekningsgraden for pasientgruppene barn og unge, og eldre og uføre, er god, og om lag på same nivå som i 2023. For gruppa psykisk utviklingshemma er dekningsgraden betre enn året før.

Over 83 prosent av dei som starta på vg1 i 2017 fullførte med studie- eller yrkeskompetanse innan fem/seks år. Dette er høgare enn landsgjennomsnittet på vel 82 prosent, men likevel under målet i Møre og Romsdal om 85 prosent. Gjennomføringa i Møre og Romsdal har auka med 0,4 prosentpoeng samanlikna med 2016-kullet. Trenden med auka gjennomføring i vidaregåande opplæring held fram for 2017-kullet, så utviklinga går rett veg. Møre og Romsdal har også ei positiv utvikling i tal lærekontraktar og tal elevar utplassert i yrkesfagleg fordjuping (YFF). Skolane har også gjennomført fleire aktivitetar knytt til arbeids- og næringslivet for å gjere opplæringa meir praktisk og relevant, og få nok læreplassar og opplæringsplassar. Ei utfordring for tal plassar er at alle no får rett til å fullføre dei utdanningsprogramma dei er tatt inn på. 80 prosent av vaksne rundt i fylket som søkte vidaregåande opplæring i 2024 fekk tilbod same året, og 60 prosent av dei vaksne som var under utdanning klarte å fullføre året. Det har også vore høg aktivitet knytt til læringsopphald og læretid i utlandet.

Gjennom arbeid med by og tettstadutvikling, er det gitt tilskot til tre gode byromsprosjekt i Rauma, Ulstein og Vestnes, i tillegg til rådgiving i arbeidet. I tillegg er det gitt tilskot til ein sentrumskoordinator i Herøy, gratis Sundbåt i Kristiansund, og skaparglede i sentrum i Sykkylven. Det er stor etterspurnad etter kompetanse og rettleiing innanfor by- og tettstadarbeidet, der mange kommunar manglar kompetanse. Gjennom «Program for berekraftig by- og tettstadutvikling» vart det gjennomført sju kompetansehevingstiltak om by- og tettstadutvikling, der fleire av tiltaka hadde fokus på arkitektur. Dette var tre færre tiltak enn planlagt på grunn av kutt i budsjettet.

For FRAM og kollektivtrafikken, har det vist seg vanskeleg å få opp talet på kollektivreiser. For distrikts- og lange kollektivreiser vart det ein nedgang på 1,1 prosent frå 2023. For byane Kristiansund, Molde og Ålesund var det ein reduksjon på 12, 8,4 og 5 prosent. Tala er svært usikre på grunn av nytt billettsystem i 2024, og nedgangen er derfor truleg mindre enn tala skulle tilseie. For Kristiansund og Ålesund er FRAM sitt arbeid knytt til bypakkane, der det i Ålesund mellom anna blei opna nytt kollektivknutepunkt med gateterminal både for bybuss og regionbuss. Undersøkingar viser at 90 prosent av dei spurte var svært godt eller godt nøgd med reisa.

## 4.4 Verdiskapingsfylket

«Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor»

For å styrke eksportnæringane i fylket og utvikle grøn sirkulær økonomi gjennom industriell symbiose, vart det i 2024 gitt tilskot til 14 tverrfaglege utviklingsprosjekt for til saman 24 mill. kroner, inkludert eige arbeid. Dette var prosjekt for utvikling av sirkulære verdikjeder i fleire bransjar (tekstil, slam, salt frå klippfisk, algeproduksjon, foredling av marint restråstoff) og til energiprosjekt for å sikre nettinfrastruktur og betre utnytting og lagring av energi. Gjennom «Grønt industriløft Møre og Romsdal» vart også potensialet for nye industrielle symbiosar i fylket kartlagt i 2024, som planlagt. 382 nye forretningsidear vart registrert i gründerprogrammet hoppid.no i 2024, noko som er om lag på snittet for åra 2018-2024. I 2024 deltok alle kommunane i fylket på kompetansehevande tiltak som: jamlege dialogmøte, nettverkssamlingar og sertifiseringskurs i regi av hoppid.no.

Det vart tildelt 1,15 mill. kroner i prosjektstøtte til 28 profesjonelle kunst- og kulturprosjekt i 2024. Møre og Romsdal er fylket med lågast andel sysselsette innanfor kunst og kultur, men andelen er høgare i 2024 enn den var i 2023.

I 2024 har det kome færre prosjektsøknader til berekraftige heilårs-opplevingar i reiselivet enn tidlegare. Berre 4 av 10 tiltenkte millionar er tildelt. Likevel er aktiviteten god i prosjektet "Opplev heile Møre og Romsdal - heile året". Tilskot til næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket har nådd målet om utviklingsarbeid for minst 10 mill. kroner. Tilskota har utløyst utviklingsarbeid for over 23 mill. kroner. Kystskogbruket er ikkje rekna inn i dette. I arbeidet med kartlegging for kunnskap og planverk om geologi og mineralressursar, vart feltarbeidet fullført i 2024, og analyser og rapportskriving pågår. Endeleg resultat kjem i 2025.

Campus Kristiansund vart formelt opna med opningsveke i november 2024, der fylkeskommunen gjennom si rolle i Campus Kristiansund Drift AS hadde ei viktig rolle. Fylkeskommunen har og arbeidd med utvikling av felles miljø mellom aktørane på Campus Kristiansund gjennom Campus Kristiansund Drift AS. Det har vore tilrettelagt for faglege og sosiale møteplassar, aktørar er kopla mot kvarandre, og kunnskap om Campus-miljøet er spreidd via strategisk SoME-arbeid, redaksjonell omtale og foredrag.

Fylkeskommunen har lukkast godt med å skaffe midlar til forsking og utvikling i fylket, og nådde målet om minst 50 mill. kroner frå regionale forskingsfond, Norges forskingsråd og Mobpro -prosjekt i 2024. Dette inkluderer også eigeninnsats.

Prosjektet Digi Møre og Romsdal har samarbeidd om, og gjort to felles anskaffingar på vegne av kommunane i 2024

Nær 97 prosent av husstandane i Møre og Romsdal hadde ved utgangen av 2023 breiband med kapasitet på minst 100 Mbits/s. Målet var minst 95 prosent. Tal for 2024 ligg enno ikkje føre, men situasjonen er allereie høgare enn forventa for 2024 og vi nærmar oss full dekning.

Innovasjonsarbeid for betre og billegare samferdselsløysingar har i 2024 skjedde mellom anna gjennom det fireårige FoU-prosjektet "Rehabilitering av lågtrafikkerte vegar" i regi av Sintef og NTNU. Det har og vore arbeidd med utvikling av ny mobilitetsplattform for kollektivtrafikken, samarbeid med Helsenorge om transportkjøp, og marknadsdialog og effektivisering av kontraktar.

Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane var i 2023 på nær 16,8 mrd. kroner. Ein metode for berekning av etterslepet er utvikla, og viser at det er behov for 500 mill. kroner meir til vedlikehald kvart år framover i budsjettperioden, i tillegg til det som allereie er lagt inn i budsjettet, berre for at etterslepet

ikkje skal auke. Kvalitet på utført arbeid i vegdriftskontraktane er på eit akseptabelt nivå, men målet er at det skal bli enno betre. 90 prosent av alle investeringsprosjekt på over 10 mill. kroner, vart gjennomført innanfor kostnadsrammene i 2024. Dette er bra, men målet er 100 prosent.

Av konkrete fysiske prosjekt kan det det trekkast fram at det i 2024 er arbeidd med bygging av ny Nerlandsøybru i Herøy kommune (ferdig i 2025), det er asfaltert om lag 87 km fylkesveg, bygging av rundkøyring inkludert gang- og sykkelvegar på Holamyra i Hustadvika kommune er starta opp og skredsikringsprosjektet Indreeidstunnelen på fv 63 i Stranda og Fjord kommunar vart opna i 2024 (har gitt trygg heilårsveg til Geiranger).

Attståande køyretøy på ferjesambanda var 0,3 prosent i 2024, som er eit god resultat. Regulariteten var noko dårlegare enn ønska, men likevel på 99,3 prosent og innanfor det akseptable. Det vart frakta i overkant av 4,5 mill. køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2024, ei auke på 2,5 prosent samanlikna med 2023. Det var byggjeaktivitet på ferjekaiene på Åfarnes, Sølsnes, Linge, Eidsdal, Voksa, Larsnes, Kvamsøy og Åram, samt prosjektering  for Dryna ferjekai og ferdigstilling av forsterking på Kvanne ferjekai. Regularitet for hurtigbåtrutene enda på 99,8 prosent i 2024, nøyaktig det same som målsettinga.

Det har vore arbeidd med den juridiske sida i kontraktane knytt til implementering og oppfølgingsrutine for å innføre Møre og Romsdal-modellen for seriøst arbeidsliv. På samferdselsområdet og i bygg- og eigedomsarbeid har det og vore arbeidd med oppfølging av HMS-regelverk. Dette medverkar til god kvalitet og gode arbeidsforhold.

Sluttrapport frå Klimasatsprosjektet "Plan for energistasjonar og ladepunkt" vart utarbeidd og lagt fram for politikarane våren 2024. Det er framleis ikkje tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet til å forsyne nye brukarar av energi, og til å få inn nye energiprodusentar. Det er god dialog med regionalnetteigarar og med Statnett i samband med transmisjonsnettet for å påverke nødvendig utbygging av dette.

## 5 Tvistar – usikker forplikting

Møre og Romsdal fylkeskommune har vurdert og svart ut sluttoppstilling med sluttfaktura knytt til ei driftskontrakt. Fylkeskommunen har reist motsegn mot størstedelen av sluttfakturaen på om lag 35 mill. kroner ekskl. mva. Leverandøren er gjennom vårt svar på sluttoppstillinga gjort kjent med våre motsegner, men leverandør har så langt ikkje svara ut dei motsegnene som er framsett frå fylkeskommunen si side. Med bakgrunn i rekneskapsreglane er fakturaen likevel utgiftsført i rekneskapen, sjølv om berre ein mindre del av fakturaen er betalt.

## 6 Likestilling, inkludering og mangfald

Tiltak som sikrar inkludering og deltaking for alle er prioritert av fylkeskommunen. Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta på ein likeverdig måte. Våre rådgivande utval; eldrerådet, ungdomspanelet og rådet for likestilling av

funksjonshemma er viktige for å lykkast med dette. Desse har jamlege møte gjennom året og gir råd til utviklinga av fylkeskommunen. Universell utforming skal ligge i botn for vårt tenestetilbod på alle fagområde.

For å møte krava til universell utforming av offentlege nettstadar og digitale løysingar, utarbeidde fylkeskommunen i 2023 tilgjengelegheitserklæring for nettsider knytt til fylkeskommunen. Vi har og gjennomført kurs for tilsette i universell utforming av dokument. Ved kjøp av nye digitale tenester og verktøy som fylkeskommunen har behov for, blir det stilt krav om universell utforming.

Fylkesplan for Møre og Romsdal er overordna plandokument for all regional utvikling. Likestilling, inkludering og universell utforming ligg implisitt i fleire av fylkesplanmåla for 2020-2024, til dømes: "Møre og Romsdal skal ha levende lokaldemokrati, der alle innbyggarar, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforming av sine lokalsamfunn".

All rekruttering til Møre og Romsdal Fylkeskommune skal legge vekt på likestilling mellom kjønn og mellom minoritetar og majoritetar i alle delar av organisasjonen.

Grunnlaget for vurdering i all rekruttering skal vere:

- Utdanning, kompetanse, erfaring, kjønn og mangfald, jf. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.
- Likestilling og mangfald skal være ein del av vurderinga ved samansetting av team og organisasjon.

I rekrutteringsprosessen blir ikkje enkeltgrupper nemnd særskilt, men ved utlysing av stillingar oppfordrar fylkeskommunen om at alle med relevant kompetanse er velkomne til å søke på alle stillingar. Leiarar med ansvar for rekruttering er også pålagt, og har ansvaret for, at all rekruttering er i tråd med krava i lova. Dette vert også poengtert ved tilsetting av nye leiarar.

Ved utgangen av 2024 var det i Møre og Romsdal fylkeskommune totalt 2 520 tilsette fordelt på 2 316 årsverk. Av desse var 1 562 kvinner (62 prosent) og 958 menn (38 prosent). Toppleiargruppa i fylkeskommunen, består av 5 kvinner og 5 menn. Kjønnsfordelinga leiande stillingar er på 58 prosent kvinner og 42 prosent menn.

Møre og Romsdal fylkeskommune kartlegg kvart år lønnsforhold etter kjønn. Resultatet av kartlegginga blir publisert i årsrapporten. Møre og Romsdal fylkeskommune har som målsetting at likt arbeid skal gi lik lønn uavhengig av kjønn.

Fylkeskommunen vedtok i 2023 ein handlingsplan for likestilling. I steg 1 inneheld planen innsatsområda, som vart anbefalt av Europakommisjonen og forskningsrådet. Kvart innsatsområde inneheld fleire delmål som konkretiserer og målrettar arbeidet med likestilling. Handlingsplanen vil i steg 2 vidareutviklast til å ta opp i seg alle områda som er nemnt i likestilling- og diskrimineringslova. Handlingsplan for likestilling skal sikre at alle arbeidstakarar skal ha like moglegheiter til arbeid, utvikling (fagleg og personleg), opplæring, avansement og lønnsvekst uavhengig av kjønn.

**HMS-system**

Arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS) inngår som ein del av den heilskaplege verksemdstyringa og kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen. Styrande dokument for HMS-arbeidet og dokumentasjon på korleis vi følgjer dette opp inngår i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem. Nytt kvalitetssystem vart tatt i bruk i 2023, og HMS-rammeverket er no implementert i dette.

Kvart år blir det utarbeidd ein eigen HMS-årsrapport. Rapporten vart behandla i «Leiinga sin gjennomgang» den 10.03.2025 og Hovudsamarbeidsutvalet (HSAMU). Rapporten vert offentleg tilgjengeleg.

## 7 Styring og kontroll

I samsvar med kommunelova har fylkeskommunedirektøren innretta verksemda på ein slik måte at den er underlagt forsvarleg styring og kontroll, derunder risikobasert til prioriteringar, på alle ansvarsområde. Det er etablert heilskapleg verksemdsstyring med nødvendige styrande prosessar, dokument og delegeringar med bakgrunn i organisasjonsstrategien og kvalitetspolitikken. I det daglege har kvar fagdirektør og stabssjef ansvar for å etablere og følge opp styringsprosessar og styrande dokument som sikrar etterleving av regelverk innafor sitt fag- og tenesteområde. Fylkeskommunedirektøren har regelmessige møte med toppleiargruppa, samt oppfølging med sine leiarar i tråd med styringsdokumentet om leiardialog.

Den heilskaplege verksemdsstyringa, som vart etablert gjennom «Program nye digitale arbeidsformer», ivaretek dimensjonane planlegging, utføring, kontroll og korrigering (sjå under i figuren) i tråd med ISO 9001:2015. I programmet var det sju prosjekt, som alle er ferdigstilt og i drift. Prosjekta hadde som felles mål å forbetre arbeids- og samhandlingsformene i heile organisasjonen, samt løyse lovpålagte krav knytt til internkontroll/eigenkontroll, informasjonssikkerheit og personvern, kommunikasjon, saksbehandling, arkiv og HR-prosessar.



Figur 7: Heilskapleg verksemdstyring

Figur 7 viser PUKK–hjulet som er den etablerte metodikken for kvalitetsarbeid og internkontroll. Heilskapleg verksemdstyring/kvalitetsleiing inneber å «gjere dei rette tinga» og «gjere tinga rett»:

- Styre/leie arbeidsprosessane i samsvar med gjeldande lover og forskrifter på ein slik måte at vi kan nå måla i den regionale planstrategien og FN sine berekraftsmål.
- Lage planar for å gjennomføre politiske vedtak og rapportere på disse.
- Følgje opp alle verksemdsområda fylkeskommunen har ansvar for ved å sjekke tilstand (eigenkontroll/intern kontroll), vurdere behov og forbetringar, risikovurdere kva som er viktigast og prioritere tiltak/korrigeringar.

Fylkeskommunedirektøren er opptatt av å følge opp anbefalingane frå kontrollutvalet på bakgrunn av dei undersøkingane og forvaltningsrevisjonane som er gjennomført i perioden.

For å gje betre oversikt over aktivitetane i den heilskaplege verksemdstyringa er det utvikla eit styringsårshjul der kvalitetsaktivitetar, internkontroll, planaktivitetar, økonomiaktivitetar og HMS-aktivitetar inngår. I verksemdstyringa er det lagt opp til tertialvis rapportering av økonomien i fylkeskommunen. Fylkesplanmåla med resultatmål og tilhøyrande måleindikatorar, vert rapportert tertialvis til administrasjonen og årleg til fylkestinget. Leiinga sin kvalitetsgjennomgang er etablert med tilhøyrande prosessar (i tråd med ISO 9001:2015) og blir gjennomført kvart år. Det er etablert eit eige fagnettverk for kvalitetsarbeid og internkontroll som har kopling til fylkeskommunen si plangruppe. Det er utarbeidd eigen internrevisjonsplan for MRFK på overordna nivå for 2024/25. Det er gjennomført internrevisjon for brannvern.

## 8 Etikk

FN sine berekraftmål utgjer det overordna rammeverket for utviklinga av Møre og Romsdal som region og for organisasjonen vår. Det er ein føresetnad for berekraftig utvikling at det er tilgang til rettsvern for alle, med velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle område. Møre og Romsdal fylkeskommune sin visjon og verdigrunnlag er den raude tråden og den etiske grunnmuren som skal sikre fylkeskommunen, som ein velfungerande, ansvarleg og inkluderande institusjon. Det etiske reglementet konkretiserer korleis medarbeidarane skal opptre for å handle på ein måte som sikrar god etisk praksis.

Felles refleksjon over praksis som involverer både politisk nivå og tilsette, er ein føresetnad for at visjonen og verdigrunnlaget skal bli ein del av vår organisasjonskultur. Våre leiarar skal legge til rette for at tilsette er kjent med, og har forstått, fylkeskommunen sitt etiske reglement. Leiarar har eit særleg ansvar for å tydeleggjere kva som er etisk forsvarleg åtferd, legge til rette for etisk refleksjon over praksis, og byggje ein kultur basert på openheit og tillit.

Med bakgrunn i fylkestinget sitt vedtak i sak om «Fylkeshuset AS sine kjøp av aksjar i R8Me – rapport» og organisasjonsstrategien vedtatt i oktober 2020, er det gjennomført ein samla revisjon av tidlegare etiske retningslinjer. Etter ein prosess som involverte toppleiargruppa og samarbeidsorgana med

tillitsvalde, vedtok fylkestinget i desember 2023 det som no har fått status som etisk reglement. Reglementet gjeld for alle leiarar og tilsette. Fylkeskommunedirektøren har utarbeidd tilhøyrande rutinar, som skal sikre etterleving av reglementet. Til støtte for implementeringa er det utarbeidd ei verktøykasse for etisk refleksjon som inneheld case for dilemmatrening knytt opp mot sentrale tema i reglementet. Reglementet med tilhøyrande rutinar og verktøykasse legg eit godt grunnlag for forståing av kva som er god etisk praksis. Introduksjon til det etiske reglementet blir gjort tilgjengeleg som e-læring. I tillegg er det i 2025 planlagt digitale kurs som vil inngå som ein del av Fylkesakademiets kurskatalog.

I april 2024 vedtok fylkestinget også etiske retningslinjer for folkevalde. I samband med behandling av saka vart det som ein del av folkevaldopplæringa gjennomført ei opplæringsøkt knytt til ytringsklima forankra i organisasjonsstrategien og dei nye etiske retningslinjene. Samfunnsutviklarrolla og samhandlinga mellom folkevalde og administrasjonen var også tema på denne folkevaldopplæringsdagen.

Ein god etisk standard på alt vi gjer er avgjerande for at dei som tek i mot våre tenester, eller som vi samarbeider med, skal ha tillit til oss.

## 9 Utfordringane framover

Møre og Romsdal fylkeskommune har store utfordringar i åra som kjem. Dei viktigaste utfordringane kan vi summere opp slik:

- **Demografiske endringar** pga. færre ungdommar i alderen 16-19 år gjer at fylkeskommunen vil få lågare overføringar frå staten. Etter ein midlertidig auke på 200 elevar hausten 2025 vil elevtalet gå ned med 1 700 elevar fram mot 2040. Demografiendringane vil også innebere at kampen om arbeidskrafta blir tøffare i åra som kjem.
- Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje store nok rammetilskot til å redusere, eller halde **vedlikehaldsetterslepet** på fylkesveg uendra (gjeld etterslep på asfalt, vegoppbygging, bruer og andre vegelement). Kartlegginga frå 2023 viser at det vil koste om lag 16,8 mrd. kroner å fjerne etterslepet.
- Rammetilskota for å etterleve **tunnelsikkerheitsforskrifta** er ikkje store nok. Utan ei auka nasjonal satsing på dette, så vil ikkje Møre og Romsdal vere ferdig med utbetringane før i 2050.
- Risiko knytt til **klimaendringar**, dvs. auka skredaktivitet (jordskred, flaumskred og sørpeskred).
- Nytt **inntektssystem** vart vedteke i 2023. Møre og Romsdal var eit av dei fylka som ikkje fekk redusert inntektsramme, men inntektssystemet skal evaluerast på nytt allereie i 2027. Det er uvisst kva dette vil bety for fylkeskommunen.
- **Rentekompensasjon** for Nordøyvegen på 80 mill. kroner, som Møre og Romsdal fylkeskommune mottar for 2024 og 2025, fell bort i 2026.
- På grunn av den høge lånegjelda er Møre og Romsdal fylkeskommunen spesielt utsett for endringar i **rentesatsen**. Sidan desember i 2023 har Norges Bank haldt styringsrenta stabilt på 4,5 prosent. Foreløpig signal er at det kan kome tre mogelege rentereduksjonar i 2025, men dette er høgst usikkert.
- Fylkeskommunen har slitt med **høg prisvekst på veg- og kollektivområdet** dei siste åra, som følgje av utviklinga i sentrale kostnadsindeksar. Dette er ei utvikling som gjeld heile landet.
- Krav om **nullutslepp i ferjedrifta** vart innført per 1.januar 2025. Det er framleis stor usikkerheit knytt til korleis finansieringa av dei resterande sambanda vil vere. Halvparten av fylkesvegferjesambanda i Møre og Romsdal har no miljøferjer. Kompensasjonen som

fylkeskommunen har mottatt knytt til dette, er langt under dei samla kostnadane. Det vil krevje store investeringar i infrastruktur for å få nullutslepp i dei siste 10 sambanda.

- Statlege føringar knytt til **rabattordningar for el-bilar,** kombinert med at talet på el-bilar aukar, har ført til at ferjeinntektene er kraftig svekka. Frå 2023 til 2024 gjekk dei gjennomsnittlege billettinntektene ned med 6 kroner per køyretøy.
- **Nye anbod for buss og båt i Møre og Romsdal har ein venta prisauke** knytt til krav om miljø, standardheving og auka sikkerheit. Denne prisauken er også høg nasjonalt. I tillegg vil det komme investeringskostnadar knytt til etablering av ladeinfrastruktur. For å oppnå kostnadsnøytralitet så må nye anbod til dømes bli lyst ut med ein lågare kilometer-produksjon enn tidlegare.
- Utviklinga i tannhelseområdet med **fleire pasientar** i gruppa av eldre, flyktningar og rusmiddelavhengige med lovfesta rettar, samt utvida grupper med krav på tannbehandling, gir eit auka press på tenestane vidare framover. Dette er delvis grupper med generelt større og meir kompliserte behandlingsbehov. Dei nye pasientane krev meir ressursar sett i samanheng med utviding av romkapasitet, talet på behandlarar og rekruttering av disse i åra som kjem.
- **Bygningsmassen** er i hovudsak i god teknisk stand. Likevel har enkelte skolebygg til dels store behov for opprusting.
- **Teknologiutvikling/digitalisering** krev nye arbeidsformer og nye verktøy.
- Dersom det vert innført **kredittrating** for kommunar/ fylkeskommunar, så vil gjeldshandtering, lav gjeld og god likviditet (nøkkeltal) påverke kredittvurderinga. Dette kan føre til auka rentesats på enkelte typar lån.

Molde, 17. mars 2025

Toril Hovdenak

Fylkeskommunedirektør

# Økonomirapportering drift

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Frie disponible inntekter** | | | | | |
| Rammetilskot | −4 123 700 | −4 226 928 | −4 160 847 | −66 081 | −1,6 % |
| Inntekt- og formuesskatt | −1 909 700 | −1 829 922 | −1 884 484 | 54 562 | 3,0 % |
| Andre generelle driftsinntekter | −62 400 | −106 149 | −124 335 | 18 186 | 17,1 % |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **−6 095 800** | **−6 162 999** | **−6 169 667** | **6 668** | **0,1 %** |

## Rammetilskot

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk om lag 4,161 mrd. kroner i rammetilskot, inkl. skatteutjamninga i 2024. Dette er om lag 66 mill. kroner lågare enn budsjettert og utgjer ein auke på om lag 262 mill. kroner frå året før. Mindreinntekta skuldast lågare skatteutjamning mot slutten av året enn føresett i

budsjettet. Budsjettet var basert på KS sin prognosemodell per 05.11.24. Lågare skatteutjamning har samanheng med skatteinngangen i Møre og Romsdal, sett i samanheng med skatteinngangen i resten av landet.

## Inntekt- og formuesskatt

Inntekt- og formuesskatt utgjorde om lag 1,884 mrd. kroner i 2024. Dette er om lag 54,6 mill. kroner høgare enn budsjettert. Naturressursskatten blir ført under andre generelle driftsinntekter og viser ein meirinntekt på om lag 9,9 mill. kroner. Totale meirinntekter knytt til skatt utgjer derfor om lag 64,5 mill. kroner i 2024.

## Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter utgjorde om lag 124,3 mill. kroner i 2024, som er ein auke på 18,25 mill. kroner samanlikna med budsjett.

Rentekompensasjonsmidlar knytt til fylkesvegnettet vart om lag 7,9 mill. kroner høgare enn budsjettert og rentekompensasjonsmidlar knytt til skolebygg vart 350 000 kroner høgare enn budsjettert. Dette skuldast auka rentesats i forhold til det som var lagt til grunn i budsjettet.

Naturressurskatten vert bokført under generelle driftsinntekter og viser ein meirinntekt på om lag 9,9 mill. kroner.  Sjå omtale under inntekts- og formuesskatt.

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter/-utgifter** | | | | | |
| Renteinntekter | −88 300 | −133 300 | −126 991 | −6 309 | −4,7 % |
| Utbytte | −2 500 | −3 750 | −3 750 | 0 | 0,0 % |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | 0 | 0 | −18 558 | 18 558 | 0,0 % |
| Renteutgifter | 402 100 | 402 100 | 396 030 | 6 070 | 1,5 % |
| Avdrag på lån | 363 000 | 384 486 | 384 694 | −208 | −0,1 % |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **674 300** | **649 536** | **631 426** | **18 110** | **−2,8 %** |

Netto finansutgifter viser ei mindreutgift på om lag 18,1 mill. kroner i 2024.

Mindreutgifta skriv seg frå følgande:

- I sum om lag 12,2 mill. kroner netto høgare generelle renteinntekter og avkastning på kapitalfondet enn budsjettert
- Om lag 6 mill. kroner lågare renteutgifter enn budsjettert
- 208 000 kroner meir i avdrag enn budsjettert

## Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Avsetnader og bruk av avsetnader** | | | | | |
| Overføring til investering | 266 000 | 309 750 | 309 750 | 0 | 0,0 % |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 0 | 155 689 | 86 225 | 69 464 | 44,6 % |
| Bruk av disposisjonsfond | −114 949 | −350 183 | −350 183 | 0 | 0,0 % |
| **Netto avsetnader** | **151 051** | **115 256** | **45 792** | **69 464** | **−60,3 %** |

Med bakgrunn i meirforbruk i 2024 er avsetting til disposisjonsfond stroke med om lag 69,5 mill. kroner.

# Finansrapport

## Bakgrunn

I samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning» (heretter kalla finansreglementet), som sist vart vedtatt av fylkestinget 06.12.2021, skal det rapporterast om finansforvaltninga til fylkestinget i samband med ordinær tertialrapportering per april og per august, og ved årsavslutninga.

### Status

Høg inflasjon og eit innstrammende rentenivå heldt fram med å legge ein dempar på vekstbiletet i den vestlege verda også gjennom 2024. Overordna sett har likevel dei vestlege økonomiane tolt det høge rentenivået betre enn dei fleste trudde. Det økonomiske aktivitetsnivået har halde seg overraskande godt, spesielt i USA, og trua på ei "myk landing" har gradvis festa seg. Samstundes har det vore periodevis stor usikkerheit og uro for ei markert økonomisk oppbremsing. Dette såg vi spesielt tidleg i haust, då svake amerikanske arbeidsmarknadstal sende aksjemarknaden inn i nokre turbulente dagar.

Usikkerheita har også ført til store svingingar i renteforventningane. Ved inngangen til 2024 prisa rentemarknaden inn til saman seks rentekutt her heime i løpet av året. Med fasit i hand veit vi at styringsrenta i realiteten blei liggjande urørt på 4,5 prosent. Hovudårsaka til at det første rentekuttet stadig har blitt skyvd på, er at det har gått relativt bra med norsk økonomi. Arbeidsløysa har halde seg låg, og veksten har vore betre enn venta. Bak dei overordna tala er det likevel store sprik mellom ulike næringar. Aktiviteten har vore særleg høg i petroleumssektoren og andre eksportnæringar, medan rentesensitive næringar som bygg og anlegg har hatt det tøft. Ein svak norsk krone har løfta aktivitetsnivået i eksportsektoren, men samstundes bidrege til å gjere kampen mot inflasjonen endå litt seigare. I 2024 svekka krona seg ytterlegare, med fem prosent mot euroen og heile tolv prosent mot amerikanske dollar.

Det internasjonale prispresset heldt fram med å avta, noko som etter kvart opna for rentekutt blant fleire av våre handelspartnarar. Den svenske sentralbanken var tidleg ute og leverte det første rentekuttet allereie i mai, etterfølgt av ytterlegare fire kutt i løpet av andre halvår. Den europeiske sentralbanken er også på god veg ned frå rentetoppen, med totalt fire rentekutt så langt. Også den amerikanske sentralbanken byrja i september på vegen mot eit lågare rentenivå, då dei noko overraskande leverte eit "dobbelkutt". Dette blei også følgt opp av ytterlegare to rentekutt på tampen av året. Eit interessant diskusjonstema for 2025 er kvar det "nøytrale" rentenivået ligg - altså det nivået som verken stimulerer til auka aktivitet eller bremsar økonomien. Dette nivået er ikkje observerbart, men vil samstundes vere avgjerande for kor mange rentekutt det blir. Norges Bank anslår at dette nivået ligg rundt 2,5-3,0 prosent, altså eit godt stykke under dagens styringsrente på 4,5 prosent.

For aksjemarknaden blei 2024 nok eit år med solid avkastning, der teknologiselskapa i USA heldt fram med å spele rolla som lokomotiv. Desse bidrog sterkt til at den breie amerikanske indeksen (S&P 500) steig i underkant av 25 prosent for andre året på rad. Etter den massive oppgangen utgjer amerikanske selskap no rundt 75 prosent av verdsindeksen.

Når vi står på terskelen til 2025, er det openbert fleire kjelder til usikkerheit. Nyheitsstraumen knytt til amerikansk politikk er blant faktorane som kan skape svingingar i dei internasjonale finansmarknadene i tida framover. Samstundes har vi ein vedvarande spent geopolitisk situasjon fleire stader i verda.

Den økonomiske aktiviteten både her heime og elles i Europa er likevel venta å ta seg gradvis opp, blant anna understøtta av betre kjøpekraft ute i hushaldningane. Norges Bank anslår at veksten i norsk fastlandsøkonomi vil stige frå 0,9 prosent i 2024 til 1,4 prosent i 2025. Samstundes er arbeidsløysa venta å halde seg på låge nivå.

**Styringsrenta** i Noreg er den renta som bankane får på sine innskot i Norges Bank opp til eit fastsett beløp – ein kvote.

Styringsrenta og forventningane om den framtidige utviklinga i styringsrenta påverkar i første rekke rentene mellom bankar og kva rentenivå bankane tilbyr på innskot og utlån til sine kundar.

Marknadsrentene påverkar i sin tur kronekursen, prisane på verdipapir, bustadsprisene og etterspørselen etter lån, forbruk og investeringar.

Styringsrenta frå Norges Bank kan også påverke forventningane til framtidig inflasjon og økonomisk utvikling. Endringar i styringsrenta verkar med andre ord styrande på mange viktige storleikar i økonomien, derav namnet styringsrente.

**3 mnd-Nibor** (Nibor med 3 månaders løpetid) er mykje brukt som referanserente i den profesjonelle marknaden. Dette gjeld både for utlån og innskot og på derivatområdet. For lån med knyting mot 3 mnd-Nibor betaler Møre og Romsdal fylkeskommune 3 mnd-Nibor + eit påslag, som lånerente. For innskot med knyting mot 3 mnd-Nibor mottar fylkeskommunen 3 mnd-Nibor + eit påslag, som innskotsrente. Påslaget for lån er høgare enn påslaget for innskot, slik at vi betaler meir for å låne enn vi får i innskotsrente.

Norges Bank si styringsrente er på 4,5 prosent per 31.12.24, medan 3 mnd-Nibor rente (marknadsrente) er på 4,68 prosent.

Tabell 1 nedanfor viser forventa 3 mnd-Nibor fram i tid (implisitte renter), basert på marknadsdata per 31.12.24.

| Indeks | Per 31.12.24 | Forventa om 1 år | Forventa om 2 år | Forventa om 3 år |
|---|---|---|---|---|
| NIBOR 3M | 4,68% | 3,95% | 3,79% | 3,72% |
| Endring | | -0,73% | -0,89% | -0,96% |

Tabell 1

## Gjeldsporteføljen

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement gir rammer for korleis gjeldsporteføljen skal forvaltast. Fylkeskommunedirektøren skal forvalte gjeldsporteføljen med dei avgrensingar reglementet legg på andelen til fast rente, gjennomsnittleg rentebindingstid på porteføljen og instrument som kan nyttast.

Møre og Romsdal fylkeskommune har per 31.12.24 ein renteeksponert gjeldsportefølje på om lag 10,026 mrd. kroner. Reknar vi med forskoteringar til veg på om lag 37,6 mill. kroner, utgjer den totale gjeldsporteføljen per 31.12.24, om lag 10,063 mrd. kroner.

Av renteeksponert gjeld på om lag 10,026 mrd. kroner, utgjer om lag 44 prosent fastrenteavtalar. Finansreglementet krev at minst 30 prosent av fylkeskommunale innlån skal vere til fast rente. Alle lån der rentebindingstida er kortare enn eitt år, blir å betrakte som lån med flytande rente, jf. finansreglementet pkt. 2.b.5. Heile 56 prosent av gjeldsporteføljen er flytande renteavtalar. Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt eksponert for endringar i rente ved endringar i marknadsrenta. Andel fastrentelån er auka frå 43 prosent per 31.12.23 til 44 prosent per 31.12.24.

Figur 1 under viser kakediagram over Møre og Romsdal fylkeskommune sin gjeldsportefølje med fordeling av fast og flytande rente i kroner og prosent.

| Fordeling | Saldo | Prosentvis av total |
|---|---|---|
| Rentebinding over 1 år (fastrente) | 4 454 954 181 | 44,43 % |
| Rentebinding under 1 år (flytende rente) | 5 570 945 548 | 55,57 % |
| SUM | 10 025 899 729 | 100,00 % |




Figur 1

Gjennomsnittleg vekta lånerente per 31.12.2024 er på 3,92 prosent. Renta har vore aukande det siste året, per 31.12.23 var gjennomsnittleg vekta lånerente på 3,87%.

Vekta gjennomsnittleg rentebindingstid er på 2,62 år. Gjeldande finansreglementet seier at vekta gjennomsnittleg rentebindingstid skal vere mellom 1 - 5 år.

### Gjeldsporteføljen fordelt på långivarar

Største långivar er Kommunalbanken som har ein andel på om lag 56 prosent. Nest største er KLP med om lag 14 prosent.

Tabell 2 under viser ei oversikt over Møre og Romsdal fylkeskommune sin gjeldsportefølje fordelt på långivarar i kroner og prosent.

| Långivar | Gjeld i kroner | Andel i % |
|---|---|---|
| Kommunalbanken | 5 577 507 171 | 55,6% |
| KLP | 1 394 100 848 | 13,9% |
| DNB | 1 300 000 000 | 13% |
| Danske Bank | 720 000 000 | 7,2% |
| SEB | 644 595 000 | 6,4% |
| Sparebank1 Markets | 353 696 710 | 3,5% |
| Andre (Seriana AS og Rofisk AS) | 36 000 000 | 0,4% |
| **TOTALT** | **10 025 899 729** | **100%** |

Tabell 2

Porteføljen inneheld ingen derivat.

## Spesifisert gjeldsportefølje

Tabell 3 under viser ein spesifikasjon over alle låna i porteføljen. Denne inneheld långivar, restgjeld per 31.12.24, rentevilkår og rentebindingstid.

| Långivar | Restgjeld per 31.12.24 | Rentevilkår | Fast/Flytande | Rentebindingstid |
|---|---|---|---|---|
| Kommunalbanken | 60 004 561 | 5,35% | Flytande | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 56 847 900 | 5,28% | Flytande/NIBOR | 30.01.25 |
| Kommunalbanken | 17 662 320 | 5,34% | Flytande/NIBOR | 02.01.25 |
| Kommunalbanken | 138 186 720 | 5,35% | Flytande | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 89 472 510 | 5,35% | Flytande | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 178 259 920 | 5,30% | Flytande/NIBOR | 24.02.25 |
| Kommunalbanken | 158 333 260 | 5,29% | Flytande/NIBOR | 03.03.25 |
| Kommunalbanken | 191 666 620 | 2,54% | Fast | 18.10.27 |
| Kommunalbanken | 163 203 340 | 5,20% | Flytande grøn NIBOR | 24.02.25 |
| Kommunalbanken | 108 715 000 | 2,63% | Under 1 år, vurd. flytande | 03.11.25 |
| Kommunalbanken | 204 640 040 | 2,72% | Fast | 30.11.28 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kommunalbanken | 133 333 300 | 2,36% | Fast | 02.07.29 |
| Kommunalbanken | 166 666 700 | 2,23% | Fast | 17.09.29 |
| Kommunalbanken | 250 000 000 | 2,16% | Under 1 år, vurd. flytande | 01.10.25 |
| Kommunalbanken | 79 430 000 | 5,35% | Flytande | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 333 333 630 | 1,35% | Fast | 27.05.30 |
| Kommunalbanken | 346 666 680 | 1,65% | Fast | 25.09.35 |
| Kommunalbanken | 149 240 000 | 1,69% | Fast | 30.11.32 |
| Kommunalbanken | 449 999 990 | 2,26% | Fast | 26.05.36 |
| Kommunalbanken | 360 000 010 | 1,93% | Fast | 25.08.36 |
| Kommunalbanken | 373 333 340 | 3,73% | Fast | 14.06.32 |
| Kommunalbanken | 96 371 340 | 5,25% | Flytande grøn p.t. | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 165 200 000 | 5,25% | Flytande grøn p.t. | 14 dagar |
| Kommunalbanken | 324 139 990 | 5,25% | Flytande grøn p.t. | 14 dagar |
| Kommunalbanken obl.lån | 232 800 000 | 4,61% | Fast | 09.11.28 |
| Kommunalbanken obl.lån | 450 000 000 | 4,16% | Fast | 27.09.28 |
| Kommunalbanken obl.lån | 300 000 000 | 4,47% | Fast | 04.06.31 |
| | | | | |
| KLP | 43 333 322 | 5,28% | Flytande/NIBOR | 27.01.25 |
| KLP | 19 825 990 | 5,33% | Flytande/NIBOR | 02.01.25 |
| KLP | 52 630 620 | 5,28% | Flytande/NIBOR | 17.03.25 |
| KLP | 129 073 326 | 5,28% | Flytande/NIBOR | 05.03.25 |
| KLP | 133 333 340 | 5,34% | Flytande/NIBOR | 01.01.25 |
| KLP | 220 000 000 | 5,32% | Flytande/NIBOR | 05.01.25 |
| KLP | 203 866 672 | 2,31% | Fast | 28.10.26 |
| KLP | 234 057 200 | 1,30% | Fast grønt lån | 07.07.27 |
| KLP | 289 349 999 | 2,24% | Fast | 13.10.31 |
| KLP | 68 630 379 | 5,19% | Flytande grønt lån | 01.02.25 |
| | | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Rofisk AS | 18 000 000 | 1% | Fast | 31.12.30 |
| Seriana AS | 18 000 000 | 1% | Fast | 31.12.30 |
| | | | | |
| Sertifikatlån SEB | 400 000 000 | 4,79% | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 17.01.25 |
| Sertifikatlån DNB | 450 000 000 | 4,81% | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 11.06.25 |
| Sertifikatlån DNB | 400 000 000 | 4,97% | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 04.03.25 |
| Sertifikatlån Sparebank 1 | 268 000 000 | 4,76% | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 16.09.25 |
| Sertifikatlån Sparebank 1 | 85 696 710 | 4,97% | Fast 12 mnd. (vurd. flytande) | 16.09.25 |
| | | | | |
| Obligasjonslån Danske Bank, FRN | 300 000 000 | 5,41% | Flytande/NIBOR | 28.01.25 |
| Obligasjonslån SEB, FRN | 244 595 000 | 5,40% | Flytande/NIBOR | 10.02.25 |
| Obligasjonslån Danske Bank, FRN | 420 000 000 | 5,04% | Flytande/NIBOR | 27.03.25 |
| Obligasjonslån DNB, FRN | 450 000 000 | 5,06% | Flytande/NIBOR | 20.03.25 |
| | | | | |
| **TOTALT** | **10 025 899 729** | | | |

Tabell 3

Årets budsjetterte låneopptak på om lag 701,631 mill. kroner er tatt opp som vist i tabell 4 under.

| **Låneopptak** | **Beløp** | **Rentevilkår per 31.12.24** | **Fast/ flytande** | **Rente-bindingstid** | **Note** |
|---|---|---|---|---|---|
| DNB - andel av sertifikatlån | 173 000 000 | 4,97% | 12-mnd. sertifikat-fast<br><br>frå 11.06.24 -11.06.25 | 11.06.25 | 1 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Forskotering frå Hustadvika kommune | 15 000 000 | 0% | Rentefri forskotering knytt til Holamyra | | 2 |
| Danske Bank - andel av FRN obligasjon | 145 000 000 | 5,04% | Flytande/<br><br>NIBOR | 27.03.25 | 3 |
| Kommunalbanken | 300 000 000 | 4,47% | Fastrente-obligasjon | 04.06.31 | 4 |
| KLP | 68 630 379 | 5,19% | Flytande<br><br>grøn NIBOR | 01.02.25 | 5 |
| **TOTALT** | **701 630 379** | | | | |

Tabell 4

1. I samband med refinansiering av eit sertifikatlån på 227 mill. kroner per 11.06.24, vart sertifikatlånet utvida med 173 mill. kroner til eit sertifikatlån på 400 mill. kroner. Lånet har rentesats 4,97 prosent til 11.06.25.
2. I sak T-16/23 "Rundkøyring fv. 64 Holamyra - søknad om forskottering" vedtok fylkestinget at Hustadvika kommune forskotterer fylkeskommunen sin del av prosjektet på 15 mill. kroner. Forskoteringa skal tilbakebetalast innan 7 år etter ferdigstilling av prosjektet seinast innan 31.12.31. Forskoteringa vil da bli refinansiert som eit ordinært lån.
3. I samband med refinansiering av eit sertifikatlån på 275 mill. kroner per 27.03.24, vart sertifikatlånet utvida med 145 mill. kroner og refinansiert som eit FRN obligasjons lån på 420 mill. kroner. Lånet har rentesats 5,04 prosent per 31.12.24.
4. Det vart tatt opp eit obligasjonslån hos Kommunalbanken med fast rente 4,465 prosent frå 04.06.24 til 04.06.31.
5. Det vart tatt eit flytande rente lån på 68,630 mill. kroner per 01.11.24. Lånet har grøn NIBOR rente som er 0,1 prosentpoeng lågare rente enn ordinær NIBOR rente. Lånet har rentesats 5,19 prosent per 31.12.24.

Låna i Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt løpar i 30 år etter opptak av låna, uavhengig av rentevilkår. Eit unntak er fastrenteobligasjonane hos Kommunalbanken på 232,8 mill. kroner med forfall 09.11.28, på 450 mill kroner med forfall 27.09.28 og 300 mill. kroner med forfall 04.06.31. Desse løpar til forfall utan avdrag og må refinansierast i sin heilheit da. Møre og Romsdal fylkeskommune betaler årlege avdrag som totalt samsvarer med utrekna minimumsavdrag.

**Sertifikatlån og obligasjonslån**

Når det gjeld dei fem sertifikatlåna er det ein refinansieringsrisiko knytt til desse. Låna må innfriast og refinansierast på dato for bindingstid. Dei utgjer per 31.12.24, 1,604 mrd. kroner dvs. 16 prosent av total gjeldsportefølje. I høve til finansreglementet kan lån med forfall inntil 12 månader fram i tid utgjere maksimalt 30 prosent av den samla gjeldsportefølje.

Det er også ein refinansieringsrisiko knytt til dei fire FRN-obligasjonslåna samt fastrenteobligasjonslåna i Kommunalbanken. Desse låna er utan avdrag og forfell på sluttdato for obligasjonen. Sertifikatlån og

obligasjonslån må sjåast i samanheng når det gjeld lån med forfall inntil 12 månadar fram i tid. Det første obligasjonslånet har forfall per 27.03.26.

**Andre låneopptak**

Når det gjeld lån i Kommunalbanken med restsaldo på 133,333 mill. kroner per 31.12.24 og utløp av fastrenteavtale per 02.07.2029, er dette eit lån knytt til Nordøyvegen der Ålesund kommune betaler årlege tilskot til dekning av faktiske renter og avdrag på lånet. Lånet utgjorde 160 mill. kroner ved opptak, forholdet er regulert i avtale av 09.06.17 og gjeld i heile lånet si løpetid.

Når det gjeld lån i Kommunalbanken med restsaldo på 166,667 mill. kroner per 31.12.24 og utløp av fastrenteavtale per 17.09.2029, er dette eit lån knytt til Nordøyvegen der Ålesund kommune betaler årlege tilskot til dekning av faktiske renter og avdrag på lånet. Lånet utgjorde 200 mill. kroner ved opptak, forholdet er regulert i avtale av 20.05.19 og gjeld i heile lånet sin løpetid.

Felles for begge desse låna, er at dei ikkje eksponerer fylkeskommunen for renterisiko.

**Oversikt over renterereguleringar på gjeldsporteføljen**

Tabell 5 nedanfor viser kor stor del av gjeldsporteføljen som har renteregulering kvart år. Om lag 57 prosent av låna vil få regulert renta i 2024, dvs. alle låna med flytande rente og dei fastrentelåna som har opphøyr av bindingstid i 2024.

| År | Restgjeld per 31.12.24 | Andel | Antall lån |
|---|---:|:---:|:---:|
| 2025 | 5 570 945 548 | 55,6% | 30 |
| 2026 | 203 866 672 | 2,0% | 1 |
| 2027 | 425 723 820 | 4,2% | 2 |
| 2028 | 887 440 040 | 8,9% | 3 |
| 2029 | 300 000 000 | 3,0% | 2 |
| 2030 | 369 333 630 | 3,7% | 3 |
| 2031 | 589 573 340 | 5,9% | 2 |
| 2032 | 522 573 340 | 5,2% | 2 |
| 2033 | 0 | 0,0% | 0 |
| 2034 | 0 | 0,0% | 0 |
| 2035 | 346 666 680 | 3,5% | 1 |
| 2036 | 810 000 000 | 8,1% | 2 |
| **TOTALT** | **10 025 899 729** | 100,0% | 48 |

Tabell 5

## Likviditetsforvaltning

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement gir rammer for korleis likviditetsbehaldninga skal forvaltast. Ledig likviditet er plassert i bank og pengemarknadsfond i samsvar med rammene i finansreglementet.

Tabell 6 nedanfor viser oversikt over plasseringar av likviditet, saldo per 31.12.24, avkastning i kroner, avkastning i prosent i 2024 samt bindingstid.

| PLASSERINGAR LIKVIDITET | | Saldo per 31.12.24 | Avkastning i kr i 2024 | Avkastning i % i 2024 | Bindingstid |
|---|---|---|---|---|---|
| DNB konsernkonto | Innskot hovudbank | 755 528 393 | 70 107 858 | 5,20% | Flytande |
| Sparebank 1 SMN | Innskot | 942 678 006 | 52 374 321 | 5,24% | 31 dagar |
| KLP banken | Innskot | 27 857 054 | 1 232 255 | 4,63% | 31 dagar |
| Alfred Berg Likviditet | Pengemarknadsfond | 29 546 684 | 1 453 109 | 5,17% | Flytande |
| DNB Likviditet 20 | Pengemarknadsfond | 29 394 781 | 1 453 589 | 5,20% | Flytande |
| Holberg OMF | Pengemarknadsfond | 27 604 937 | 1 375 535 | 5,24% | Flytande |
| Pluss Likviditet II | Pengemarknadsfond | 67 986 813 | 3 461 518 | 5,36% | Flytande |
| **TOTALT** | | **1 880 596 668** | **131 458 185** | **5,21%** | |

Tabell 6

Vår referanserente har vore 3-mnd NIBOR med kvartalsvis kapitalisering. Referanserenta utgjorde 4,74 prosent i 2024, som er vesentleg lågare enn vår gjennomsnittlege vekta avkastning på 5,21 prosent.

I Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement er det lagt til grunn følgjande avkastningsmål når det gjeld likviditetsforvaltning:

Avkastningsmålet skal vere minimum den avkastninga Møre og Romsdal fylkeskommune har på sin hovudbankavtale.

Avkastninga på hovudbankavtalen for 2024 utgjorde 5,20 prosent. Gjennomsnittleg vekta avkastning for likviditetsforvaltninga utgjorde 5,21prosent.

## Langsiktig finansielle aktiva – Kapitalfondet

Kapitalfondet er delt i ein del for kortsiktige aktiva og ein del for langsiktige aktiva.

Oslo Børs hovudindeks starta på 1307,06 den 02.01.24. Lågaste notering i 2024 var 8. februar på 1236,59. Per 31.12.24 utgjorde Oslo Børs hovudindeks 1425,05.

I Møre og Romsdal fylkeskommune sitt finansreglement er det lagt til grunn følgjande avkastningsmål når det gjeld kapitalfondet:

*«Avkastningsmålet på den langsiktige delen av kapitalfondet skal minimum vere den avkastning Møre og Romsdal fylkeskommune har på sin bankavtale, pluss 2 prosentpoeng.»*

Avkastning på hovudbankavtalen utgjorde 5,20 prosent i 2024. Avkastningsmål utgjer derfor 7,20 prosentpoeng for 2024. Faktisk gjennomsnittleg vekta avkastning på den langsiktige delen av kapitalfondet var på 10,89 prosent i 2024.

Tabell 7 nedanfor viser fordeling av kapitalfondet på ulike aktivaklasser med behaldningsverdi per 01.01.24 og 31.12.24, avkastning for 2024 i kroner og avkastning for 2024 i prosent, samt indeks for 2024.

**KORTSIKTIGE AKTIVA:**

| | Behaldnings-verdi Pr. 01.01.24 | Behaldnings-verdi Pr. 31.12.24 | Avkastning siste månad | Avkastning hittil i år | Avkastning hittil i år % | Indeks hittil i år | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bankinnskot i Sparebank 1 SMN | 2 864 641 | 3 101 465 | 13 340 | 138 287 | 5,20 % | 4,74 % | |
| **SUM KORTSIKTIGE AKTIVA** | 2 864 641 | 3 101 465 | 13 340 | 138 287 | | | |

**LANGSIKTIGE AKTIVA:**

| | Behaldnings-verdi Pr. 01.01.24 | Behaldnings-verdi Pr. 31.12.24 | Avkastning siste månad | Avkastning hittil i år | Avkastning hittil i år % | Indeks hittil i år | Andel av porteføljen pr. 31.12 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **AKTIVAKL. 1: Norske og utanlandske aksjefond** | | | | | | | |
| Storebrand Aksje Innland | 11 584 432 | 9 794 006 | -180 549 | 1 209 574 | 10,81 % | 9,06 % | |
| Storebrand Norge Fossilfri | 2 380 640 | 2 690 629 | -57 716 | 309 989 | 13,02 % | 11,28 % | |
| Delphi Global | 11 216 573 | 12 038 119 | -89 321 | 4 321 546 | 44,07 % | 32,71 % | |
| Div aksjefond SBM Innland | 10 557 377 | 9 218 869 | -219 126 | 1 146 886 | 10,80 % | 9,06 % | |
| Div aksjefond SBM Global | 10 894 732 | 11 110 428 | -20 009 | 2 719 145 | 26,93 % | 29,30 % | |
| **SUM AKTIVAKLASSE 1** | 46 633 754 | 44 852 051 | -566 721 | 9 707 140 | | | 29 % |
| **AKTIVAKL. 2: Obligasjonar/obligasjonsfond** | | | | | | | |
| Aktiv Forvaltning SBM | 17 773 986 | 15 719 390 | -1 139 | 503 083 | 3,67 % | 2,08 % | |
| **SUM AKTIVAKLASSE 2** | 17 773 986 | 15 719 390 | -1 139 | 503 083 | | | 10 % |
| **AKTIVAKL. 3: Særinnskot i bank/sertifikat/ pengemarknadsfond** | | | | | | | |
| Bankinnskot i Sparebanken Møre | 1 940 771 | 3 194 860 | 22 786 | 213 950 | 4,79 % | 4,74 % | |
| Aktiv Forvaltning SBM | 86 687 222 | 92 553 322 | 532 292 | 6 242 012 | 6,85 % | 4,74 % | |
| **SUM AKTIVAKLASSE 3** | 88 627 993 | 95 748 182 | 555 078 | 6 455 962 | | | 61 % |
| **SUM LANGSIKTIGE AKTIVA** | 153 035 733 | 156 319 623 | -12 782 | 16 666 185 | 10,89 % | | 100 % |
| **SUM KAPITALFOND** | 155 900 374 | 159 421 088 | 558 | 16 804 472 | 10,78 % | | |

Tabell 7

Per 31.12.24 er andel av porteføljen fordelt på dei ulike aktivaklassar innafor avgrensingane i finansreglementet.

Tabell 8 nedanfor viser rammene for minimum, maksimum og nøytral eksponering jf. finansreglementet, samt Møre og Romsdal fylkeskommune sin faktiske eksponering per 31.12.24.

| **Aktivaklasse** | **Minimum** | **Maksimum** | **Nøytral** | **Eksponering per 31.12.24** |
|---|---|---|---|---|
| Norske og utanlandske aksjefond | 10 % | 30 % | 20 % | 30 % |
| Av dette: | | | | |
| Norske aksjefond | 0 % | 30 % | 12,50 % | 16 % |
| Utanlandske aksjefond | 0 % | 15 % | 7,50 % | 14 % |
| Norske obligasjonar/obligasjonsfond | 10 % | 50 % | 30 % | 12 % |
| Særinnskot i bank/sertifikat/pengemarknadsfond | 30 % | 70 % | 50 % | 58 % |

Tabell 8

## Stresstest

Eit uttrykk for den faktiske risiko i Møre og Romsdal fylkeskommune sin portefølje er den verdiendring som kjem fram ved gjennomføring av ein såkalla stresstest. Stresstesten er eit verktøy for å måle tapspotensialet i porteføljen dersom gitte føresetnader slår til. Finanstilsynet sitt rundskriv 30/2001 beskriv standardiserte minimumskrav som ein slik stresstest må innehalde for å oppfylle nødvendige krav til målinga av marknadsrisiko. Vi ser på utfall som ut i frå erfaring kan oppstå statistisk sett ein til to gangar i tiåret. Finanstilsynet anbefaler følgjande føresetnader for ein stresstest:

- Eit fall i hovudindeksen ved Oslo Børs på 30 prosent.
- Eit fall på 20 prosent på tilsvarande indeksar i den internasjonale marknaden.
- Ein renteauke på 2 prosent i den norske marknaden.
- Dersom det er nødvendig skal testen også omfatte ei vurdering av valutarisiko.

Stresstesten i tabell 9 nedanfor tar for seg det verst tenkelege scenario. Nemleg at renta stig samtidig som aksjekursane fell og endrar seg negativt. Dette medfører eit mogleg tap på 122,2 mill. kroner, gitt same verdi på aktiva og passiva som per 31.12.24. Stresstesten føresett dessutan at vi har maksimal durasjon (renteløpetid) på heile renteporteføljen og at berre 30 prosent av gjelda har fast rente. Stresstesten føresett også at vi er maksimalt eksponert i obligasjonsmarknaden og i aksjemarknaden, jf. finansreglementet.

(i mill.kroner)

| Aktiva/passiva | Balanse % | Balanse MNOK | Endrings parameter | Durasjon | Utrekna tap |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjeld med flytande rente | 70 % | 7 018 | 2 % | | -140,4 |
| Gjeld med fast rente | 30 % | 3 008 | 2 % | | 0,0 |
| **Finanspassiva** | **100 %** | **10 026** | | | **-140,4** |
| Kortsiktig likviditet, flytande rente | 100 % | 1 884 | 2 % | | 37,7 |
| Kortsiktig likviditet, fast rente | 0 % | 0 | 2 % | | 0,0 |
| **Kortsiktig likviditet** | **100 %** | **1 884** | 2 % | | **37,7** |
| **Netto gjeld og kortsiktig likviditet** | | | | | **-102,7** |
| Pengemarknad | 30 % | 47 | 2 % | 1 | -0,9 |
| Obligasjonar/obligasjonsfond | 40 % | 63 | 2 % | 3,50 | -4,4 |
| Norske aksjar | 30 % | 47 | -30 % | | -14,1 |
| Utanlandske aksjar | 0 % | 0 | -20 % | | 0,0 |
| Netto valutaposisjon | | 0 | -20 % | | 0,0 |
| **Langsiktig aktiva** | **100 %** | **157** | | | **-19,5** |
| **Samla finansaktiva** | | **2 041** | | | |
| **Mogleg tap vil utgjere** | | | | | **-122,2** |

Tabell 9

Dersom stresstesten baserer seg på faktisk fordeling mellom fast og flytande gjeld, faktisk fordeling når det gjeld langsiktige aktiva, samt faktisk durasjon pr. 31.12.24 vil eit mogleg tap utgjere 93,5 mill. kroner, sjå tabell 10 nedanfor.

(i mill.kroner)

| Aktiva/passiva | Balanse % | Balanse MNOK | Endrings parameter | Durasjon | Utrekna tap |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjeld med flytande rente | 57 % | 5 715 | 2 % | | -114,3 |
| Gjeld med fast rente | 43 % | 4 311 | 2 % | | 0,0 |
| **Finanspassiva** | **100 %** | **10 026** | | | **-114,3** |
| Kortsiktig likviditet, flytande rente | 100 % | 1 884 | 2 % | | 37,7 |
| Kortsiktig likviditet, fast rente | 0 % | 0 | 2 % | | 0,0 |
| **Kortsiktig likviditet** | **100 %** | **1 884** | 2 % | | **37,7** |
| **Netto gjeld og kortsiktig likviditet** | | | | | **-76,6** |
| Pengemarknad | 61 % | 96 | 2 % | 0,25 | -0,5 |
| Obligasjonar/obligasjonsfond | 10 % | 16 | 2 % | 1,79 | -0,6 |
| Norske aksjar | 14 % | 22 | -30 % | | -6,6 |
| Utanlandske aksjar | 15 % | 23 | -20 % | | -4,6 |
| Netto valutaposisjon | | 23 | -20 % | | -4,6 |
| **Langsiktig aktiva** | **100 %** | **157** | | | **-16,9** |
| **Samla finansaktiva** | | **2 041** | | | |
| **Mogleg tap vil utgjere** | | | | | **-93,5** |

Tabell 10

Møre og Romsdal fylkeskommune har per i dag disposisjonsfond som er tilstrekkelege til å dekke moglege tap som kjem fram i begge stresstestane over.

**Gjeld med rentekompensasjon**

Staten kompenserer ein del av renteutgiftene knytt til nybygg og utbetring av skolebygg og investeringar i fylkesvegar. Tilskotta er basert på låneramme og rentesats fastsett av staten. Grunnlaget for utrekninga utgjorde per 31.12.24, 81 mill. kroner i skolebygg og 784 mill. kroner i fylkesvegar, totalt 865 mill. kroner tilsvarande 9 prosent av total gjeld.

Møre og Romsdal fylkeskommune har budsjettert med rentekompensasjonsinntekter på 3,9 mill. kroner for skolebygg og 23,5 mill. kroner for investeringar i fylkesvegar, totalt 27,4 mill. kroner i 2024. Utrekning og utbetaling skjer i desember kvart år. Rentekompensasjonsmidlar for 2024 vart om lag 8,2 mill. kroner høgare enn budsjettert, da vi fekk innbetalt om lag 4,2 mill. kroner i rentekompensasjonsmidlar skolebygg og 31,4 mill. kroner i rentekompensasjonsmidlar fylkesvegar.

Det moglege tapet i stresstesten over blir redusert som følgje av rentekompensasjonen, men ikkje slik at ein vanlegvis kan seie at renterisikoen blir heilt eliminert for desse midlane. Når det gjeld 2024, fekk fylkeskommunen utbetalt rentekompensasjon tilsvarande 4,12 prosent av grunnlaget. For første gang er utbetalt rentekompensasjon høgare enn gjennomsnittlige vekta lånerente på fylkeskommunen sine lån. Fylkeskommunen sin gjennomsnittlege vekta lånerente har variert gjennom året frå 3,91 prosent per 31.01.24 til høgaste på 3,99 prosent per 31.08.24. Per 31.12.24 utgjorde gjennomsnittleg vekta lånerente 3,92 prosent.

Stresstest utført jf. faktisk eksponering per 31.12.23 viste eit mogleg tap på 86,8 mill. kroner, som har blitt auka til om lag 93,5 mill. kroner per 31.12.24. Dette skuldast ein kombinasjon av at gjelda har auka og at kortsiktig likviditet er redusert.

## Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar til den faktiske aktiva og passiva forvaltninga

Risikoen både på aktiva og passiva forvaltninga er vurdert til å vere moderat.

Møre og Romsdal fylkeskommune si finansforvaltning skjer innanfor rammene gitt i gjeldande finansreglement per 31.12.23, jf. sak T-100/21 «Revisjon av reglement for finans- og gjeldsforvaltning», både når det gjeld kortsiktig likviditet, langsiktige finansielle aktiva og gjeldsforvaltning.

Fylkestinget gjorde i sak T-71/16 Grøn finansforvaltning følgande vedtak:

*«Fylkeskommunen skal prioritere å plassere midler i grønne obligasjoner, der disse oppfyller fylkeskommunen sine vanlige rating-krav til obligasjoner.»*

Vi har informert våre forvaltarar om fylkestinget sitt vedtak og dei arbeider derfor fortløpande med å finne investeringar som oppfyller krava. Gjennom aktiv forvaltningsavtale med Sparebanken Møre har vi per 31.12.24 investert 37,5 mill. kroner i ulike grøne FRN-obligasjonar (obligasjonar med variabel rente med tilknyting til 3-mnd. NIBOR) og om lag 1,8 mill. kroner i aksjefondet Storebrand Global Solution, som består av dei selskapa som Storebrand meiner er mest berekraftige innan sine bransjar. Gjennom aktiv forvaltningsavtale med Storebrand har vi investert 2 mill. kroner i aksjefondet Storebrand Norge Fossilfri. Samla marknadsverdi på dei grøne investeringane utgjer om lag 27 prosent av den langsiktige delen av kapitalfondet per 31.12.24.

Møre og Romsdal fylkeskommune har per 31.12.24 seks lån, totalt om lag 1,052 mrd. kroner som er kvalifisert til grøn rente:

| Långivar | Restgjeld per 31.12.24 | Formål |
|---|---:|---|
| Kommunalbanken | 163 203 340 | Nybygg Romsdal vgs. |
| Kommunalbanken | 96 371 340 | Tilpassing til batteridrift/miljøvenlege fartøy, Spjelkavik Arena samt Undervisningsfjøs på Gjermundnes vgs. |
| Kommunalbanken | 165 200 000 | Gang- og sykkelvegar på Nordøyvegen. |
| KLP | 234 057 200 | Tilpassing til batteridrift/miljøvenlege fartøy. |
| KLP | 324 139 990 | Spjelkavik Arena, Gjermundnes vgs undervisningsfjøs, ladeinfrastruktur Indre Sunnmørspakken og gang og sykkelvegar Nerlandsøybrua, Vindøla-Røv samt knytt til rundkøyring i Sykkylven. |
| KLP | 68 630 379 | Spjelkavik Arena, ladeinfrastruktur Indre Sunnmørspakken |
| **TOTALT** | **1 051 602 249** | |

Tabell 11

Alle desse låna har 0,10 prosentpoeng lågare rente enn ordinære rentevilkår og utgjer til saman 10,5 prosent av total renteberande gjeld per 31.12.24.

Møre og Romsdal fylkeskommune har betalt 208 000 kroner lågare avdrag i 2024 enn berekna minimumsavdrag. Ifølge kommunelova skal det utgiftsførast avdrag tilsvarande berekna minimumsavdrag uavhengig av om betaling har skjedd. Det er derfor utgiftsført 208 000. kroner meir i avdrag enn budsjettert beløp i 2024. Betaling vil skje i 2025.

# Organisasjon- og tenesteutvikling

## Slik er vi organisert

### Organisasjonskart




Organisasjonskart for Møre og Romsdal fylkeskommune

### Leiargruppa til fylkeskommunedirektøren

- Toril Hovdenak, fylkeskommunedirektør
- Gunn Randi Seime, ass.fylkeskommunedirektør
- Erik Brekken, kompetanse- og næringsdirektør
- Jesper Wiig, samferdselsdirektør
- Heidi- Iren Wedlog Olsen, kulturdirektør
- Tone Nord, fylkestannlege
- Torgeir Haukebø, bygg- og eigedomssjef
- Dag Lervik, organisasjonssjef
- Finn Lervik, juridisk sjef
- Inger Johanne Moene, kommunikasjonssjef

Du kan lese meir om fylkeskommunen som organisasjon på mrfylke.no

## Tilsette og årsverk i tal

Ved slutten av 2024 hadde fylkeskommunen 2509 tilsette og 2295 årsverk.

### Tal på årsverk

| 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|
| 2203 | 2385 | 2408 | 2427 | 2462 | 2295 |

Tabellen inneheld alle lønnsaktive årsverk per 31.12.24. Dette betyr at både fast tilsette, vikarar, lærlingar, traineear og engasjerte er med i oversikta.

### Tal på tilsette

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 1487 | 1565 | 1607 | 1610 | 1653 | 1548 |
| **Menn** | 958 | 1062 | 1088 | 1046 | 1022 | 961 |
| **Totalt** | 2445 | 2627 | 2695 | 2656 | 2675 | 2509 |

### Tal på tilsette i deltidsstillingar

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 516 | 535 | 514 | 515 | 510 | 473 |
| **Menn** | 199 | 224 | 217 | 198 | 169 | 171 |
| **Totalt** | 715 | 759 | 731 | 713 | 679 | 616 |

Talet på tilsette i deltidsstillingar har gått ned frå 715 til 616 sidan 2019.

### Tal på mellombels tilsette

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 167 | 176 | 158 | 82 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Menn** | 168 | 164 | 92 | 68 |
| **Totalt** | 335 | 340 | 250 | 150 |

## Kjønnsfordeling i dei ulike sektorane

| | Skolane | Tannhelse | Fag-og stabsavdelingar | Heile fylkeskommunen |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 61 % | 90 % | 53 % | 62 % |
| **Menn** | 39 % | 10 % | 47 % | 38 % |

## Kvinner og menn i leiande stillingar (tilsette)

| | Rektor / ass. rektor | Mellomleiarar skole | Mellomleiarar | Toppleiargruppa | Heile fylkeskommunen |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 46 % | 65 % | 59 % | 50 % | 58 % |
| **Menn** | 54 % | 35 % | 41 % | 50 % | 42 % |

## Gjennomsnittsalder på tilsette

| | Skolane | Tannhelse | Fag- og stabsavdeling | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 49 år | 46 år | 49 år | 49 år |
| **Menn** | 50 år | 41 år | 48 år | 49 år |
| **Alle** | 49 år | 46 år | 49 år | 49 år |

## Sjukefråvær

| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5,5 % | 5,5 % | 5,2 % | 5,5 % | 5,8 % | 5,5 % | 5,6 % | 6,8 % | 6,4 % | 6,7 % |

### Sjukefråvær i ulike aldersgrupper fordelt på kjønn

| | 0-29 år | 30-39 år | 40-49 år | 50-59 år | 60 år og over |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 6,7 % | 9,5 % | 7,4 % | 7,9 % | 8,5 % |
| **Menn** | 4,2 % | 3,7 % | 4,0 % | 4,5 % | 6,6 % |
| **Totalt** | 5,8 % | 7,3 % | 6,1 % | 6,6 % | 7,5 % |

### Gjennomsnitt tal på veker foreldrepermisjon

| | Tal på veker |
|---|---|
| **Kvinner** | 14 |
| **Menn** | 10 |

### Gjennomsnittleg årsløn i fylkeskommunen

| | Kapittel 3 | Kapittel 4 | Kapittel 5 | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | 967 639 | 645 752 | 781 650 | 692 943 |
| **Menn** | 1 003 128 | 668 491 | 776 316 | 721 845 |
| **Alle** | 982 413 | 654 026 | 779 249 | 704 013 |

## Organisasjonsutvikling

### Omstilling av organisasjonen

Med 2500 tilsette fordelt på lokasjonar i heile fylket, er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i Møre og Romsdal.

### Organisasjonsstrategi

Organisasjonsstrategien er den felles plattforma vår for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget og nå måla i den regionale planstrategien og fylkesplan. Grunna den krevjande

økonomiske situasjonen med omfattande innsparingstiltak vart ikkje organisasjonskonferansen gjennomført i 2024. Konferansen brukar å samle nærare 300 leiarar, verneomboda og tillitsvalde der organisasjonsutvikling, arbeidsmiljø og felles kulturbygging er gjennomgåande tema.

## Organisasjonsutvikling

For å følge opp organisasjonsstrategien og styrke digitaliseringa i organisasjonen, er «Program for nye digitale samhandlings- og arbeidsformer» gjennomført. Programmet vart avslutta ved utgangen av 2024 og besto av sju prosjekt som er direkte knytt til utvikling og digitalisering av viktig infrastruktur og sentrale arbeidsprosessar for medarbeidarar i og brukarar av fylkeskommunen. Programmet har omfatta desse prosjekta:

- Retningslinjer for informasjonsforvalting og lagring
- Revisjon av kommunikasjons- og kanalstrategi
- Nytt intranett og nettsideutvikling
- Sak – og arkivsystem
- Kvalitetssystem
- Verksemdstyringssystem
- Heilskapleg digital HR-løysing

I 2023 vart det inngått avtalar om nye digitale støttesystem knytt til prosjekta og i 2024 har desse nye systema blitt implementert. Teknisk infrastruktur og opplæring i nye arbeidsprosessar og verktøy, har hatt stort fokus dei to siste åra. For å sikre forankring og nå alle målgrupper, har opplæringa blitt gjennomført både gjennom:

- Fylkesakademiet si fredagsopplæring
- kurs for superbrukarar og andre brukarar

Oppfølging av undersøkingar knytt til verksemdstyring og intern kontroll, og informasjonssikkerheit og personvern er sett i nær samanheng med programmet. Det er utvikla ein modell for heilskapleg verksemdstyring og kvalitetsarbeid i samsvar med kommunelova § 25-1. Fylkeskommunen har no eit sertifiserbart kvalitetssystem etter ISO standard 9001. Du kan lese meir om internkontroll i årsmeldinga.

ei siste par åra har det vore auka samarbeid mellom fylkeskommunane på ei rekkje viktige område, og spesielt knytt til digital utvikling. I den samanheng deltek fylkeskommunane i kollegie- og nettverkstruktur for å strukturere og styrke samarbeidet. Både internt i eigen organisasjon og inn mot det nasjonale samarbeidet er det innført behovsstyring inn mot felles digitaliseringsprosjekt. Novari IKS har fått ei sentral rolle i digitaliseringssamarbeidet mellom fylkeskommunane. Fylkeskommunen er også deltakar i det regionale digitaliseringarbeidet gjennom Digi Møre og Romsdal.

Andre sentrale organisasjonsutviklingsprosessar som har vore gjennomført i 2024:

- Gjennom behandlinga av økonomiplan med årsbudsjett er det er gjennomført omstillingstiltak som inneber nedbemanning. Fag- og stabsavdelingane er redusert med om lag 46 årsverk frå 31.12.23 til 31.12.24. Bemanninga ved dei vidaregåande skolane er i same periode redusert med 91 årsverk
- Etablering av fylkeskommunale arbeidsplassar ved Campus Kristiansund har blitt sett på som eit viktig grep for å utvikle eksisterande og nye fagmiljø i Kristiansund og på Nordmøre. I oktober

2024 kunne vi markere innflytting i nye flotte lokale der fylkeskommunen er representert med om lag 50 tilsette frå fag- og stabsavdelingane. Dette fagmiljøet er samlokalisert med Fagskolen Møre og Romsdal og ein ny kompetanseklinikk. Organisasjonsutviklingsprosessen «Vegen til Campus» har vore forankra i fylkeskommunen sitt verdigrunnlag som ein «lærande organisasjon kjenneteikna av verdiskapande samarbeid og tillit». Fylkeskommunen ønsker å vere noko meir enn ein leigetakar. Vi skal vere samskapar og tydeleg medspelar for regional utvikling.

- Både ved NMK og inn mot etableringa av Campus Kristiansund er det lagt vekt på ei fysisk utforming av arbeidslokala som skal gi god arealutnytting og fremme nye arbeidsformer med vekt på tverrfagleg samarbeid. Tilsvarande prosess med arbeidsplassutforming blir no også gjennomført ved fylkeshuset i Molde. Det nye arbeidsplasskonseptet inneber fritt plassval, bookingløysing og "clean desk".
- Frå 01.01.24 er alt reinhaldspersonalet i fylkeskommunen overført frå dei vidaregåande skolane til avdeling for bygg- og eigedomsdrift. Dette inneber ca. 80 reinhaldarar (72 årsverk) no er samla under felles leiing. Prosjektet fastsette ny organisering, ansvarsforhold og leiarstruktur for reinhaldstenestene. Prosjektet såg også på korleis ein kan løyse skolane sitt behov for sekundærtenester.
- Kulturområdet har fastsett ny organisasjonsmodell for å tilpasse drifta betre til oppgåvene og strammare økonomiske rammer. Dette inneber færre seksjonar og leiarar.
- Fellestenesta ved fylkeshuskvartalet vart frå 01.01.25 verksemdoverdratt frå fylkeskommunen til Fylkeshuset AS. Fylkeshuset AS er ansvarleg utleigar og gjer avtalar med leigetakarane. Vurderinga er at selskapet sjølv er best rusta til å ta ansvaret for å drifte og utvikle Fellestenesta som tenesteleverandør i samsvar med leigetakarane sine behov. Det inneber at alle oppgåvene Fellestenesta har levert til Fylkeshuset AS, og som inngår i husleieavtalane eller andre standard avtalar Fylkeshuset AS har med leigetakarane, no er overført til Fylkeshuset AS og blir ein del av selskapet si verksemd og ansvar.
- Det er etablerte eit tettare samarbeid mellom Tingvoll vidaregåande skole og Sunndal vidaregåande skole. Skolane har felles rektor.

Fylkesakademiet (sektorovergripande opplæring) har ei sentral rolle for heve kompetansen blant tilsette i fylkeskommunen. I 2024 var opplæring og vidareutvikling av digitale ferdigheiter eit prioritert område. Dette innebar opplæring i nye digitale verktøy som ble tatt i bruk i løpet av året samt vidareutvikling av ferdigheiter i bruk av verktøy som allereie er i bruk.

I tillegg til digital utvikling har det blitt jobba med å forbetre introduksjonsprogrammet for nytilsette. Det blei utarbeida eit digitalt introduksjonsprogram nytilsette skal gjennomføre og det er oppretta ei eiga informasjonside på Innsida med informasjon spesielt retta mot nytilsette.
Jobben med å vidareutvikle introduksjonsprogrammet vil fortsette inn i 2024.

## Prosjektarenaen og tenesteutvikling

Fylkeskommunen har bygd opp kompetanse på prosjekt og prosessarbeid internt. Gjennom Prosjektarenaen er det tilrettelagt ein felles møteplass for samarbeid, utvikling og kompetansebygging på tvers av stabane, fag- og tenesteområda.

Evalueringar frå både fysiske og digitale samlingar og prosessar er veldig gode. Det har vore mange interne aktivitetar, men også mange med eksterne deltakarar.

I 2023 har ytterlegare 45 tilsette fullført Prosjektarenaen sitt eige prosessleiarkurs med svært gode evalueringsresultat.

Innafor kurs og opplæring har det i 2024 vore fokus på oppfølgingsaktivitetar for tidlegare kursdeltakarar på Prosjektarenaen sitt eige prosessleiarkurs. Det vart og starta opp ei kursgruppe med nye deltakarar hausten 2024 som er ferdig i mars 2025. Det har vidare vore arbeidd med å utvikle eit tilpassa prosessleiarkurs for leiargrupper som skal gjennomførast ved to skolar i 2025.

Porteføljestyring for dei store samfunnsutviklingsprosjekta og -programma, er sett på hald. Det har vore meir fokus på internt samarbeid om felles mål i handlingsprogrammet. På digitaliseringsområdet har det vore arbeidd systematisk med å innføre felles behovsmeldingsprosess som grunnlag for porteføljestyring på digitalisering. Det har også vore fokus på kunstig intelligens. Mellom anna har det vore utvikla retningslinjer for tilsette, utvikling og beslutning av KI-prinsipp og det vart starta opp eit pilotprosjekt på Copliot for M365. Piloten vert avslutta i 2025, der ein sluttrapport vil gje tilrådingar for vidare arbeid.

## HMS

HMS-arbeidet og arbeidsmiljøet var i 2024 prega av utviklingsarbeid innan kvalitetsleiing, standardisering av prosessar, samt implementering av kvalitetssystemet i fylkeskommunen.

Vi har prioritert lovpålagt HMS-opplæring for verneombod, AMU-medlemmar og leiarar, samt opplæring i bruk av stoffkartotek og handtering av kjemikaliar og vald og truslar. I tillegg har vi prioritert oppbygging av HMS prosessar og avvikskategoriar i det nye kvalitetssystemet.

## Rekruttering

I 2024 rekrutterte fylkeskommunen 98 nye tilsette. Av desse var 54 faste ansatte og 44 var tilsette i midlertidige stillingar/vikariat.

I tillegg har elleve lærlingar starta i fylkeskommunen i 2024.

Tala inkluderer tilsette som har starta i arbeid hos fylkeskommunen i 2024 da tilsetting gjeld frå tidspunktet vedkommande trer til i stillinga.

## Lønsutvikling

I 2024 er det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i alle kapittel i HTA, jf. kriteria i lønspolitisk plan. Forhandlingsklimaet med organisasjonane blir opplevd som godt.

I dei lokale lønnsforhandlingane for tilsette i kapittel 4 vart det einigheit med alle organisasjonar med unntak av Utdanningsforbundet, som gjekk til brot. Tvisten blir behandla av KS og Utdanningsforbundet sentralt, og resultatet frå den sentrale behandlinga var ikkje kjent før årsskiftet.

For alle forhandlingar har partane halde seg innanfor totalramma for lønnsutvikling i 2024, som var på 5,2 %.

## Partsamarbeid

Fylkeskommunen legg vekt på gode samarbeidsforhold mellom partane i organisasjonen. Det er etablert mange møteplassar for informasjon, drøfting og samarbeid på ulike nivå i organisasjonen. Hovudsamarbeidsutvalet er arena for partane sentralt i fylkeskommunen, og fungerer som både drøftingsarena og arbeidsmiljøutval for heile verksemda. I tillegg blir tillitsvalde og verneombod inviterte

til å delta på viktige møteplassar som læringsnettverk, kompetansetiltak og i arbeidsgrupper for organisasjonsutvikling, jamfør intensjonane i Hovudavtalen.

# Politikk

## Politiske møte i 2024

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er fylkestinget.

- Det vart gjennomført fire (10 møtedagar) fylkestingssamlingar i 2024. Her vart det behandla til saman 52 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 16 møtedagar og behandla 139 saker.

I tillegg har det vore orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har tre hovudutval, ei plannemnd og seks rådgivande utval.

| Utval | Tal på medlemmar | Leiar i utvalet | Møte | Saker |
|---|---|---|---|---|
| Fylkestinget | 47 | Anders Riise (H) | 4 | 52 |
| Fylkesutvalet | 13 | Anders Riise (H) | 16 | 139 |
| Klagenemnda | 13 | Anders Riise (H) | 6 | 16 |
| Kontrollutvalet | 5 | Fredric Holen Bjørdal (Ap) | 8 | 61 |
| Samferdselsutvalet | 13 | Hans Olav Myklebust (FrP) | 10 | 56 |
| Kompetanse- og næringsutvalet | 13 | Geir Asle Stenseth (FrP) | 10 | 92 |
| Kultur- og folkehelseutvalet | 13 | Jessica Gärtner (H) | 9 | 58 |

| | Tal på representantar | Leiar |
|---|---|---|
| Ungdommens fylkesting | | Magnus Smørdal |
| Ungdomspanelet | 9 | Magnus Smørdal |
| Fagskolestyret | 9 | Geir Asle Stenseth (FrP) |
| Eldrerådet | 7 | Bengt Gustav Eriksson (PFMR) |

| | | |
|---|---|---|
| Rådet for personar med nedsett funksjonsevne | 8 | Hanne Notøy (Ap) |
| Utbyggingsutval for bygg og vegsaker | 5 | Harry Valderhaug (KrF) |
| Yrkesopplæringsnemnda | 10 | Kari Hoset Ansnes (LO) |

## Politikarane våre

### Fylkesordførar Anders Riise

Anders Riise (H) vart vald som fylkesordførar hausten 2023.



Fylkesordførar Anders Riise (H), foto: Per-Kristian Bratteng

## Politisk organisering

# Politisk organisering Møre og Romsdal fylkeskommune



## Medlemmar av fylkestinget 2023 -2027

| Namn | Parti |
|---|---|
| Frank Sve | FrP |
| Geir Asle Stenseth | FrP |
| Anne Marie Fiksdal | FrP |
| Hans Olav Myklebust | FrP |
| Inger Lise Nerland Skogstad | FrP |
| Gro Anita Sve | FrP |
| Knut Erik Engh | FrP |
| Joakim Myklebust Tangen | FrP |
| Lovise Nikoline Voldsund | FrP |
| Håkon Lykkebø Strand | FrP |
| Monica Molvær | H |
| Anders Riise | H |
| Trygve Grydeland | H |
| Leif Bjarne Ersnes | H |
| Lene Vadseth Larsgård | H |
| Bente Bruun | H |
| Carl-Henrik Myrseth Moltumyr | H |
| Jessica Gärtner | H |
| Torgeir Dahl | H |
| Line Hatmosø Hoem | Ap |
| Geir Ove Leite | Ap |
| Hanne Notøy | Ap |
| Erling Vestre | Ap |
| Eirin Andersen Gravem | Ap |
| Jens Einar Aklestad | Ap |
| Hege Merethe Gagnat | Ap |
| Fredric Holen Bjørdal | Ap |
| Per Ivar Lied | Sp |

| | |
|---|---|
| Tove Henøen | Sp |
| Henrik Stensønes | Sp |
| Dordi Boksasp Lerum | Sp |
| Lisa Alvestad | Sp |
| Harry Valderhaug | KrF |
| Randi Walderhaug Frisvoll | KrF |
| Victoria Smenes | KrF |
| Yvonne Wold | SV |
| Marit Aklestad | SV |
| Anders Lindbeck | SV |
| Pål Farstad | V |
| Lena Landsverk Sande | V |
| Nils Olav Moen | INP |
| Bjarne Kvalsvik | KDL |
| Jonas Nilsen | MDG |
| Stig Anders Ohrvik | NML |
| Hans Kjetil Knutsen | Sunml |
| Finn Arne Follestad | uavh. |
| Silje Alise Ness | uavh. |

## Ung medverknad

## Ungdommens fylkesting (UFT)

UFT er ungdommane sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom frå 13 og 19 år med folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal.

Kommunane i Møre og Romsdal blir invitert til å sende to til tre delegatar til ungdommens fylkesting. Kommunar større enn 20 000 innbyggarar får sende tre delegatar. Desse blir valt av sine ungdomsråd. Ungdomspanelet inviterer i tillegg inntil ti delegatar frå organisasjonar som representerer ungdom til UFT.

Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i korleis dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement.

Ei viktig oppgåve for UFT er å lage strategidokument for ungdomspanelet, UFT sitt arbeidsutval med faste møte gjennom heile året.

### Ungdomspanelet

Under Ungdommens fylkesting blir det innstilt nytt ungdomspanel (UP). Ungdomspanelet har ni faste og fem varamedlemmar. Medlemane blir formelt valt av fylkestinget.

Ungdomspanelet har hatt 10 møte i 2024. Møta blei arrangert over heile fylket og dei har behandla totalt 56 saker. I tillegg til eigen møteverksemd har Ungdomspanelet deltatt aktivt i ei rekke forskjellige møte, fylkeskommunale prosjekt, grupper, forskjellige samarbeid, konferansar og hovudutvalsmøte. Ungdommens fylkesting vart arrangert i mars.

### Ungdomspanelet 2023/2024

- Magnus Smørdal, leiar
- Iver Aarebrot, nestleiar
- Ida Fjerstad, medlem
- Kasper Dalhaug, medlem
- Kristine Hildre Dimmen, medlem
- Linda Mordal, medlem
- Lisa Marie Nikolaisen Roald, medlem
- Mads Ødegaard Harstad, medlem
- Nikola Bileska, vara
- Ola Fredriksen Orset, vara
- Kenni Dogbey, vara
- Noah Arntsen, vara
- Nora Brevik, vara
- Rikke Frilund, vara

## Klimarekneskap 2024

### Innleiing

Noreg har forplikta seg til Parisavtalen, og Møre og Romsdal må også bidra med å få ned dei norske klimagassutsleppa. Klimabudsjett og klimarekneskap hjelper oss å halde oversikt over utsleppa våre, kvar vi må kutte og kva effekt ulike klimatiltak har.

Møre og Romsdal fylkeskommune bruker klimarekneskap og klimabudsjett som styringsverktøy. På same måten som den økonomiske rekneskapen er eit hjelpemiddel til å vise den økonomiske

situasjonen og utviklinga i fylkeskommunen, viser klimarekneskapen korleis klimagassutsleppa har utvikla seg i et historisk perspektiv. Og på same måte som det økonomiske budsjettet er ein plan for korleis økonomien skal sjå ut i framtida, innanfor ein gitt tidshorisont, er klimabudsjettet ein plan for klimagassutsleppa våre i framtida.

Eit klimarekneskap skal presentere dei samla utsleppa i form av CO2-ekvivalentar [CO2e]. Målet er å kartlegge dei viktigaste kjeldene og drivarane bak klimagassutsleppa. Då kan ein finne og iverksette tiltak retta mot dei mest sentrale utsleppskjeldene. Klimarekneskapen skal vise om vi klarer å følge opp tiltaka som er beskrive i klimabudsjettet.

Det meste av klimagassane som er sloppe ut i atmosfæren på grunn av menneskeleg aktivitet kjem frå forbrenning av kull, olje og gass. I tillegg bidrar mellom anna avskoging og arealendringar, industrielle utslepp og husdyrhald til klimagassutslepp. For Møre og Romsdal fylkeskommune sin del er store delar av utsleppa knytt til energibruk, dvs. drivstoff i kollektivtransporten og vegdrift, straum til vegdrift og straum og fjernvarme til lys og varme i bygningane våre.

Årsrapporten inneheld klimarekneskapen til Møre og Romsdal fylkeskommune si verksemd, og for Møre og Romsdal fylke som eit geografisk område. For verksemda hentar vi utsleppstala frå avdelingane og Miljøfyrtårnrapporteringa for 2024. For det geografiske området Møre og Romsdal får vi tala frå Miljødirektoratet, dei nyaste tala er frå 2023.

Årsrapporten inneheld oppsummering av rapporten "Klimarekneskap og miljøfyrtårnrapportering 2024". Den fullstendige rapporten følgjer som vedlegg til sak om "Rekneskap med resultatvurdering og årsmelding for 2024".

**Det er viktig å vere klar over at kartlegging av utsleppa våre er ein pågåande prosess og omfanget vil bli utvida etter kvart som tal blir tilgjengelege. Det fører til at det ikkje vil vere mogleg å samanlikne frå år til år, men tala vil gradvis gi eit meir korrekt bilde av utsleppa knytt til verksemda vår.**

## Om klimarekneskapen

I dag er GHG-protokollen den mest brukte og anerkjente globale standarden for rapportering av klimagassutslepp. Iht GHG-protokollen skal utsleppa delast inn i tre kategoriar; scope 1, 2 og 3. Verksemder skal rapportere på scope 1 og 2 i følgje GHG-protokollen, medan scope 3 er valfri.

Tabell 1 Innhald i scopa i følgje GHG-protokollen.

| | ***Verksemder og organisasjonar*** (side 25) | ***Byar og lokalsamfunn*** (side 11) |
|---|---|---|
| **Scope 1 direkte utslepp** | Direkte utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer.<br><br>*Eksempel: utslepp frå køyretøy og kjelar (utslepp frå forbrenning av biomasse skal ikkje inngå i scope 1)* | Utslepp frå kjelder innafor bygrensa. |

| | | |
|---|---|---|
| **Scope 2 indirekte utslepp** | Utslepp frå produksjon av elektrisitet som verksemda kjøper. | Utslepp frå energiproduksjon som konsekvens av forbruk av nettbasert elektrisitet, varme eller kjøling innafor bygrensa. |
| **Scope 3 Indirekte utslepp** | Alle andre indirekte utslepp som er ein konsekvens av verksemdas aktivitet og som kjem frå kjelder som verksemda ikkje eig eller kontrollerer.<br><br>*Eksempel: utvinning og produksjon av innkjøpte materialar, transport av innkjøpt brensel/drivstoff og bruk av produkt og tenester.* | Alle andre utslepp utafor bygrensa som er ein konsekvens av aktivitet innafor bygrensa. |




Figur 1 Inndeling i scopes etter GHG-protokollen. Kjelde: [Corporate Value Chain (Scope3) Accounting and Reporting Standard]

Scope 3 blir delt inn i 15 kategoriar:

**Oppstraums aktivitetar** (indirekte utslepp knytt til kjøpte varer og tenester)

1 Innkjøp av varer og tenester

2 Anleggsmiddel

3 Drivstoff- og energirelaterte utslepp som ikkje er inkludert i scope 1 eller scope 2

4 Innkjøpte transport- og distribusjonstenester

5 Avfallshandtering

6 Tenestereiser

7 Tilsettes pendling til og frå jobb

8 Leige av lokale og/eller utstyr

**Nedstraums aktivitetar** (Indirekte utslepp knytt til selde varer og tenester)

9 Nedstraums transport og distribusjon

10 Prosessering av selde produkt

11 Bruk av selde produkt

12 Slutthandtering av selde produkt

13 Utleige av lokale og/eller utstyr

14 Franchiser

15 Investeringar

Kategorien *15 Investeringar* gjeld for investorar som bankar og finansinstitusjonar.

## Nytt i klimarekneskapen frå 2024

Det er mange som ikkje har noko forhold til kva klimagassutslepp i tonn CO2e eigentleg tyder og sidan det meste av klimagassutsleppa er knytt til energibruk har vi i 2024 valt å også presentere energibruken i verksemda for å gi eit betre bilde av kva vi bruker energi på. Energibruken er rapportert i liter og kWh, det er einingar dei fleste av oss har betre kjennskap til enn CO2e. Det blir òg lettare å sjå kor det er mogleg å spare energi og dermed kutte klimagassutslepp.

Nytt for 2024 er at vi har fått med tal for klimagassutslepp knytt til nokre byggeprosjekt og samferdsleprosjekt. Dette gjeld dei største investeringsprosjekta, der har vi sett krav til

klimagassrapportering i kontraktane. I tillegg har vi starta jobben med å systematisere dei indirekte utsleppa i scope 3 etter inndelinga i GHG-protokollen.

## Klimarekneskap for verksemda (2024)

Vi har relativt gode historiske tal for scope 1 og 2 i verksemda, desse tala er presentert i tidlegare klimagassrekneskap. I tillegg har vi hatt med avfall og tenestereiser som eigentleg sorterer inn under scope 3, men desse utsleppskjeldene har historisk sett ikkje vore meir enn ein prosent av totalen. Når vi tidlegare har presentert klimarekneskapen som ein graf er det scope 1 og 2 (inklusive avfall og tenestereiser) som er utgangspunktet og som målbana har tatt utgangspunkt i.

Figuren under viser at dei totale utsleppa for scope 1 og 2 (eksklusive avfall og tenestereiser) i 2024 var på 60 626 tonn $CO_2$-ekvivalentar.

Med dei planlagde tiltaka for å fase inn fossilfrie ferjer og bussar vil dei direkte utsleppa frå verksemda bli redusert med meir enn 55 prosent.

I framskrivinga ligg allereie vedtatt tiltak innan elektrifisering av ferjer og nullutsleppsbussar (rutepakke 1-6). I tiltaksbana ligg rutepakke 7-8, som har oppstart i perioden 2026-2027. Dei ligg i tiltaksbana sidan dei ikkje er vedtatt.




Figur 2 Klimagassutslepp frå verksemda. Linjediagrammet viser utsleppa frå scope 1 og 2. Stolpediagrammet viser utsleppa i 2024 fordelt på scope 1, 2 og3.

I 2024 har vi fått inn meir dokumentasjon for utsleppa våre under scope 3, sjå kap. *Scope 3 – indirekte utslepp*. Tala vi presenterer er langt frå komplette. Investeringsprosjekta står for store utslepp, men tala for kvart prosjekt er ikkje komplette og vi har heller ikkje med alle prosjekta. I kategorien innkjøp av varer og tenester har vi berre med materiale til vegdrift, i tillegg til byggeprosjekt og samferdsleprosjekt. Sjølv om tala er såpass mangelfulle, viser klimarekneskapen at dei utgjer nær 25 prosent av dei totale utsleppa vi har kartlagt, sjå stolpen i figuren over.

## Scope 1 - direkte utslepp

Nokre fylkeskommunar vel å definere utslepp frå kollektivtransporten under scope 3 då det er innkjøpte tenester. Møre og Romsdal fylkeskommune har valt å legge det inn under scope 1 då det er fylkeskommunen som sett utsleppskrav til køyretøy/fartøy og krav til rutetabellar og på den måten spelar ei viktig rolle kor store utsleppa vil bli. På same måten har vi valt å legge entreprenør sine vegdriftsbilar inn under scope 1. Sistnemnte burde kan hende ha vore kategorisert under scope 3.

Tabell 2 Scope 1, direkte utslepp frå verksemda i 2024.

| **Scope 1 - direkte utslepp**<br><br>**Bruk av fossil energi i 2024** | **Drivstoff**<br><br>**[liter]** | **Energi**<br><br>**[kWh]** | **Utslepp**<br><br>**[tonn CO2e]** |
|---|---:|---:|---:|
| Fossildrivne ferjer | 10 056 378 | 102 884 483 | 26 750 |
| Fossildrivne bussar | 6 248 598 | 63 927 964 | 16 621 |
| Fossildrivne hurtigbåtar | 4 626 134 | 47 328 909 | 12 306 |
| Fossildrivne tenestebilar vegavdelinga | 57 119 | 583 783 | 152 |
| Fossildrivne vegdriftsbilar (entreprenør sine bilar) | 1 372 436 | 14 041 080 | 4 263 |
| Fossildrivne tunge køyretøy ifm undervisning | 42 285 | 432 605 | 112 |
| Fossildrivne anleggsmaskiner og motorreiskap ifm undervisning | 15 819 | 161 013 | 42 |
| Fossildrivne fartøy ifm undervisning | 6 416 | 58 500 | 15 |
| Fossildrivne bilar i skulane og sentraladministrasjonen | 22 637 | 229 919 | 60 |
| Oljekjel videregåande skular | 1 500 | 3 810 | 4 |
| **SUM** | **22 449 322** | **229 652 066** | **60 324** |

## Scope 2 – indirekte utslepp

Som med all anna rapportering på klimagassutslepp må ein ta stilling til kva utsleppsfaktor som skal bli brukt når ein gjer berekning av klimagassutsleppet frå elektrisitet. For elektrisitet det vanleg å skilje mellom lokasjonsbasert metode (fysisk perspektiv) og marknadsbasert metode. I lokasjonsbasert metode blir utsleppsfaktoren berekna basert på dei faktiske utsleppa knytt til produksjon av den straumen som forbrukaren får i stikkontakten sin. I marknadsbasert metode tar ein utgangspunkt i ordninga med opprinnelsesgarantiar. Dersom ein forbrukar kjøper straum utan opprinnelsesgaranti skal han bruke utsleppsfaktoren som blir berekna på den straumen som er igjen etter at opprinnelsesgarantiane er selt. I Noreg blir denne utsleppsfaktoren høg fordi det meste av opprinnelsesgarantiane blir selt til utanlandske forbrukarar. Det betyr marknadsmessig at norsk vatnkraft blir erstatta av ein miks av fossil energi.

Her presenterer vi klimagassutslepp frå straumbruken vår med begge metodane; lokasjonsbasert, marknadsbasert:

- For lokasjonsbasert metode brukar vi utsleppsfaktoren 29 g CO2e/kWh for 2024, som er henta frå Electricity Maps, for prisområde NO3 Midt-Noreg.
- For marknadsbasert metode brukar vi varedeklarasjonen frå NVE. Sist oppdaterte tal er frå 2023 og er på 599 g CO2e/kWh.

Vidare i klimarekneskapen brukar vi utsleppstala vi får fram med lokasjonsbasert metode.

For fjernvarme har vi brukt utsleppsfaktorar frå fjernkontrollen.no. Der Fjernkontrollen manglar utsleppsfaktorar har vi brukt den som Miljøfyrtårn brukar, dvs. 74 g CO2e/kWh. Tidlegare år har vi berre brukt utsleppsfaktoren frå Miljøfyrtårn.

Tabell 3 Scope 2, indirekte utslepp frå verksemda i 2024.

| **Scope 2 - indirekte utslepp (straum og fjernvarme)**<br><br>**Bruk av straum i 2024** | **Energi**<br><br>**[kWh]** | **Utslepp**<br><br>**[tonn CO2e]**<br><br>**Lokasjon** | **Utslepp**<br><br>**[tonn CO2e]**<br><br>**Marknad** |
|---|---:|---:|---:|
| Administrasjonsbygg | 3 434 584 | 100 | 2 057 |
| Tannklinikkar | 531 233 | 15 | 318 |
| Vidaregåande skular | 19 057 807 | 553 | 11 416 |
| Diverse | 1 777 843 | 52 | 1 065 |
| Straum til vegdrift (intensivbelysning, gatelys, veglys, toalett, tunnel, trafikktellepunkt, annet) | 13 100 000 | 380 | 7 847 |
| Eldrivne ferjer | 43 201 293 | 1 253 | 25 878 |
| Eldrivne bussar | 3 344 729 | 97 | 2 003 |
| Eldrivne hurtigbåtar | 0 | 0 | 0 |
| Eldrivne tenestebilar vegavdelinga | 2 869 | 0 | 2 |
| Eldrivne vegdriftsbilar (entreprenør sine bilar) | 9 627 | 0 | 6 |
| Eldrivne bilar i skulane og sentraladministrasjonen | 3 369 | 0 | 2 |
| Fjernvarme vidaregåande skular | 4 395 103 | 96 | 96 |
| **SUM** | **88 858 456** | **2 545** | **50 689** |

Det er førebels ingen hurtigbåtar på straum.

Møre og Romsdal fylkeskommune har solcellar på 5 bygg; Fagerlia, Gjermundnes og Hustadvika vidaregåande skule, Spjelkavik Arena og Bussdepot Kristiansund. Tabellen under viser kor mykje straum dei produserte i 2024. For Spjelkavik Arena manglar vi tal. Produksjonen er 0,1 prosent av forbruket.

Tabell 4 Straumproduksjon frå solcellar.

| **Produksjon [kWh/år]** | **2024** |
|---|---|
| Fagerlia VGS | 10 081 |
| Gjermundnes VGS | 20 442 |
| Hustadvika VGS | 15 385 |
| Spjelkavik Arena | 0 |
| Bussdepot Kristiansund | 74 616 |
| **SUM** | **120 524** |

## Scope 3 – indirekte utslepp

I klimarekneskapen for 2024 har vi retta meir merksemd mot dei indirekte utsleppa frå verksemda enn tidlegare og begynt å kategorisere desse etter GHG-protokollen.

Vi har med tal for 4 av dei 15 kategoriane som inngår i scope 3 iht. GHG-prokollen:

1. Innkjøp av varer og tenester
2. Avfallshandtering
3. Tenestereiser
4. Tilsettes pendling til og frå jobb

Vi gjer merksam på at tala ikkje fangar opp all aktivitet innanfor dei einskilde kategoriane. I kategorien tenestereiser har vi også telt med elevane sine utanlandsreiser i samband med undervisning.

Tabell 5 Scope 3, indirekte utslepp frå verksemda i 2024.

| | **Scope 3 - indirekte utslepp** | **Utslepp [tonn CO2e]** |
|---|---|---|
| 1 | Investeringsprosjekt | 11 722 |
| 1 | Materiale til vegdrift: salt, sand/grus og asfalt | 4 429 |
| 5 | Avfall | 13 |
| 6 | Tenestereiser | 1 074 |
| 7 | Tilsettes pendling til og frå jobb | 2 000 |
| | **SUM** | **19 238** |

## Status klimatiltak

Tabellen under viser status på tiltaka som var beskrive i klimabudsjett 2024-2027.

| Utslepssektor | Nr. | Klimatiltak | Ansvar | Reduserte utslepp [tonn $CO_2e$] 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Status v/årsrapport 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Scope 1 - Direkte utslepp, kvantifiserbar | | | | | | | |
| Sjøfart | 1 | * Overgang til elektriske ferjer | Samferdsel | Ligg i framskrivinga | | | | |
| Vegtrafikk | 2 | * Overgang til elektriske bussar, rutepk. 1-2 | Samferdsel | Ligg i framskrivinga | | | | |
| Vegtrafikk | 3 | * Overgang til elektriske bussar, rutepk. 3-6 | Samferdsel | | | 1280 | 7539 | |
| Vegtrafikk | 4 | * Eldrivne tenestebilar i fylkesvegavdelinga | Samferdsel | 60 | 60 | 60 | 60 | |
| | SUM | | | 60 | 60 | 1340 | 7599 | |
| | Scope 1 - Direkte utslepp, ikkje kvantifiserbar | | | | | | | |
| Sjøfart | 5 | * Undervisningsfartøy | KON (kompe | Ikkje berekna | | | | |
| Vegtrafikk | 6 | * Utskifting av køyretøysparken på skulane | KON (kompe | Ikkje berekna | | | | |
| Vegtrafikk | 7 | Samordning av transportkjøp | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | |
| Sjøfart/vegtrafik | 8 | Forskingsprosjekt på samferdselsområdet | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | |
| | 9 | Gjenbruk i FRAM sine nye kontraktar | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | |
| | SUM | | | | | | | |
| | Scope 2 - Indirekte utslepp, energi ikkje kvantifiserbar | | | | | | | |
| Energiforsyning | 10 | *Redusere energibruken i eigne bygg | BYE | Ikkje berekna | | | | I 2024 var forbruket 85,3 kWh/kvm i elektrisitet, 105 kWh/kvm inkl. fjernvarme. I 2023 var forbruket 87 kWh/kvm i elektrisitet, 107 kWh/kvm inkl. fjernvarme. I 2022 var forbruket 90 kWh/kvm i elektrisitet, 109 kWh/kvm inkl. fjernvarme. Forbruket er ikkje justert for varierande årstemperaturar. |
| Energiforsyning | 11 | Redusere klimagassutsleppa frå eigne bygg | BYE | Ikkje berekna | | | | Energibruken i bygga er den parameteren som påverkar mest i høve til utslepp frå bygningsmassen i drift. Det jobbast med eit grensesnitt for å synligjere energibruk og klimagassutlepp for bygningsmassen. |
| | SUM | | | | | | | |
| | Scope 3 - Indirekte utslepp, ikkje kvantifiserbar | | | | | | | |
| Avfall og avlaup | 12 | *Miljøstasjonar på alle skulane | BYE/KON | Ikkje berekna | | | | KON har hatt ansvaret for anskaffing av miljøstasjoner med støtte fra BYE ved behov. Alle skolane har anskaffa miljøstasjoner i 2023/2024. |
| Avfall og avlaup | 13 | Avfallshandtering i utbyggingsprosjekt på fylkesveg | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | Det er krav om 80% sortering av avfall i alle fylkesvegprosjekt, resultat for 2024 er 96% |
| Vegtrafikk | 14 | Kontraktsrådgivar | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | Kontrakstrådgiver som skulle jobbe med klimatiltak har sagt opp og blir ikkje erstatta pga krav om kutt i adminstrasjonen. I tillegg er det redusert ytterlegare 1 stilling som kontraktsrådgivar på fylkesvegavdelinga i 2024. |
| Vegtrafikk | 15 | Aluminiumsbru | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | Grøtta bru: Avtale om FoU-samarbeid om prosjektering og bygging av ny bru i aluminium vart inngått i 2024. Detaljprosjektering og LCA - budsjett er planlagt i 2025. |
| Vegtrafikk | 16 | Klimabudsjett og -rekneskap for bygging av Nerlandsøybru | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | |
| Vegtrafikk | 17 | Verdianalyse og verdioptimalisering av fv. 60 Tomasgard - Røyrhus bru | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | Dette vart gjennomført i 2023. Tiltaket ligg ikkje i Framsikt for 2024. |
| Vegtrafikk | 18 | Krav om $CO_2$-rapportering i nye vegdriftskontraktar | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | Per 2024 har 5 av 7 vegdriftskontraktar krav om rapportering av CO2-utslepp. I løpet av 2025 vil alle vegdriftskontraktane ha krav om rapportering. |
| Vegtrafikk | 19 | Frådrag i konkurransesummen ved klimatiltak i vegdriftskontraktar | Samferdsel, | Ikkje berekna | | | | Driftskontrakter: Vi stiller miljøkrav og har ikke vekting<br>Asfaltkontrkater: Vi praktiserer vekting av utslipp ihht. SVV sitt malverk. |
| | SUM | | | | | | | |
| | Tiltak som påverkar andre sine utslepp | | | | | | | |
| Vegtrafikk | 20 | Sykkelvegar | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | I 2024 er det tilrettelagt 100 meter for gåande og syklande knytt til nytt kollektivknutepunkt i Ålesund |
| Energiforsyning | 21 | Skaparkraft | KON | Ikkje berekna | | | | Tilskot til utviklingsprosjekt som skal bidra til grønt skifte og sirkulærøkonomi. |
| Vegtrafikk | 22 | Plan for energistasjonar og ladepunkt | KON | Ikkje berekna | | | | Dette vart gjennomført i 2023. Kunnskapsgrunnlag om mulige fornybare energikjelder- og berarar for transportsektoren. |
| Vegtrafikk | 23 | Bypakkar | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | Bypakke Ålesund: Nytt kollektivknutepunkt i Keiser Willhelms gate vart ferdigstilt og sett i drift i 2024, inkl tilrettelegging for mjuke trafikantar. Prosjekt fv. 60 Blindheim - Flisnes vart starta opp i 2024. Prosjektet skal gi tryggare ved for alle trafikantar gjennom sanering av kryss, betre tilrettelegging for gåande og syklande, samt oppgradere haldeplassar for kollektivtrafikken. |
| Vegtrafikk | 24 | Auke i talet på passasjerar med kollektivtrafikk | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | |
| Vegtrafikk | 25 | Bestillingstransport og mobilitet | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | |
| | 26 | Materiallager for bygningsvern | Kultur | Ikkje berekna | | | | |
| | 27 | Miljøfyrtårnkurs til tilskotsmottakarar | Kultur | Ikkje berekna | | | | |
| | 28 | Bibliotek og bærekraft i Møre og Romsdal | Kultur | Ikkje berekna | | | | |
| Vegtrafikk | 29 | Betalt parkering på fylkeskommunale parkeringsplassar | BYE | Ikkje berekna | | | | Blir fulgt opp i prosjektet Grønnere arbeidsreiser under Fremtidens mobilitet i samarbeid med Molde kommune. |
| | SUM | | | | | | | |

Tabell 6 Status på tiltak beskrivne i klimabudsjett 2024-2027.

## Energibruk i verksemda

Grafane under viser kva vi bruker straum til i verksemda og kva vi bruker fossil energi til. Den siste grafen viser fordelinga mellom straum og fossil energi.

Tidlegare har vi ikkje rapportert så detaljert på energibruken vår og vi har derfor ikkje komplette tal for alle føregåande år.




Figur 3 Årleg bruk av fossile drivstoff i verksemda.




Figur 4 Årleg straumbruk i verksemda.




Figur 5 Årleg bruk av straum og fossile drivstoff i verksemda.

## Klimarekneskap for samfunnet Møre og Romsdal (2023)

Miljødirektoratet oppdaterer modellane sine jamleg, dermed blir tal i føregåande år også endra ved nye publiseringar. Fylkeskommunen brukar tal frå den siste publiseringa i januar 2025. Dei sist tilgjengelege tala er for 2023.

Figuren under viser at dei direkte klimagassutsleppa i samfunnet Møre og Romsdal har vore relativt stabile i dei åra rekneskapen er publisert (heiltrukken linje). Frå 2009 til 2023 har utsleppa gått ned 10 prosent. Stipla linje (framskriving) viser korleis det er venta at utsleppa vil minke fram til 2030 basert på dagens politikk og vedtatte tiltak. Småprikka linje (målbane) viser korleis utsleppa må minke med 55 prosent fram til 2030 og vidare ned til 95 prosent reduksjon i 2050. Framskrivinga viser at samfunnet ikkje planlegg tiltak som gir stor nok utsleppsreduksjon til at samfunnet når måla som er sett.




Figur 6 Direkte klimagassutslepp i Møre og Romsdal fylke, tonn CO2e.

Fylkeskommunen nyttar 2009 som referanseår for klimamåla for samfunnet Møre og Romsdal. Kvar målbana skal vere i 2030 og 2050 er derfor berekna med utgangspunkt i 2009.

I 2023 fordelte utsleppa i samfunnet Møre og Romsdal seg som i figuren under.




Figur 7 Fordeling av direkte klimagassutslepp i samfunnet Møre og Romsdal i 2023.

Dei største sektorane verksemda har direkte innverknad på utsleppa frå er:

- *sjøfart, passasjer:* gjennom ferje- og hurtigbåttilbodet
- *vegtrafikk, bussar:* gjennom busstilbodet

# Fylkeskommunen sine tenesteområde

## Fellesutgifter og fellesinntekter

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 33 116 | 52 038 | 18 922 | 36,4 % |

### Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" viser eit årsresultat på eit netto mindreforbruk på om lag 18,9 mill. kroner i 2024.

På denne ramma førast midlar som omfattar heile organisasjonen. Midlane blir nytta til diverse kontingentar (t.d. KS), serviceavtalar, tilgangar og lisensar (t.d. økonomisystem) for heile organisasjonen.

Møre og Romsdal fylkeskommune tok i bruk verksemdstyringssystemet Framsikt frå 2024. I samband med dette var det naudsynt å gjere nokre endringar i kontoplanen. Dette har medført nokre feilføringar mellom fylkestingsrammene "Fellesutgifter og fellesinntekter" og "Fylkeskommunedirektøren og Stabsfunksjonar" i 2024. Det er derfor naudsynt å sjå dei to rammene under eit i samband med resultatvurderinga for 2024. Fylkeskommunedirektøren er i gang med å gå gjennom utgifts- og inntektsføringa på desse rammene, slik at faste kostnader som t.d. kontingentar og husleigeutgifter konsekvent vert ført på "Fellesutgifter og fellesinntekter" og ikkje på "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar".

Mindreforbruket skriv seg i hovudsak frå følgjande:

- Tilbaketrekte midlar knytt til "Byen som regional motor" da kommunane ikkje har gjennomført prosjekta i tråd med føresetnadene i tilsegna, 6,5 mill. kroner
- Møre og Romsdal fylkeskommune har fått midlar frå Miljødirektoratet til eit opplæringstilbod i klimatilpassing for kommunane. Det står att 770 000 kroner av denne løyvinga, som vil bli brukt i 2025
- Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje mottatt faktura frå Innlandet fylkeskommune for personellressurs i 2023 og 2024 knytt til tiltak i villreinområdet Ottadalen. Dette medførte eit mindreforbruk på om laga 250 000 kroner
- Det har vore eit mindreforbruk på «Skadefondet» på om lag 1,97 mill. kroner som skuldast lågare utbetalingar/erstatningar enn vanleg
- Papirarkivprosjektet har eit mindreforbruk på om lag 415 000 kroner i 2024, prosjektet vil bli vidareført i 2025
- Grunna vesentleg meirarbeid i samband med omstillings- og nedbemanningsprosessen vart fleire større planfesta tiltak ikkje gjennomført i 2024. Dette gjaldt mellom anna organisasjonskonferansen og medarbeidarundersøkinga MTM. Utsetting av desse tiltaka gav eit mindreforbruk på om lag 932 000 kroner som er planlagt nytta til gjennomføring av tiltaka i 2025

- Forsinka etablering av sikkerheitstenester (SOC og IRT) og innkjøp av nytt supportsystem førte til eit mindreforbruk på om lag 3,8 mill. kroner i 2024. Etablering og innkjøp vil skje i 2025
- Utgifter til lisensar på dataprogrammer og kontingentar er om lag 2,4 mill. kroner lågare enn budsjettert

### Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 8,743 mill. kroner av mindreforbruket på fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" i 2024 til 2025. Dette gjeld aktivitetar og prosjekt som ikkje vart utført i 2024 som føresett.

Fylkeskommunedirektøren foreslår dessutan at mindreforbruk på området for «Skadefondet» på 1,97 mill. kroner blir overført frå sentralt disposisjonsfond til eigen fondskonto for skadefondet da saldo på fondet er lågare enn taket på 20 mill. kroner.

Netto mindreforbruk på fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" må sjåast i samanheng med netto meirforbruk på fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og Stabsfunksjonar". Samla netto mindreforbruk for dei to fylkestingsrammene utgjer om lag 16,3 mill. kroner, av dette foreslår fylkeskommunedirektørene å overføre samla 10,953 mill. kroner (8,743 mill. kroner + 2,210 mill. kroner) til dei to rammene i 2025 og 2026.

## Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 141 040 | 138 416 | −2 623 | −1,9 % |

### Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" viser eit årsresultat på eit netto meirforbruk på om lag 2,6 mill. kroner i 2024.

Møre og Romsdal fylkeskommune tok i bruk verksemdstyringssystemet Framsikt frå 2024. I samband med dette var det naudsynt å gjere nokre endringar i kontoplanen. Dette har medført nokre feilføringar mellom rammene "Fellesutgifter og fellesinntekter" og "Fylkeskommunedirektøren og Stabsfunksjonar" i 2024. Det er derfor naudsynt å sjå dei to fylkestingsrammene under eit i samband med resultatvurderinga for 2024. Fylkeskommunedirektøren er i gang med å gå gjennom utgifts- og inntektsføringa på desse rammene, slik at faste kostnader som t.d. kontingentar og husleigeutgifter konsekvent vert ført på "Fellesutgifter og fellesinntekter" og ikkje på "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar".

Netto meirforbruk skuldast i hovudsak følgjande:

- Auke i husleige utover prisveksten, på same tid som at fylkestingsramma har blitt redusert dei siste åra pga. innsparingskutt

- Avtale om konsulenttenester for tidlegare fylkeskommunedirektør er ført på denne ramma, utan budsjett. Dette framstår då som eit avvik. Avtalen opphøyrde 31.12.24
- Mindreforbruk som skuldast flytting av aktivitet i prosjektet "Nye utdanningar til Campus Kristiansund". Noko aktivitetar er skyvd på, sidan det var planlagt å overføre 700 000 kroner til 2026. Prosjektet sluttfører sine forpliktingar i 2026
- Mindreforbruk på om lag 355 000 kroner knytt til Kompetanseheving og Universell utforming. Dette er midlar gitt av andre offentlege etatar og er venta brukt til formålet
- Mindreforbruk på om lag 450 000 kroner knytt til fleirårige midlar som er sett av til planarbeid og utgreiingar. Dette er planlagt brukt til Tett på-satsinga i 2025

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å styrke fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" med 1,510 mill. kroner i 2025 og 700 000 kroner i 2026 (til saman 2,210 mill. kroner), som gjeld aktivitetar og prosjekt som ikkje vart utført i 2024 som føresett.

Netto mindreforbruk på fylkestingsramme "Fellesutgifter og fellesinntekter" må sjåast i samanheng med netto meirforbruk på fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og Stabsfunksjonar". Samla netto mindreforbruk for dei to fylkestingsrammene utgjer om lag 16,3 mill. kroner, av dette foreslår fylkeskommunedirektørene å overføre samla 10,953 mill. kroner (8,743 mill. kroner + 2,210 mill. kroner) til dei to rammene i 2025 og 2026.

## Status fylkesplanmål

- Fylkesplanmål IK1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge
- Fylkesplanmål IK3: Møre og Romsdal skal ha spesialisthelseteneste med høg kvalitet som gjer at innbyggarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det
- Fylkesplanmål IK4: Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring
- Fylkesplanmål IK5: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport
- Fylkesplanmål M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor
- Fylkesplanmål M2: Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt ti rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep
- Fylkesplanmål M6: Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar
- Fylkesplanmål M7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering
- Fylkesplanmål S1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål
- Fylkesplanmål S2: Møre og Romsdal skal samordne ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper
- Fylkesplanmål S3: Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforming i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit "vennskapsfylke" om berekraftmåla

- Fylkesplanmål S4: Møre og Romsdal skal ha levende lokaldemokrati, der alle innbyggarar, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforming av sine lokalsamfunn
- Fylkesplanmål V4: Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp
- Fylkesplanmål V6: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn

## Status måltabell

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål IK1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge** | Hindre utanforskap gjennom tverrfaglege satsingar og samarbeidsprosjekt med interne og eksterne aktørar. | | Etablere samarbeid for å bidra til å realisere samfunnsoppdraget med KS og NAV regionalt ut mot kommuane. | 100,0 % | 100,0 % ✔ | |
| | | | Etablere samarbeid for å bidra til å realisere samfunnsoppdraget mellom anna ved å støtte kommunane som arbeidsgivarar i samarbeid med KS og NAV regionalt for økt inkludering av utsette unge ut mot kommuane. | 100,0 % | 100,0 % ✔ | |
| | | | MR2025 bidreg til å samle og synleggjere innsatsen i eigen organisasjon for å hindre utanforskap | Ja | Ja | Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. |
| | | | MR2025 deltar aktivt i nasjonal allianse om ungt utanforskap, leia av KS Partnarskap for radikal innovasjon | Ja | Ja | Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. |
| | | | MR2025 følgjer det nasjonale samfunnsoppdraget for å inkludere fleire barn og unge og deler kunnskap og informasjon om dette på sine møteplassar | Ja | Ja | Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. |
| | | | Samarbeide med Folkehelseprogrammet om felles satsingar og | Ja | Ja | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | deling av kunnskap mellom kommunar | | | |
| **Fylkesplanmål IK3: Møre og Romsdal skal ha spesialisthelsetenest eneste med høg kvalitet som gjer at innbyggarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det** | Ha god dialog mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Helse Midt-Norge/Helse Møre og Romsdal om spesialisthelsetilbodet i Møre og Romsdal | | Helse Midt-Norge og/eller Helse Møre og Romsdal har orientert i Fylkestinget minst ein gong om spesialisthelsetilbodet i Møre og Romsdal | 1 | 1 | Helse Møre og Romsdal deltok i planlegginga av, og med innlegg på Nyttårskonferansen i jan. 2024 Helseføretaket har ikkje hatt eiga orientering i fylkestinget i 2024 slik det var mål om. |
| **Fylkesplanmål IK4: Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring** | Auke innovasjonsevna i offentleg sektor i Møre og Romsdal gjennom samarbeid og samordning | | Digi Møre og Romsdal etablerer faste samarbeidsstrukturar og felles prosjekt for å styrke kommunane sitt tenestetilbod | 0 | Ja | |
| | | | Digi Møre og Romsdal samarbeider om minst to felles anskaffingar på vegner av kommunane i løpet av 2024 | 2 felles anskaffingar | 2 | |
| | | | MR2025 samarbeider med Kommunanes strategiske forskingsorgan region Midt for innføring av modellen i Møre og Romsdal | 0 | ja | Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. |
| | Legge til rette for nye utdanningstilbod knytt til Campus Kristiansund | | Etablere prøveordning i samarbeid med næringslivet i regionen | 0 | ja | |
| | | | Samarbeide med UH-sektor for å etablere | 0 | ja | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | utdanningar ved CKSU | | | |
| **Fylkesplanmål IK5: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport** | Bidra til å utvikle, planlegge og realisere byromsprosjekt i byar og tettstader i fylket | I 2024 er det gitt tilskot til tre gode byromsprosjekt saman med rådgiving i arbeidet. Ingen av dei er førebels klare for opparbeiding, men det er sjølvsagt målet. I tillegg er det gitt tilskot til tre andre typer prosjekt som vil medverke til by- og tettstadutvikling, mellom anna ein sentrumskoordinator. Tilskotsramma vart redusert i 2024, men det er likevel stor etterspurnad etter kompetanse og rettleiing innfor dette området, der mange kommunar manglar kompetanse. | 3 byromsprosjekt er fullfinansiert og klart for opparbeiding | finansiering av 3 byromsprosjekt | | 3 byromsprosjekt har fått finansiering i 2024. Detter er:<br>• Moglegheitsstudie for Teglverket i Åndalsnes (450 000/50%)<br>• Utvikling av trivselsgate i Ulsteinvik (800 000/30%)<br>• Detaljprosjektering av sjøfronten del 3 på Vestnes (250 000/50%)<br>I tillegg er det gitt tilskot til gratis Sundbåt i Kristiansund, sentrumskoordinator i Herøy, og Skaparglede i sentrum til Sykkylven. |
| | Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar er implementert i eigen organisasjon og i plannettverka i kommunane | Implementering av Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader er delvis implementert i fylkeskommunen, og spesielt på planseksjonen og i by- og tettstadarbeidet. Til ein viss grad er også strategien formidla i eksterne | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | samanhengar, men det har ikkje vore tid, plass og kapasitet til å gjere dette arbeidet systematisk. Det er ikkje funne tid tid implementering i plannettverka i kommunane. | | | | |
| | Menneskeleg målestokk i dei bygde omgjevnadane, god folkehelse, utjamning av sosial ulikskap, tilbod og aktivitetsmoglegheietr, god framkome og tilgjenge for alle grupper skal ligge til grunn for forming av byar og tettstader | Det vart gjennomført sju kompetansetiltak i by- og tettstadarbeidet i 2024. Fleire av desse tok for seg arkitektur med ulike innfallsvinklar. | By- og tettstadprogrammet skal bidra til å auke kompetansen på arkitekturen sin betydning for by og tettstedsutvikling | 0 | | Det vart gjennomført 7 kompetansetiltak i by- og tettstadarbeidet i 2024. Fleire av desse tok for seg arkitektur med ulike innfallsvinklar. |
| | Tverrfagleg program for berekraftig by- og tettstadutvikling skal bidra til kompetanseheving i kommunane | Det vart gjennomført sju kompetansehevingstiltak om by- og tettstadutvikling i 2024. Dette var tre færre enn planlagt, på grunn av kutt i budsjettet. I tillegg til kompetanseheving, vart kompetanse om samanhengane mellom ulike fagområde og tema for å utvikle gode byar og tettstader formidla gjennom | Tilby 10 kompetansehevingstiltak innan tema som er relevant for fleire kommunar i deira by- og stadutviklingsarbeid | 10 kompetansehevande tiltak | 7 kompetansetiltak gjennomført | 7 kompetansetiltak vart gjennomført i 2024. Det var planlagt 10 tiltak, men det var ikkje økonomi til å gjennomføre 10. Mellom anna vart ferdig planlagt by- og tettstadseminar i juni avlyst på grunn av kutt i ramma til by- og tettstadutvikling. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | rettleiingsarbeid, planhøyringar, og deltaking i kommunale prosjekt. | | | | |
| **Fylkesplanmål M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor** | Følgje opp Fylkesstrategi for miljø, klima og energi internt og eksternt | | Gjennomført 6 møter med den interne arbeidsgruppa for miljø, klima og energi. | 6 møter | 5 møter gjennomført. | På bakgrunn av behov for fokusering på arbeidet med klimabudsjett og klimarekneskap er mandatet til arbeidsgruppa endra og gruppa har fått ny samansetning. Arbeid med mandat og ny samansetning førte til at ein ikkje rakk meir enn 5 møter ila året. |
| | | | Klimasnukonferanse for kommunane er gjennomført saman med Statsforvaltaren. | en konferanse | En konferanse gjennomført. | |
| | | | Planseksjonen leiar arbeidet med minimum to prosjekt relatert til fylkesstrategien; 1) Arealrekneskap for kommunane, 2) Kompetansehevande kurs om bruk av naturbaserte løysingar for kommunane og bidreg inn i minimum to andre; 2) Ombrukssentral i Molde-regionen, 2) ressursbank for massehandtering i fylket. | minumum 2 prosjekt | Gjennomført to prosjekt. | Verktøyet arealrekneskap er laga og ligg tilgjengeleg for kommunane på fylkeskommunen si nettside. Kompetansehevande kurs om bruk av av naturbaserte løysingar for kommunane er gjennomført.<br><br>Planseksjonen har bidratt inn ombrukssentral i Molde-regionen i form av å delta i møte. Prosjektet ressursbank for massehandtering er overført frå stab for strategi og styring (SoS) til kompetanse- og næringsavdelinga (KON). SoS har i liten grad bidratt inn i arbeidet til KON. |
| | | | Søknad om støtte til prosjektstilling for etablering av ombrukssentral er sendt Miljødirektoratet /Klimasats. | en søknad | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Møre og Romsdal fylkeskommune skal bruke klimabudsjett og -rekneskap som verktøy for verksemdstyring | | Klimabudsjett er integrert med økonomiplanen i FRAMSIKT | klimabudsjett | Integrert | |
| **Fylkesplanmål M2: Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt ti rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep** | Lokalisering av ulike funksjonar og fysiske anlegg i byar og tettstader skal skje på ein måte som aktivt reduserer transportarbeidet, klimagassutsleppa og miljøulempene | | By og tettstadprogrammet skal gi råd om lokalisering av sentrumsfunksjonar i tråd med prinsippet om 10-min staden. | Råd er gitt i tråd med prinsippet | Ja | Råd om lokalisering av sentrumsfunksjonar i tråd med prinsippet om 10-minuttersbyen er gitt i både plansaker, tilskotsaker, nyheitsaker og by- og tettstadprosjekt. |
| | Tilby og gjere kjent oppdaterte karttenester og arealrekenskap for kommunane | | 150 000 treff (requests) på våre karttenester pr. veke i GisLink | 150 000 | 176 000 | Gislink holder seg relativt stabilt gjennom året og ligger litt i snitt på 169 900 treff pr uke i 2024. |
| | | | Gjennomført opplæring for planleggarar i kommunene i GIS og statistikk | 100,0 % | 0,0 % | Det er ikke gjennomført felles kurs og opplæring for planleggere i 2024 pga. for liten kapasitet. Vi var i gang med å planlegge et felles kurs for hele administrasjonen sammen med GIS i vegavdelingen. Nedbemanning har gjort tiltaket vanskeleg å gjennomføre» |
| | | | Lagt til rette realrekneskap for kommunane etter Agder-modellen og gjennomført opplæring av kommunane i bruken av det | eit arealrekneskapsverktøy, ein runde med opplæring | Ja | Vi har årsversjoner av arealregnskap og det ble lagt fram en ny versjon av det i oktober 2024. Det er ikke gjennomført et felles kurs og opplæring for alle kommuner, men enkeltkommuner har fått en gjennomgang ved forespørsel. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål M6: Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar** | Følgje opp tiltak lagt inn i oppfølgingsplan til FylkesROS 2022 | | - Delta i det regionale beredskapsarbeidet som blir koordinert av Statsforvaltaren | Ja | Ja | Tre personar frå Møre og Romsdal fylkeskommune deltek i fylkesberedskapsrådet som er organisert og leia av Statsforvaltaren.<br><br>Møre og Romsdal fylkeskommune medverkar, og er klare til innsats ved konkrete hendingar på regionalt nivå. |
| | | | - Gjere FylkesROS 2022 og oppfølgingsplanen kjent for heile organisasjonen | 100,0 % | 100,0 % | Statsforvaltaren orienterte om ny FylkesROS (som vart ferdigstilt i 2023) i 2024, og om korleis oppfølginga av FylkesROS skulle skje i:<br>• Toppleiargruppa i Fylkeskommunen<br>• I Fylkesutvalet<br>• Dei som har konkret ansvar i organisasjonen i samband med ny FylkesROS, er godt kjent med FylkesROS og oppfølgingsplanen. Oppfølgingsplanen blir revidert jamnleg.<br><br>I tillegg er det vist til FylkesROS og oppfølgingsplanane i samband med planarbeid i planseksjonen. |
| | Leie arbeidet med å lage og gjennomføre kompetansehevande kurs for kommunane i naturbaserte løysingar for klimatilpassing. | | - Sluttrapport for gjennomført prosjekt er sendt Miljødirektoratet. | 100,0 % | 100,0 % | |
| | Tilpassing til klimaendringar | | - Program for by og | 100,0 % | 100,0 % | Temaet overvasshandtering og |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | skal bli vektlagt i tilknyting til arealbruk, utforming av teknisk infrastruktur og bruk av material i byar og tettstader | | tettstadutvikling vil legge vekt på overvasshandtering og materialbruk i alla fasar når det gjeld planlegging av byrom i byer og tettstader | | | klimatilpassa materialbruk har blitt vurdert i alle by- og tettstadprosjekt kor dette temaet er ein naturleg del av arbeidet. |
| **Fylkesplanmål M7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering** | Legge til rette for ei meir sirkulær samfunnsutvikling og fleire sirkulære anskaffingar i offentleg sektor | Gjennomført flere kompetansehevende tiltak på innkjøp for kommunene. Etablert samarbeid med DFØ, og holdt seminar med Statsforvalteren, Høyskolen i Molde og Molde kommune med tema Markedsdialog, med spesiell vekt på bygg,eiendom og drift. Legge til rette for privat-offentlig samarbeid og lokal verdiskaping og kompetanseheving. | Bygge opp under sentrale verdikjeder for sirkulære anskaffingar og innkjøpssamarbeid | 0 | Ja | |
| | | | Gjennomføre kompetansehevingstiltak med kommunar og statsetatar | 0 | Ja | |
| | | | Kartlegge sirkulærøkonomi initiativ og pilotar i regionen og tilgjengeliggjere det for kommunar, næring og statsetatar | 0 | ja | |
| | Tilby opplæring i sirkulær økonomi ved dei | | Innovasjonscampen Camp Circular er gjennomført saman med Ungt Entreprenørskap. | 0 | 0 | Fylkeskommunen sin samarbeidspartnar Ungt Entreprenørskap har ikkje teke initiativet til fleire Camp Circulars i 2024 |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | vidaregåande skolane. | | | | | utover dei som vart arrangert i 2023. Det har derfor ikkje vore arrangert Camp Circular i 2024. |
| **Fylkesplanmål S1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål** | Fullføre prosessen med, og få vedtatt ny Regional planstrategi og ny Fylkesplan | | Endeleg vedtak av RPS og Fylkesplan i Fylkestinget i juni 2024 | Ja | 100 | Regional planstrategi Møre og Romsdal 2025 - 2028 og Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025 - 2028 vart vedtatt i fylkestinget i juni 2024 heilt i tråd med framdriftsplanen. |
| | | | Fullføre planprosessen med tilstrekkeleg og god involvering og medverknad | 100,0 % | 90,0 % | Brei og grundig medverknad både eksternt og internt i prosess med utarbeiding av Regional planstrategi og Fylkesplan gjekk etter planen, så nær som politisk verkstad med fylkesutvalet. Verkstaden vart avvikla fyst i januar 2024, med gode tilbakemeldingar. Planane er politikarane sitt styringsverktøy. Det er derfor heilt avgjerande at det er dei som sett retning, kjem med innspel og tek avgjerder i alle faser av prosessen. |
| | | | Sende ut utkast til RPS og FP på høyring i starten av februar | Medio februar | 100 | Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2025 - 2028 og Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025 - 2028 vart sendt på høyring i midten av februar heilt i tråd med framdriftsplanen. Alle fristar og milepelar undervegs i arbeidet vart innfridd både frå fagavdelingane og sekretariatet, så nær som |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | ein. Den eine milepelen som ikkje vart nådd, var politisk verkstad i nov. eller des. 2023, då det ikkje vart funne rom for verkstad i fylkesutval eller fylkesting. Verkstaden vart arrangert med full deltaking i fylkesutvalet i januar. Dette førte til svært korte marginar for ferdigstilling av arbeidet for fagavdelingane og sekretariatat på planseksjonen. Det lukkast likevel å få planane ut på høyring i midten av februar. |
| | Programmet MR 2025 skal bidra til at offentleg sektor med ansvar for MR arbeider betre saman for å styrke regionen | Programmet “Møre og Romsdal 2025” og prosjektet “Berekraftfylket Møre og Romsdal” vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. | Fasilitert minst 6 samarbeidsprosjekt | 6 | 6 | |
| | | | Minst 7 møteplassar for offentleg sektor på fagområde vald av deltakarane i MR2025 | 7 | 7 | |
| | | | MR2025 fasiliterer nye satsingar innan omstillingsevne i offentleg tenestetilbod i møte med demografiendringane og felles statistikkportal for Møre og Romsdal | 100,0 % | 0,0 % | Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. |
| | | | Nyttårskonferansen vidareførast som den viktigaste årlege møteplassen for offentleg sektor i | Ja | Ja | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Møre og Romsdal. Prosedyre og årshjul for effektivisering av gjennomføringa vert utvikla. | | | |
| **Fylkesplanmål S2: Møre og Romsdal skal samordne ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper** | Programmet Møre og Romsdal 2025 skal nytte eksisterande og nye møteplassar for å samordne offentleg sektor i arbeidet mot ungt utanforskap | | Delta aktivt i nasjonal allianse mot ungt utanforskap, leia av KS Partnarskap for radikal innovasjon og i fagleg samarbeid med Trøndelag og Nordland fylkeskommunar | Ja | ja | |
| | | | Etablere samarbeidsstrukturar for å samordne og styrke arbeidet mot ungt utanforskap i fylket | 100,0 % | 100,0 % | |
| **Fylkesplanmål S3: Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforming i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit "vennskapsfylke" om berekraftmåla** | Samarbeide med OECD og CCRI om sirkulærøkonomisatsing i fylket | Møre og Romsdal fylke en av ti regioner/byer i Europa valgt ut til samarbeid med OECD. som resulterte i rapporten "Circular Economy in Møre and Romsdal".Lansert i november 2024 for EU-kommisjonen. Mer enn 50 aktører på tvers av sektorer involvert i intervju med OECD. Rapporten kommer med konkrete anbefalinger til | Delta aktivt i Circular Cities and Regions Initiative (EU-samarbeid) | 100,0 % | 100,0 % | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | hvordan fylket kan få til en bærekraftig samfunnsomstilling. Vi er blitt en synlig aktør internasjonalt i CCRI som en "up-and -coming region". CCRI har blitt bredere forankret i organisasjonen, med tre fagavdelinger inne, som kan hetne ut viktig kompetanse og kunnskap til regionalt nivå. | | | | |
| | | | Etablere 2 internasjonale samarbeid på sirkulærøkonomi | 2 | 2 | |
| | | | Gjennomføre kartlegging av sirkularitet i samarbeid med OECD | 100,0 % | 100,0 % | |
| | Ungdomspanelet skal delta i internasjonalt ungdomsprosjekt | | Prosjektet er gjennomført, og rapport er skrive og formidla | 100,0 % | 100,0 % | Det vart to internasjonale ungdomsprosjekta i 2024, sjølv om målsettinga var eitt.<br><br>Dei er gjennomført og gjekk betre enn forventa.<br><br>Ungdomspanelet hadde 2 utvekslingar i 2024. Begge var ungdomsstyrte med gjensidig utveksling. I det eine prosjektet var vi kun to partar, Studem frå Moldova og Ungdomspanelet. Studem kom til Molde i juni og Ungdomspanelet reiste til Balti i Moldova i oktober. Temaet for denne utvekslinga var «Engaging youths for democracy".<br><br>Det andre prosjektet blei gjennomført saman med Vesterålen interkommunale ungdomsråd og Gyumri |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Technology Center, Armenia. Utvekslinga hadde navnet . «I care» og omhandla korleis ungdom skal kunne gjere meir berekraftige val i kvardagen med hjelp av teknologi.<br><br>Rapport for prosjektet "I Care" er skrive og levert innan fristen.<br><br>Rapport for dei to utvekslingane i 2024 er under utarbeiding, og vil bli levert innan frist som er litt ut i 2025. |
| **Fylkesplanmål S4: Møre og Romsdal skal ha levende lokaldemokrati, der alle innbyggarar, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforming av sine lokalsamfunn** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for innspel frå innbyggarane og kommunisere tydeleg | | Informere om og legge til rette for at det skal vere enkelt å kome med innspel i plan- og strategiprosessar | 100,0 % | 100,0 % | Som grunnlag for planarbeid og anna arbeid blir det utarbeidd og publisert eit omfattande kunnskapsgrunnlag, der statistikk og analyse og formidling av dette er noko av det viktigaste. Det har blitt utarbeidd:<br>• Kommunestatistikk som vart oppdatert vår og haust<br>• Fylkesstatistikk levert i oktober<br>• Det vart skrive og publisert seks kronikkar om demografi/regionale utviklingstrekk<br>• Gjennomført 8 brukar/innbyggarundersøkingar ved hjelp av questback. Avdelingane gjer sjølv mykje meir av dette arbeidet no enn dei gjorde tidlegare<br>• Eige kunnskapsgrunnlag med sentrale utvalde tema for RPS og FP |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | I arbeidet med Regional planstrategi og Fylkesplan for 2025 - 2028 vart dette gjort knytt til innspel:<br>• Planprogram/oppstartsmelding på høyring<br>• Arbeidsverkstad med råda og ungdomspanelet<br>• 12 ulike arbeidsverkstad med eksterne, inkludert kommunar og nettverk for flyktningetenesten<br>• To interne arbeidsverkstader med avdelingsleiing og toppleiing<br>• Arbeidsverkstad med fylkesutvalet<br>• Webkampanje på eiga nettside, facebook og instagram med moglegheit for avkryssingar og innsending av dokument<br>• Formell høyring av forslag til planar |
| | Nytte fylkeskommunen sine rådgivande utval aktivt i arbeid med styringsdokument og i utvikling av vårt tenestetilbod | Måloppnåinga for denne måleindikatoren er alt for låg, og variasjonen mellom avdelingane er for stor. Kompetanse- og næringsavdelinga har relativt mange saker, mens dei andre avdelingane har svært få eller ingen. Stabsavdelinga | Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomspanelet har vore involvert i minst to relevante saker eller planer på kvar fagavdeling | Alle einingane har vore involverti saker | Delvis | Råda og Ungdomspanelet (UP) har til saman hatt 31 saker frå 3 ulike fagavdelingar i 2024. Fordelinga over kva for avdelingar som fremmer saker i råda og UP er likevel svært ulik.<br><br>Kompetanse og næringsavdelinga har hatt til saman 23 saker i råda og UP.<br><br>Kulturavdelinga har hatt 6 saker. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | ne har nesten ingen saker, men ligg per no heller ikkje innanfor målindikatoren. Likevel er det slik at loven seier at ALLE saker som angår målgruppene skal i råda og UP. Måleindikatoren bør bli endra for å fange opp stabsavdelingane, og alle avdelingane må bli flinkare til å vurdere saker for aktualitet for råda og UP. | | | | Samferdsel har hatt ei sak i PNF<br><br>Stab for strategi- og styring har hatt to saker, ei i PNF og ei i Eldrerådet. |
| | Offentlege, private og frivillige aktørar skal gjennomføre systematisk og brei innbyggarmedverknad mot alle berørte grupper knytt til alle typar by- og tettstadarbeid | | Plan for medverknad er eit vilkår for tilskot til lokale utviklingsprosjekt | Alle så har fått tilskot har ein plan for medverknad | Ja | Kravet er innfridd i alle søknadar der dette er relevant. |
| **Fylkesplanmål V4: Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp** | Auke bruken av digitalt sendte brev | | Auke delen digital sending av post inn til 80 prosent | 80,0 % | 80,0 % | |
| | | | Auke delen digital sending av svar ut til 100 prosent | 95,0 % | 95,0 % | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Auke innovasjonsevna i offentleg sektor i Møre og Romsdal gjennom samarbeid og samordning | | MR2025 bidreg i EU-nettverk og Forskingsforum Møre for å styrke offentleg sektor sine interesser og behov for å auke tilgjengelegheit av verkemidlar for forsking og innovasjon | 0 | 0 | Programmet Møre og Romsdal 2025 vart avvikla i juni 2024 som følgje av vedtak i sak PS-13/24. |
| | Auke kompetanse og kapasiteten til å arbeide med berekraft i fylket gjennom etablering av eit internasjonalt Internship-program på Campus Kristiansund | | Gjennomføre pilotkull 2 2023 - 24 | 0 | Ja | |
| | Etablert felles miljø for utvikling mellom aktørane knytt til Campus Kristiansund | | - Fylkeskommunen bidreg til utvikling av felles miljø på campus | 0 | Ja | Fylkeskommunen har arbeidd med utvikling av felles miljø mellom aktørane på Campus Kristiansund gjennom Campus Kristiansund Drift AS, og oppnådd gode resultat. Det har vore tilrettelagt for faglege og sosiale møteplassar, aktørar er kopla mot kvarandre, og kunnskap om Campus-miljøet er spreidd via strategisk SoME-arbeid, redaksjonell omtale og foredrag. |
| | | | Møre og Romsdal gjennomfører organisasjonsutvikling for fylkeskommunen si deltaking i Campus Kristiansund | 0 | | |
| **Fylkesplanmål V6: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for eit seriøst arbeidsliv innanfor alle | | Bistå avdelingane med implementering og utvikling av oppfølgingsrutinar for Møre og Romsdal-modellen. | 0 | | SJOA har bistått på området når vi har fått førespurnad om det. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn** | dei fag/arbeidsområda der fylkeskommunen er aktiv som vare- og tenestekjøpar, slik som t.d. samferdselsområdet, bygg- og eigedomstenester. | | | | | |

## Status investeringsprosjekt

### Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjoner

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| **IT** | | | |
| IT - infrastruktur | 7 100 | 116 | 6 984 |
| IT - Nettverk | 1 993 | 1 445 | 548 |
| IT - Samordna kommunikasjon | 200 | 173 | 27 |
| **Sum - IT** | **9 293** | **1 734** | **7 559** |
| **Sum** | **9 293** | **1 734** | **7 559** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 1,7 mill. kroner i IT-infrastruktur, nettverk og samordna kommunikasjon i 2024. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 7,6 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forsinka framdrift på fleire prosjekt, der størsteparten av mindreforbruket gjeld IT-Infrastruktur og skuldast at prosjektet "Kjøleanlegg Fylkeshuset" ikkje vart ikkje ferdigstilt i 2024 som føresett. Fylkeskommunedirektøren foreslår som følgje av dette å overføre mindreforbruket på om lag 7,6 mill. kroner til 2025.

# Bygg- og eigedomstenester

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 30-Bygg- og eigedom leiing | 5 181 | 5 507 | 326 | 5,9 % |
| 31-Bygg- og eigedomsdrift | 121 830 | 120 853 | −978 | −0,8 % |
| 32-Bygg- og eigedom utvikling | 12 793 | 15 838 | 3 045 | 19,2 % |
| **Sum** | **139 804** | **142 197** | **2 394** | **1,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Bygg- og eigedomstenester" viser eit årsresultat på eit netto mindreforbruk på om lag 2,4 mill. kroner i 2024. Avviket består av fleire meir- og mindreforbruk, men skuldast i hovudsak følgjande:

- Mindreforbruk knytt til prosjektleiing for Sørsida i Ålesund pga forsinka framdrift, 1,4 mill. kroner
- Inntekt knytt til energiforvaltning på 815 000 kroner som ikkje var budsjettert. Dette er ønska brukt til ENØK-tiltak i 2025.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 2,215 mill. kroner av mindreforbruket på fylkestingsramme "Bygg- og eigedomstenester" i 2024 til 2025.

## Status fylkesplanmål

- Fylkesplanmål IK1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge
- Fylkesplanmål M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor
- Fylkesplanmål M5: Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfri energi
- Fylkesplanmål M7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering
- Fylkesplanmål V4: Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp
- Fylkesplanmål V6: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn.

## Status måltabell

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor** | Redusere klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen med 20 prosent i planperioden | Ingen vurderingsgrunnlag for reduksjon av klimagassutslepp for den fylkeskommunale bygningsmassen. Dette grunna at vurderingsgrunnlaget for 2024 ikkje er tilgjengeleg for Bygg- og eigedomstenester per no. | 5 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen samanlikna med 2023 | 5,0 % | 0,0 % | Ingen vurderingsgrunnlag. |
| **Fylkesplanmål M5: Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfri energi** | Redusere straumbruken på den fylkeskommunale bygningsmassen med 20 prosent fra 2020 til 2025. Som ein stor aktør i fylket har Møre og Romsdal fylkeskommune eit ansvar for å leie an i arbeidet med effektivisering og auka bruk av fornybare energikjelder | | Straumbruken per m2 på den fylkeskommunale bygningsmassen er redusert med 5 prosent samanlikna med 2023 | 5,0 % | 5,0 % | |
| **Fylkesplanmål M7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering** | Auka gjenbruk og resirkulering i fylkeskommunale bygg | Prosjekta Bussdepot Molde og Spjelkavik Arena har omfattande gjenbruk av møblar og inventar i 2024. Gjennomgåande arbeid med gjenbruk av møblar og inventar i alle investeringsprosjekt.<br><br>Ingen vurderingsgrunnlag for restavfall frå fylkeskommunale skulebygg. Dette grunna at vurderingsgrunnlaget for 2024 ikkje er tilgjengeleg for Bygg- og | 5 prosent reduksjon i restavfall frå fylkeskommunale skulebygg | 5,0 % | 0,0 % | Ingen vurderingsgrunnlag. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | eigedomstenester per no. | | | | | |
| | | | Bygg- og eigedomsavdelinga skal opprette ein "bank" over ledig inventar slik at 50 prosent av inventar og utstyr i byggeprosjekt er gjenbruk | 50,0 % | 50,0 % | ✓ | Prosjekta Bussdepot Molde og Spjelkavik Arena har omfattande gjenbruk av møblar og inventar i 2024. Gjennomgåande arbeid med gjenbruk av møblar og inventar i alle investeringsprosjekt. |
| **Fylkesplanmål V4: Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp** | Nytte innovative innkjøp for å utvikle næringslivet | Ingen egna prosjekt. | Bygg- og eigedomstenester skal gjennomføre 2 innovative anskaffingar i 2024 | 2 | 0 | ! | Ingen egna prosjekt. |
| **Fylkesplanmål V6: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn.** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for eit seriøst arbeidsliv innanfor alle dei fag/arbeidsområda der fylkeskommunen er aktive som vare- og tenestekjøpar, slik som t.d. samferdselsområdet, bygg- og eigedomstenester | | Alle aktive prosjekt skal benytte IT-verktøyet HMSreg aktivt | 100,0 % | 100,0 % | ✓ | |
| | | | Det skal gjennomføres kontroll av seriøsitet på alle K-prosjekt over 300G | 100,0 % | 100,0 % | ✓ | |
| | | | Det skal gjennomføres risikovurdering av lønns- og arbeidsvilkår i alle nye kontrakter | 100,0 % | 100,0 % | ✓ | |

## Status investeringsprosjekt

### Bygg- og eigedomstenester

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året | | |
|---|---|---|---|
| | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
| **Opprusting av bygningsmassen** | | | |
| Opprusting av bygningsmassen | 24 022 | 13 587 | 10 435 |
| **Sum - Opprusting av bygningsmassen** | **24 022** | **13 587** | **10 435** |
| **Solenergianlegg** | | | |
| Solenergianlegg | 934 | 234 | 700 |
| **Sum - Solenergianlegg** | **934** | **234** | **700** |
| **Sum** | **24 956** | **13 821** | **11 135** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert til saman om lag 13,8 mill. kroner knytt til opprusting av bygningsmassen og solenenergianlegg i 2024. Prosjekta viser totalt eit mindreforbruk på om lag 11,1 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast forsinka framdrift på prosjekta. Mykje av midlane er kontraktsfesta og vil bli brukt i 2025. Fylkeskommunedirektøren foreslår som følgje av dette å overføre mindreforbruket på om lag 11,1 mill. kroner til 2025.

# Kompetanse- og næringsområdet

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 40-Kompetanseområdet | 181 713 | 187 107 | 5 394 | 2,9 % |
| 41-Vidaregåande skolar | 1 445 026 | 1 427 665 | −17 361 | −1,2 % |
| 44-Næringsområdet | 300 284 | 308 611 | 8 327 | 2,7 % |
| **Sum** | **1 927 023** | **1 923 383** | **−3 639** | **−0,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Kompetanse og næringsområdet" viser eit årsresultat på eit netto meirforbruk på om lag 3,6 mill. kroner i 2024.

Fleire innsparingstiltak for KON-området har hatt effekt frå hausten 2024:

- Om lag 90 årsverk er redusert ved dei vidaregåande skolane frå hausten 2024. Full effekt er venta i 2025
- Kompetanse- og næringsavdelinga er redusert med 10,8 årsverk i 2024. I tillegg blei fleire stillingar heldt vakant for å få størst mogleg effekt
- Det er iverksett omfattande tiltak i sektoren, blant anna redusert innleige av vikarar, reduksjon av reiser, kurs/konferansar og innkjøp

## Kompetanseområdet

Resultatet for utvalsramme "Kompetanseområdet" viser eit samla mindreforbruk på om lag 5,4 mill. kroner i 2024. Fylkeskommunedirektøren foreslår at dette mindreforbruket blir brukt til å dekke delar av meirforbruket på Ålesund vgs.

Under utvalsramme "Kompetanseområdet" finst det budsjettpostar som fordelast til dei vidaregåande skolane gjennom året. Ein større del av ramma blir delt ut til skolane etter ulike fordelingsmodellar eller rapportering etter gjennomført aktivitet. Den andre delen av ramma blir blant anna nytta til elevar i barnevernsinstitusjonar, utgifter for gjesteelevar, oppfølgingstenesta og midlar som skal fordelast til opplæringskontora i fylket.

Netto mindreforbruk på 5,4 mill. kroner skriv seg frå mindre- og meirforbruk på ulike einingar under Kompetanseområdet. Dei største avvika gjeld:

**Kompetanse- og næringsavdelinga**
Mindreforbruket på 14,7 mill. kroner skuldast reduksjon av stillingar, sjukefråvær, redusert reiseaktivitet og kurs/ konferansar. I tillegg fekk avdelinga kompensert for sekretariatfunksjonen i Vestlandsrådet, totalt 1 mill. kroner i 2024. Kompetanse- og næringsavdelinga skal fortsatt bistå når Rogaland og Vestland fk har sekretariatfunksjonen de neste to åra. Avdelinga har elles kutta til saman 10,8 årsverk i 2024. I tillegg er fleire stillingar helde vakant, delar av året, for å få størst mogleg effekt.

**Særskilt tilrettelegging**
Meirforbruket i 2024 var på 4,3 mill. kroner. Meirforbruket skuldast høgare kostnadar enn forventa til kjøp av tenester frå kommunar, private og andre fylkeskommunar.

**PP-tenesta**
Meirforbruket i 2024 var på 1,9 mill. kroner. Meirforbruket skuldast politisk vedtak, UDK 0002/22, der det var vedtatt å auke PP-tenesta si ramme for å tilsette psykologar i PP-tenesta. Styrkinga er ikkje tilstrekkeleg dersom tiltaka skal gjennomførast i tråd med vedtaket.

**Gjesteelevar**
Meirforbruket i 2024 var på 2,6 mill. kroner. Meirforbruket skuldast endra søkemønster, der fleire elevar søker yrkesfaglege utdanningsprogram i andre fylke, blant anna naturbruk og maritime fag.

**Undervisning v/ helse og sosialinstitusjonar**
Meirforbruket i 2024 var på 3 mill. kroner. Meirforbruket skuldast auka kostnadar knytt til barnevernstenesta. Dette er uføreseielege utgifter som det er vanskeleg å budsjettere med kvart år, da utgiftene varierer. Fylkeskommunen har ikkje hatt så høge utgifter tidlegare år til helse og sosialinstitusjonar som i 2024.

## Vidaregåande skolar

Resultatet for utvalsramme "Vidaregåande skolar" viser eit samla meirforbruk på om lag 17,4 mill. kroner i 2024.

Budsjettfordelingsmodellen ligg til grunn for fordeling mellom dei vidaregåande skolane. Dette bidreg til ei objektiv og lik fordeling av grunntilskot, klasse og elevbasert tildeling. Det er tatt omsyn til variasjonar ved kvar skole knytt til ulike programfag, med utgangspunkt i ein kostnadsnøkkel basert på KOSTRA-satsar for landet og Møre og Romsdal (vekta 50/50). Det er også vedtatt ny fordelingsmodell for særskilt opplæring hausten 2024 som grunnlag for tildeling i 2025.

Skolane har eit sjølvstendig budsjettansvar og står fritt til å budsjettere midlar på ulike postar ved sin skole. Det vil jamleg vere variasjonar i ulike utfordringar ved aktuelle skolar, noko som må handterast innanfor vedtatt budsjett.

Tildelingar som er aktivitetsbasert, eller elevgrupper med særlege behov, blir handsama frå sentrale rammer der skolane får ulike fordelingar. Ressursane er knappe, og midlar vil i mange tilfelle ikkje strekke til fullt ut. Det er derfor opp til kvar enkelt skole å gjere nødvendige tilpassingar for å halde seg innanfor budsjettet.

**Meirforbruket på utvalsramma skuldast i hovudsak:**

- Dei vidaregåande skolane en ennå ikkje heilt i mål med å tilpasse struktur og tilbod til strammare økonomiske rammer. Likevel har skolane redusert lønsutgiftene betydeleg i 2024, og talet på tilsette er redusert med om lag 90 årsverk. Effekten av kutta vil få heilårsverknad i 2025
- Det er starta mange klassar med få elevar
- Større andel yrkesfagklassar fører til auka ressursbruk. Fordelinga mellom yrkesfagleg og studiespesialiserande liner er på henholdsvis 65 prosent og 35 prosent
- Det er behov for auka grunnleggande norskopplæring i vidaregåande skole. Både ved å opprette eigne klassar, men også med auka ressursar i ordinære klassar
- Auka utfordringar knytt til psykisk helse, fråvær og åtferd (rus, vald og truslar) hos elevane. Dette krev bemanning for å sikre særskild oppfølging og eit trygt og godt læringsmiljø

Frå hausten 2024 er det 138 fleire elevar i vidaregåande skole enn året før. I høve hausten 2023 er det i 2024 tatt inn 267 fleire elevar til yrkesfaglege utdanningsprogram og 129 færre elevar til studieførebuande utdanningsprogram. Auka elevtal til yrkesfaglege utdanningsprogram er fordyrande.

## Skolar med vesentlege mindreforbruk i 2024

Tabellen under viser dei 6 vidaregåande skolane som har eit mindreforbruk på over 2 prosent i 2024 (årsavvik i heile tusen kroner):

| Skole | Årsavvik | Prosentvis avvik |
|---|---|---|
| Gjermundnes vgs | 1 931 | 5,1 |
| Hustadvika vgs | 2 753 | 4,2 |
| Rauma vgs | 3 219 | 11,5 |
| Stranda vgs | 1 885 | 6,5 |
| Sunndal vgs | 4 604 | 13 |
| Tingvoll vgs | 1 351 | 6,6 |

**Gjermundnes vgs**
Mindreforbruket i 2024 var på om lag 1,9 mill. kroner. Skolen har redusert administrative ressursar ved skolen for å tilpasse drifta i 2025. Skolen ønsker å nytte mindreforbruket til å dekke tidlegare års

meirforbruk, innkjøp av manuell fresebenk på TIF, samt tilpasse drifta i 2025 knytt til reduksjon av midlar til særskilt tilrettelegging.

**Hustadvika vgs**
Mindreforbruket i 2024 var på om lag 2,8 mill. kroner. Skolen har redusert bemanninga med 4,75 årsverk. I tillegg er det kutta i vikarar, overtid, vidareutdanning og innkjøp. Skolen ønskjer å nytte mindreforbruket til å betale meirforbruk frå 2023 på 1,8 mill. kroner. I tillegg ønskjer skolen å bruke deler av mindreforbruket til å tilpasse nedtrekk av ressursar knytt til særskilt tilrettelegging etter ny modell i 2025.

**Rauma vgs**
Mindreforbruket i 2024 var på om lag 3,2 mill. kroner. Mindreforbruket skal nyttast til å tilpasse drifta i 2025 knytt til reduksjon av tildeling av midlar til særskilt tilrettelegging.

**Stranda vgs**
Mindreforbruket i 2024 var på om lag 1,9 mill. kroner. Skolen har blant anna kutta 2 årsverk i 2024 og redusert generelle driftsutgifter ved skolen.

**Sunndal vgs**
Mindreforbruket i 2024 var på om lag 4,6 mill. kroner. Mindreforbruket skyldast reduksjon i administrative stillingar. Skolen fekk også eit betydeleg beløp gjennom *Prosjekt 3469 Sunndal vgs "Opplæring barn og unge som søker opphold i Norge"*. Dette beløpet var vanskelig å budsjettere med inn i skolens drift for 2024. Det er ønske om å nytte midlane for gruppa gjennom tiltak i 2025. I tillegg vil skolen nytte ramma til å tilpasse drift knytt til særskilt tilrettelegging.

**Tingvoll vgs**
Mindreforbruket i 2024 var på 1,3 mill. kroner. Skolen drifter vaksenopplæringa på vegne av Tingvoll kommune. Dette blir refundert og påverkar skolen sitt driftsresultat positivt. Mindreforbruket skal nyttast til å tilpasse drifta etter ny tildelingsmodell for særskilt tilrettelegging, som er innført frå 2025.

## Skolar med vesentleg meirforbruk over 2 prosent av totalt budsjett

Tabellen under viser dei 10 vidaregåande skolane som har meirforbruk på over 2 prosent i 2024 (årsavvik i heile tusen kroner):

| Skole | Årsavvik | Prosentvis avvik |
|---|---|---|
| Borgund vgs | -4 218 | -2,4 |
| Herøy vgs | -1 028 | -2,2 |
| Romsdal vgs | -3 578 | -2,3 |
| Spjelkavik vgs | -3 248 | -6,0 |
| Surnadal vgs | -1 162 | -3,8 |

| | | |
|---|---|---|
| Sykkylven vgs | -2 362 | -6,3 |
| Ulstein vgs | -4 035 | -5,8 |
| Volda vgs | -1 642 | -2,7 |
| Ørsta vgs | -3 087 | -5,4 |
| Ålesund vgs | -7 950 | -4,8 |

**Borgund vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 4,2 mill. kroner. Meirforbruket skuldast auka elevtal som krev særskilt tilrettelegging og koordinerande tiltak. Dette er elevar som står i fare for å falle ut av vidaregåande skole. Tiltak som endring av kontaktlærer, to-lærarsystem, vikarbruk har allereie blitt justert. Det vil bli full effekt først i 2025.

**Herøy vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 1 mill. kroner. Meirforbruket skuldast uventa utgifter til opplæring/ kursing og driftsutgifter etter innkjøp av ny simulator, samt høge lønsutgifter. Skolen har kutta i stillingar hausten 2024. Det er venta full effekt frå 2025.

**Romsdal vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 3,6 mill. kroner. Meirforbruket skuldast auka utgifter til straum, lisensar og reinhald, samt svikt i kantinedrift og inntekter/refusjonar. I tillegg er det manglande inndekking av løn til stilling som er sett inn pga. krevjande utfordring i skolemiljøet i ei avdeling. Skolen har redusert 8,7 årsverk frå august 2024, der heilårseffekt først kjem i 2025. Det er også planlagt ytterlegare kutt i stillingar og andre driftskostnadar i 2025.

**Spjelkavik vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 3,2 mill. kroner. Meirforbruket skuldast overforbruk av løn og ressursar i samband med særskilt tilrettelegging for elevar. Skolen har vore restriktive på vikarbruk, innkjøp og ekskursjonar. Skolen får tildelt midlar til særskilt tilrettelegging for elevar i 2025.

**Surnadal vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 1,2 mill. kroner. Meirforbruket skuldast i stor grad for høge lønsutgifter. Skolen har iverksett tiltak for å redusere lønsutgiftene. Det er samanslått klassar, redusert overtid og innkjøp. Dette er venta å få full effekt frå 2025.

**Sykkylven vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 2,4 mill. kroner. Meirforbruket skuldast for høge lønskostnadar i henhald til budsjett. Skolen har kutta 5,5 årsverk frå 1. august. Heilårseffekten kjem først i 2025. Det har ikkje lukkast skolen å ta inn tidlegare års meirforbruk.

**Ulstein vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 4 mill. kroner. Meirforbruket skuldast for høge lønskostnadar i henhald til budsjett. Det har ikkje lukkast skolen å ta inn tidlegare års meirforbruk på 1,7 mill. kroner frå 2023.

**Volda vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 1,6 mill. kroner. Meirforbruket skuldast krav om inndekking av meirforbruk i 2023 som skulle dekkast inn i 2024, noko skolen ikkje har lukkast med. Det er også auke i talet på elevar som krev særskilt tilrettelegging. Skolen har iverksett tiltak i form av reduksjon i stillingar, kutt i lisensar og reiseaktivitet.

**Ørsta vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 3,1 mill. kroner. Meirforbruket skuldast inndekking av meirforbruk i 2023, samt høge lønsutgifter. Skolen har kutta i stillingar i 2024 som først får heilårsverknad frå 2025.

**Ålesund vgs**
Meirforbruket i 2024 var på om lag 7,950 mill. kroner. Meirforbruket skuldast høge lønskostnadar. Det er gjennomført store innsparingstiltak frå hausten 2024, der det blant anna er kutta til saman 20 årsverk, slått saman klassar i fellesfag og gjennomført innkjøpsstopp. Full effekt skjer først i 2025.

Ålesund vgs skole skil seg ut med meirforbruk over fleire år. Drift av skolen har skjedd på tre lokasjonar fram til no, sjølv om skolen fekk eit effektiviseringskutt i samband med omstilling 2020. Skolen har fått ettergitt noko av meirforbruket dei siste åra, men dette har ikkje vore nok.

I 2022 hadde skolen eit meirforbruk på 3 mill. kroner, medan meirforbruket i 2023 var på 13,9 mill. kroner. I 2024 er meirforbruket på 7,950 mill. kroner. Skolen signaliserer at det vil bli krevjande å dekke inn det store meirforbruk som er opparbeidd over fleire år.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at mindreforbruket på utvalsramma "Kompetanseområdet" på 5,394 mill. kroner (sjå tidlegare omtale) blir brukt til å dekke delar av meirforbruket på Ålesund vgs på 7,950 mill. kroner i 2024. Dette betyr at meirforbruket til Ålesund vgs blir redusert til 2,556 mill. kroner i økonomiplanperioden 2025 - 2028.

## Inndekking av meirforbruk

Tabellen under viser kva vidaregåande skolar som må dekke inn meirforbruk frå 2024 i noverande økonomiplanperiode (i heile tusen). Det er i denne tabellen tatt høgde for at mindreforbruket på Kompetanseområdet blir brukt til å dekke delar av meirforbruket på Ålesund vgs:

| Skole | Inndekking 2025 | Inndekking 2026 | Inndekking 2027 | Inndekking 2028 | Sum inndekking 2025-2028 |
|---|---|---|---|---|---|
| Atlanten vgs | -234 | | | | -234 |
| Borgund vgs | -1 055 | -1 055 | -1 054 | -1 054 | -4 218 |
| Herøy vgs | -257 | -257 | -257 | -257 | -1 028 |
| Kristiansund vgs | -66 | | | | -66 |
| Molde vgs | -905 | | | | -905 |
| Romsdal vgs | -895 | -895 | -894 | -894 | -3 578 |
| Spjelkavik vgs | -812 | -812 | -812 | -812 | - 3 248 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Surnadal vgs | -291 | -291 | -290 | -290 | -1 162 |
| Sykkylven vgs | -591 | -591 | -590 | -590 | -2 362 |
| Ulstein vgs | -1 009 | -1 009 | -1 009 | -1 008 | -4 035 |
| Volda vgs | -411 | -411 | -410 | -410 | -1 642 |
| Ørsta vgs | -772 | -772 | -772 | -771 | -3 087 |
| Ålesund vgs | -639 | -639 | -639 | -639 | -2 556 |
| **Totalt** | **-7 937** | **-6732** | **-6727** | **-6725** | **-28 121** |

Prinsipp om rammebudsjettering står fast. Det inneber at skolane til ein kvar tid må tilpasse drifta etter tildelte rammer. Budsjettfordelingsmodellen legg opp til ei objektiv tildeling, der grunntilskotet skal ta høgde for variasjonar. Det er ikkje gunstig at skolar får ettergitt heile/ delar av meirforbruket, mens andre skolar som driv i balanse/ har mindreforbruk ikkje blir tilgodesett med ekstra midlar. Samtidig kan store meirforbruk føre til at drifta blir kritisk ved fleire skolar.

Budsjettramma til vidaregåande skolar har vore trong i fleire år og skolane signaliserer at situasjonen dei siste åra har vore svært krevjande. Fylkeskommunedirektøren vurderer det derfor som nødvendig at det blir starta ein prosess med å tilpasse tilbod og skolestruktur, som tar omsyn til det sviktande elevgrunnlaget i åra som kjem.

## Næringsområdet

Resultat for utvalsramme “Næringsområdet” viser eit samla mindreforbruk på om lag 8,3 mill. kroner i 2024.

Næringsområdet arbeider med heile «økosystemet» for næringsutvikling; frå å få fram fleire gründerar (hoppid.no), til utvikling, innovasjon og forsking i kommunal og privat sektor. Området samarbeider strategisk med kompetanse- og innovasjonsmiljøa i Møre og Romsdal, og forvaltar fleire statlege ordningar frå ulike departement. Dette er verkemidlar vi lyser ut eller nyttar på regionale utviklingsprosjekt, forankra i fylkeskommunale planer og strategiar.

Næringsområdet sine einingar omfattar søkbare ordningar som er forankra i nasjonale planer, strategiar og lovverk som næringsområdet er satt til å drifte. Størsteparten av midlane på utvalsramma er søkbare midlar til nærings- og samfunnsutvikling.

Mindreforbruket skyldast:

- prisjustering og tilbakeføring av tilskot
- avvikling av Ocean Seaweed Centre i 2024 (2 mill. kroner)
- utsett tilsetting av Ph.d-stilling
- avsett midlar til fylkespaviljong på havbruksmessa Aqua Nor som først skal skje i 2025
- tilbakeført tilskot på 1,8 mill. kroner knytt til sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund kommunar i 2021. Prosjektet ble ikkje verksett

Prosjekt 1369 - "Markedsføring av Møre og Romsdal som reisemål" v/ Visit Nordmøre og Romsdal fekk tilskot på 1 mill. kroner i 2024. Av dette er 800 000 kroner utbetalt i 2024, mens resterande beløp på 200 000 kroner må overførast til 2025 for å dekke slutt utbetaling ved avslutning av prosjektet i 2025.

**Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond**

Fylkestinget har i sak T-39/23 delegert ansvaret for forvaltning og løyvingar frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond til det politiske utvalet som til ei kvar tid behandlar saker frå næringsområdet. I dag ligg dette ansvaret til Kompetanse- og næringsutvalet (KON-utvalet). Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond er eit ordinært disposisjonsfond i fylkeskommunen. Det vil seie at det er fylkestinget, som må gjere eit formelt vedtak om uttak av midlar frå fondet etter behandlinga i KON-utvalet på same måte som for dei andre fylkeskommunale disposisjonsfonda.

I slutten av oktober 2024 vart Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond styrka med om lag 58,7 mill. kroner frå vederlag for tildelingar av nye/utvida løyver for oppdrett av laks og aure i sjø. Ei politisk sak om forvaltinga av midlane i 2025 vert lagt fram til KON-utvalet våren 2025.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår at:

- 5,394 mill. kroner av mindreforbruket på utvalsramma "Kompetanseområdet" vert nytta til å dekke delar av meirforbruket ved Ålesund vgs (jfr. tidlegare omtale)
- Vidaregåande skoler med mindreforbruk i 2024 får med seg mindreforbruket til 2025
- Vidaregåande skolar med meirforbruk i 2024 blir trekt for meirforbruket i åra 2025-2028
- 200 000 kroner av mindreforbruket på utvalsramma for "Næringsområdet" i 2024 blir overført til 2025 for å dekke sluttutbetaling av prosjekt 1369 - "Markedsføring av Møre og Romsdal som reisemål i 2024"
- 1,1 mill. kroner av mindreforbruket på utvalsramma "Næringsområdet" i 2024 blir overført til 2025 for å dekke kostnader knytt til fylkespaviljong på havbruksmessa Aqua Nor

Dette medfører ein netto styrking av Kompetanse- og næringsområdet med om lag 9,5 mill. kroner i 2025 (styrking 17,4 mill. kroner- trekk 7,9 mill. kroner), samt trekk på om lag 6,7 mill. kroner på dei vidaregåande skolane per år i åra 2026-2028.

I tillegg foreslår fylkeskommunedirektøren å sette av 1,8 mill. kroner til Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond. Dette er tilbaketrekte midlar av løyving gitt frå fondet tidlegare. Sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund vart ikkje gjennomført i 2021 og 1,8 mill. kroner blir derfor foreslått tilbakeført fondet.

## Status fylkesplanmål

- Fylkesplanmål IK1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge
- Fylkesplanmål IK4: Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring
- Fylkesplanmål M3: Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtyper og artar
- Fylkesplanmål S1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål

- Fylkesplanmål S2: Møre og Romsdal skal samordne ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper
- Fylkesplanmål S3: Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforming i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit "vennskapsfylke" om berekraftmåla
- Fylkesplanmål V1: Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft
- Fylkesplanmål V2: Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering
- Fylkesplanmål V3: Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og kultur
- Fylkesplanmål V4: Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp
- Fylkesplanmål V7: Møre og Romsdal skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv

## Status måltabell

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål IK4: Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring** | Gjennomføre internasjonale aktivitetar som styrkar kvaliteten og aukar læringsutbyttet i vidaregåande opplæring. | Det har vore ei markant auke i dei årlege tildelingar frå Erasmus+ programmet, og i 2024 fekk fylkeskommunen og dei vidaregåande skolane nær 20 millionar kroner for å sende ut både elevar, lærlingar og tilsette på læringsopphald i Europa. Samla sett gjennomførte 622 elevar og rundt 150 tilsette ulike læringsaktivitetar i Europa i 2024.<br><br>Gjennom satsinga "Læretid i Europa" har stadig fleire lærlingar fått høve til å ta deler av læretida si hos ei bedrift i Europa. I 2024 gjaldt dette 45 lærlingar, mot 14 i 2023. Det er forventa at dette talet aukar vidare i 2025. | Alle skulane har deltatt i internasjonale prosjekt finansiert gjennom EU/Erasmus+ eller EØS | 20 | 15 | Herøy vgs, Molde vgs, Hustadvika vgs, Volda vgs og Tingvoll vgs gjennomførte ikkje eigne Erasmus+aktivitetar i 2024. Dei tre førstnemde er likevel aktive i Erasmus+, med planlagde aktivitetar i 2025. |
| | | | Lærlingar skal ha moglegheit til å få internasjonal erfaring gjennom EU/Erasmus+ | 20 | 45 | Gjennom satsinga Læretid i Europa gjennomførte 45 lærlingar eit lengre praksisopphald i Europa i 2024 som del av læretida. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | eller EØS prosjekt | | | |
| | Møre og Romsdal har eit omstillingsdyktig og fleksibelt utdanningssystem | Dei tre nye tilboda er:<br><br>Næringsforeningen i Ålesundsregionen: Kompetanseprogram for holistisk livsløpsvurderingar<br><br>NTNU Ålesund: Oppdatere to emne innanfor bygg og anlegg, og utvikle etter- og vidareutdanningsprogram for dei som er i jobb.<br><br>Nordveggen: KompetanseHUB-Romsdal. Etablere eit studiesenter for Romsdalsregionen | Auke antal personar som kvalifiserer til fagbrev nr.2 | 0 | 55 | 2024 var det 55 godkjente kontrakter med rettstype Yrkesfaglig rekvalifisering (det er flere løpende kontrakter). |
| | | | Tilskot har utløyst utgreiing av minimum to nye utdanningstilbod i Møre og Romsdal | 2 | 3 | Dei tre nye tilboda er:<br><br>Næringsforeningen i Ålesundsregionen: Kompetanseprogram for holistisk livsløpsvurderingar<br><br>NTNU Ålesund: Oppdatere to emne innanfor bygg og anlegg, og utvikle etter- og vidareutdanningsprogram for dei som er i jobb.<br><br>Nordveggen: KompetanseHUB-Romsdal. Etablere eit studiesenter for Romsdalsregionen |
| | Møre og Romsdal har eit arbeidsliv som legg til rette for livslang læring, og der fleire blir | Det er stor merksemd på livslang læring i nasjonal og regional politikk. I prosessen med Fylkesstrategi for kompetanse | Meir etter- og videreutdanning | 0 | | Indikatoren er henta frå SSB, tabell 12869, om livslang læring. Statistikken er ikkje oppdatert enda med tal frå 2023 og 2024. Andelen sysselsette som deltek i utdanning og formell utdanning auka kvart år frå 2019-2022. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | kvalifiserte i samsvar med behova i arbeidslivet | 2024-2027 forplikta arbeidslivet seg til å legge til rette for livslang læring. For arbeidslivet kjem dette til å bli viktigare framover, fordi arbeidslivet ikkje vil klare å rekruttere den kompetansen dei treng. Det å legge til rette for livslang læring og at fleire blir kvalifisert i samsvar med behova i arbeidslivet, handlar om å gjere tiltak på ei rekke områder; Legge til rette for at tilsette kan delta i EVU, ta imot lærlingar, ta imot personar som står utanfor arbeidslivet osv. Deler av arbeidslivet gjer alle desse tiltaka, og andre deler av arbeidslivet gjer noko. Vurderinga er at arbeidslivet gjer stadig meir, men at det framleis er forbetringsområde. | | | | |
| | | | Tilknyting til arbeidslivet (inkludere fleire) - Andel av befolkninga som er ein del | 0 | | Indikatoren er henta frå SSB, tabell 13563. Siste tal som er tilgjengeleg per år er 2023. Det er ei minimal auke i både personar som er i arbeidsstyrken og dei som står utanfor arbeidsstyrken, og andelen er tilnærma lik frå 2021-2023. Fram i tid vil andelen i arbeid bli negativt påverka av høgare alder og fleire |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | av arbeidsstyrken | | | pensjonistar. Framover vil det derfor bli viktig å inkludere fleire av dei som står utanfor arbeid og utdanning. |
| | | | Redusere utanforskap | 0,0 % | | Indikatoren er henta frå SSB, tabell 13563. Talet på personar som står utanfor arbeidsmarknaden aukar, men det er veldig små endringar frå tidlegare år. For samfunnet og den enkelte er det viktig at denne trenden snur. |
| | | | Redusere antall verksemder som rapporterer alvorlige rekrutteringsproblem (gjennom betre dimensjonering, etter- og videreutdanning) | 0 | | Indikatoren er henta frå Nav sin bedriftsundersøkelse som publiserast i mai kvart år. Bedriftene vert spurt om dei har forsøkt å rekruttere arbeidskraft dei siste tre månadene uten å få tak i rett eller ønsket kompetanse. Negative eller positive skift i næringslivet kan påverke indikatoren, ved høgkonjunktur kan eksempelvis fleire ha problem med å rekruttere enn i lågkonjunktur. 28 prosent av bedriftene i Møre og Romsdal rapporterte i 2024 at dei anten ikkje fekk rekruttert tilsette, eller måtte tilsette personar med lågare eller annan kompetanse. Det er ei auke frå 2023 da 25 prosent av bedriftene rapporterte det same. |
| | | | Andel av befolkninga med høgere utdanning | 0,0 % | | Indikatoren en henta frå SSB, tabell 09429. Utdanningsnivået i Møre og Romsdal aukar. Dette gjeld både i absolutte tal og som andel av befolkninga, både innanfor høgare akademisk og yrkesfagleg utdanning.<br><br>Andelen med kort og lang høgare akademisk utdanning har auka frå 23,5 (kort) og 6,5 (lang) i 2021 til 24,1 (kort) og 7,4 (lang). Veksten i dei med høgare yrkesfagleg utdanning aukar i mindre grad, men også her er det ei auke i 4,1 i 2021 til 4,2 i 2023. |
| | Auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring | 83,4 % av dei som starta på vg1 i 2017 fullførte med studie- eller yrkeskompetanse innan fem/seks år. Dette er høgare enn landsgjennomsnittet på 82,2 %. Gjennomføringa | Over 85 prosent av elevar og lærlingar skal gjennomføre etter fem/seks år i vidargåande opplæring. | 85,0 % | 83,4 % | Målinga er basert på 2017-kullet og målt 5/6 år etter at dei starta i vidaregåande opplæring. Gjennomføringa har auka samanlikna med førre måling og førre kull (2016-kullet). Kjelde: Gjennomføring i vidaregåande opplæring, Statistisk sentralbyrå |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | i Møre og Romsdal har auka med 0,4 prosentpoeng samanlikna med 2016-kullet.<br><br>Trenden med auka gjennomføring i vidaregåande opplæring held fram for 2017-kullet. Gjennomføringa er rekordhøg både nasjonalt og i Møre og Romsdal, med ein auke på 10,2 prosentpoeng frå 2006 til 2017.<br><br>Målsettinga i Møre og Romsdal er at over 85 % av elevar og lærlingar skal fullføre vidaregåande opplæring innan fem/seks år. Regjeringa har som mål at ni av ti skal fullføre innan 2030.<br><br>Gjennomføring i vidaregåande opplæring blir målt fem/seks år etter at elevane starta på vg1. Studieførebuande program blir målt etter fem år, medan yrkesfaglege program blir målt etter seks år. | | | | |
| | | | Minst 90 prosent av elevane skal | 90,0 % | 88,3 % | 88,3 prosent av elevane i Møre og Romsdal fullførte og bestod skoleåret 2023-2024. Vi er framleis på topp blant fylka, og resultatet |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | fullføre og bestå skoleåret | | | ligg 5,4 prosent over landsgjennomsnittet. Vi ser ein nedgang frå førre skoleår som hadde eit resultat på 89,6 prosent. Kjelde: Qlik app: Skole - gjennomføring<br><br>Resultatet ligg lågare enn dei fire siste skoleåra, men på same nivå som før pandemien. Talet på elevar som fullførte og bestod skoleåra under koronapandemien var rekordhøge. Nedgangen vi no ser, både i Møre og Romsdal og på landsbasis, kan ha fleire moglege forklaringar. Skoleåra under pandemien var utan eksamen, som er ein del av forklaringa til dei gode resultata desse skoleåra. Ei anna mogleg forklaring til at resultata har gått ned dei siste skoleåra er at vi ser ei auke i antal elevar som bruker meir enn normert tid på å fullføre opplæringa. Dette er i tråd med fullføringsreforma. Det er positivt at elevar som har utfordringar med å fullføre på normert tid vel å ta opplæringa over lengre tid, framfor å slutte. |
| | | | Færre enn 3 prosent av elevane skal slutte i løpet av skoleåret | 3,0 % | 3,1 % | 3,1 prosent av elevane slutta i løpet av skoleåret 2023–2024. Tala svarar til 260 elevar. Samanlikna med skoleåret 2022-2023 er tala stabile. Talet for Møre og Romsdal er litt betre enn landsgjennomsnittet som er på 3,4 prosent. Kjelde: Qlik app: Skole - gjennomføring<br><br>Talet på elevar som sluttar i løpet av skoleåret er stabilt. Det er færrast som sluttar innan studieførebuande utdanningsprogram. Fordelt på trinn er det flest som sluttar på vg1 og det er framleis er ei overvekt av gutar blant elevane som sluttar. Fordelt på sluttårsaker er det flest elevar under sluttårsak stort fråvær, og andelen har auka markant. Det er også ein stor andel som har permisjon som sluttårsak, men antalet her har gått ned. Det er viktig å merke seg at elevar som tek permisjon er meint å kome tilbake i opplæring på eit seinare tidspunkt og at dei er sikra plass ved inntaket etter permisjonen. Elles er det ein stor andel som har anna årsak/årsak ikkje oppgitt og feilval som sluttårsak. Vi ser ei lita auke i anna årsak/årsak ikkje oppgitt, mens det er færre som har feilval som sluttårsak. |
| | | | Minst 96 prosent av | 96,0 % | 91,8 % | 91,77 prosent har bestått fag- og sveineprøver i Møre og Romsdal i 2023. Vi |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | lærlingane skal bestå fag-/sveineprøva | | | går ned 1,05 prosentpoeng samanlikna med 2022, og ligg under landssnittet som er på 93,5 prosent. |
| | | | Færre enn 5 prosent av lærekontraktane blir heva. | 5,0 % | 6,2 % | 178 av 2 852 lærekontraktar vart heva i 2023. Dette utgjer 6,2 prosent av lærekontraktane. I 2022 vart 147 av 2 558 lærekontraktar heva, altså 5,7 prosent av lærekontraktane. Heving grunna «feilval» utgjer 1,5 prosent, og vil i realiteten seie at hevingsprosenten på lærekontraktane i 2023 er 4,7 prosent.<br><br>I prosent vart det heva færrast lærekontraktar innanfor elektrofag. Dei fleste lærekontraktane er heva som følgje av feilval eller av personlege årsaker. |
| | | | 90 prosent av søkarane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på Vg1 | 90,0 % | 88,3 % | Alle søkarar til vidaregåande opplæring for ungdom får tilbod om skoleplass på 1 av 3 søkte studieprogram på trinn 1, jf. opplæringslova § 5-1 sjette ledd.<br><br>Skoleåret 2023-2024 fekk 83,3 prosent av søkarane med ungdomsrett oppfylt primærønsket sitt på vg1. Til samanlikning fekk 81,2 prosent av søkarane med ungdomsrett oppfylt primærønsket sitt på vg1 inneverande skoleår 2024-2025. |
| | Betre overgangar for best mogleg gjennomføring i vidaregåande opplæring | Møre og Romsdal har ei positiv utvikling i antal lærekontraktar og antal elevar utplassert i yrkesfagleg fordjuping (YFF). Skolane har også gjennomført fleire aktivitetar knytt til arbeidslivet, for å gjere opplæringa meir praktisk og relevant. Ei utfordring er at alle no får rett til å fullføre dei utdanningsprogramma dei er tatt inn på. | Talet på nye lære- og opplæringskontraktar skal vere minst 1300 | 1 300 | 1 480 | Møre og Romsdal held fram med ei positiv utvikling med 1 480 nye lærekontraktar i 2023, opp frå 1 399 i 2022. Rapportert i kvalitetsmeldinga i oktober 2024. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Samarbeidet med næringslivet er avgjerande for å få tilgang til nok læreplasser og opplæringsplassar. | | | | | |
| | | | Oppfølgingstenesta skal ha kjennskap til alle som blir meldt inn (ikke ha status som "ukjent") | 100,0 % | 90,0 % | – | Vi fekk ei ny, stor målgruppe hausten 2024; dei mellom 21 og 24 år. Det viser seg utfordrande å få tak i folk i denne gruppa. Det blir arbeidd med rutinar for korleis vi skal nå fram. |
| | | | Minst 95 prosent av elevar med faget yrkesfagleg fordjuping skal ha praksis i bedrift i både vg1 og vg2 | 95,0 % | 75,0 % | ! | Skoleåret 2023-2024 var om lag 75 prosent av elevane utplassert i bedrift i faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Det var flest elevar frå vg2 som hadde utplassering i bedrift. Til samanlikning var det om lag 65 prosent som var utplassert skoleåret 2022-2023.<br><br>I tillegg blir det gjennomført fleire andre aktivitetar knytt til arbeidslivet ute på skolane, som bidreg til å gjere opplæringa meir praktisk retta og relevant. Dette er aktivitetar som ein større andel av elevane deltek på.<br><br>Alle elevar som går yrkesfag skal ha YFF. Dette er eit obligatorisk fag på vg1 og vg2 som gir elevane moglegheit til å prøve seg i eitt eller fleire aktuelle lærefag. Formålet er at elevane skal få eit godt grunnlag for å velje lærefag. |
| | Alle delar av fylket skal ha eit godt tilbod til vaksne med rett til vidaregåande opplæring | Dei vaksne er ei mangfold gruppe som bruker tid på gjennomføringa. Men resultata er likevel gode og som forventa. | Minst 80 prosent av søkarane til vidaregåande opplæring for vaksne skal få tilbod om å starte opplæring det skoleåret dei søker | 80,0 % | 80,0 % | ✓ | |
| | | | Minst 60 prosent av vaksne som startar på eit opplæringstilbod skal fullføre | 60,0 % | 60,0 % | ✓ | |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | som planlagd kvart år | | | |
| | Fagskolen i Møre og Romsdal skal i samarbeid med arbeidslivet utvikle attraktive utdanningar i tråd med dagens og framtidas kompetanse- og kapasitetsbehov | For at Fagskolen i Møre og Romsdal skal kunne utvikle og tilby attraktive utdanningar, krev det både eit samarbeid med arbeidslivet og kapasitet til å kunne tilby desse utdanningstilboda. Kapasitet er ressursar til utvikling og nok fagleg tilsette til å drive undervisning.<br><br>Fagskolen i Møre og Romsdal har fleire pågåande utviklingsprosjekt der dei samarbeider med arbeidslivet om utvikling av utdanningstilbod. Ein viktig føresetnad for å kunne raskt utvikle utdanningar som arbeidslivet treng, er å få på plass fagområdeakkreditering. Med fagområdeakkreditering kan fagskolen akkreditere sine eigne studie innan eit spesifikt område. Fagskolen i Møre og Romsdal fekk i 2024 på plass fagområdeakkreditering innan tekniske fag, og har i 2024 søkt | Minst 85 prosent av studentane skal gjennomføre ordinært studieløp. | 85,0 % | 77,4 % | Gjennomføre ordinært studieløp: 60 %. Utrekninga er basert på studentar inn og ut i eit heilt utdanningsløp. Utdanningane som har undervisningsform nett m/samlingar dreg ned gjennomføringsprosenten til skolen på grunn av betydeleg fråfall av studentar. For heiltidsutdanningane ved Fagskolen i Møre og Romsdal er gjennomstrøyminga på 77,4 %. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | om akkreditering innan to nye områder som dei vil få svar på i 2025.Fagskolen i Møre og Romsdal samarbeider tett med arbeidslivet knytt til utvikling av utdanningstilbodet.<br><br>Den største utfordringa for Fagskolen i Møre og Romsdal er å sikre tilstrekkeleg kapasitet til å drive utdanningstilboda. I likheit med arbeidslivet i Møre og Romsdal, er tilgang på nok arbeidskraft med rett kompetanse også ei utfordring for Fagskolen i Møre og Romsdal. | | | | |
| | | | Auke antall søkarar til fagskole | 0 | 157 | Antal søkarar auka frå 2023 - 2024 med 157 |
| | | | Minst 80 prosent av studentane skal få relevant arbeid etter gjennomført studium | 80,0 % | 77,0 % | Svaret er noko usikkert på grunn av låg svarprosent på undersøkingar sendt til studentane. |
| | | | Få akkreditert nytt utdanningstilbod | 1 | 1 | Fagskolen i Møre og Romsdal fekk i 2024 på plass fagområdeakkreditering innan tekniske fag. |
| | Alle vaksne skal få tilbod om god | Det var mange fleire enn planlagt som fekk | Det skal gjennomførast minst 750 karriererettleii | 750 | 1 290 | 494 individuelle karriererettleiingar for vaksne over 19 år<br><br>796 i grupperettleiingar |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | karriererettleiing | karriererettleiing i 2024, og auken skuldast hovudsakleg fleire innvandrarar og at tilbodet no er samla under fylkeskommunen. Det har vore arbeidd systematisk med å utvikle karriererettleiingstilbodet, og målingar viser svært høg brukartilfredsheit. Mot slutten av 2024 starta vi arbeidet med å forenkle bookingløysinga, og vi har starta ein pilot for bruk av KI for tolketeneste. | ngar for vaksne i karriere Møre og Romsdal kvart år | | | 115 individuelle karriererettleiingar for flyktningar |
| | | | 90 prosent av dei som har fått rettleiing skal vere ganske fornøgd eller svært fornøgd med karriererettleiinga dei får | 90,0 % | 96,0 % | Svært godt resultat. Også samanlikna med landet sett under eitt |
| **Fylkesplanmål M3: Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtyper og artar** | Oppnå og oppretthalde god miljøstand i minst 90 prosent av vassførekomstane i regionen innan 2027 | Det ble gjennomført miljøforbetrande tiltak i alle vassområde i 2024. Tiltak bestod av både flaskehalsanalyser, tiltaksplanlegging og tiltaksgjennomføring. Tiltaka vart delvis gjennomført med tilskot fra | Sette i verk minst to habitatforbetrande tiltak i vassforekomster som ikkje har god miljøtilstand i kvart av vassområda | 2 | 10 | Det er satt i verk tiltak for å betre miljøtilstanden i alle vassområda i Møre og Romsdal vassregion i 2024. Tiltaka har bestått av både nye flaskehalsanalyser og tiltaksplanlegging, praktisk tiltaksgjennomføring og restaurering. Dei største tiltaka var gjennomføring av restaurering av Vaulen i Rindal, habitattiltak i Grundvågen på Smøla og habitattiltak i Mittetelva i Rauma kommune. Restaureringa av Vaulen innebar å opne ein kanal mellom to vatn som har vore gjengrodd dei siste 30 åra etter eit gjødselutslepp og sterk næringstilførsel. På Smøla vart det opna ein fiskebarriere ved utløp til sjø, samt fjerna vegetasjon i vassdraget og lagt ut gytegrus for å betre forholda for sjøaure. I Mittetelva |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | vassforvaltningsmidlane. | | | | vart det gjennomført habitattiltak som foreslått i tiltaksplan.<br><br>Andre tiltak som vart gjennomført i 2024 var flaskehalsanalyse og tiltaksplan i Fuglvågselva i Aure, Bådalselva på Averøya, Vikeelva i Sykkylven, Mauseidvassdraget, og tiltaksplan og kartlegging av sjøaurevassdrag i Sylte- og Moavassdraget i Hustadvika, sjøaurevassdrag i Ørsta og flaumslette i Barstadvik. |
| **Fylkesplanmål S1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål** | Møre og Romsdal har samarbeid om kompetanse på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og utdanningsinstitusjonar | Første møte i Kompetanseforum Møre vart gjennomført i januar 2025. | Etablere Kompetanseforum i Møre og Romsdal | 100,0 % | 100,0 % | Første møte gjennomført i januar 2025 |
| | | | Vidareutvikle eit digitalt og tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag som skal bidra til felles forståing av kompetansebehova og andre sentrale utviklingstrekk i regionen | 100,0 % | 100,0 % | Første versjon av Kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov i Møre og Romsdal er publisert.<br><br>https://kompetanse.mrfylke.no/<br><br>https://kompetanse.mrfylke.no/tilbud/moreogromsdal/moreogromsdal.html<br><br>https://kompetanse.mrfylke.no/kvalitet2024/forside/forside.html |
| **Fylkesplanmål S2: Møre og Romsdal skal samordne ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett** | Styrke samarbeidet knytt til integrering av flyktningar | Styrka samarbeidet med dei offentlege samarbeidspartane. Det er gjennomført kompetansehevande tiltak for tilsette i kommunane innan mange områder. | Fylkeskommunen skal anbefale busetting til IMDi (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) på bakgrunn av lokale vurderingar | 100,0 % | 100,0 % | I anbefalingsarbeidet har fylkeskommunen hatt møter med kommunane. Det er gjennomført fire regionmøte med leiar av flyktningtensta. Det er sendt ut spørjeskjema til kommunane. Det er nytta statistikk frå IMDi og Panda-analyse. Vår vurdering blei lagt fram for KS og IMDi. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **funksjonsevne og andre utsette grupper** | | | | | | |
| | | | Gjennomføre kompetansehevande tiltak for kommunane i samarbeid med regionale sektormyndigheiter | 100,0 % | 100,0 % | Revidert samarbeidsavtalen med Nav Møre og Romsdal.<br>Revidert samarbeidsavtalen med «Ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging, region midt» (RVTS Midt), Statsforvaltaren, politiet, Husbanken, Bufetat og Trøndelag fylkeskommune<br><br>Gjennomført 12 teamsmøter/webinar i samarbeid med andre.<br>Tema for møta;<br>• Flyktningane skal raskare ut i jobb<br>• Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald - avdekking og handlingskompetanse<br>• Ikkje reis, forebyggande tiltak mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting<br>• Etablere bedrift<br>• Vidaregåande opplæring for vaksne<br>• Flyktningar frå Ukraina - status, sosiale spørsmål, korrupsjon, språk og høgare utdanning<br>• Arbeidsretta introduksjonsprogram. NAV og kommunen som arbeidsgivar<br>• Busetting og kompetansekartlegging<br>• Tolking av lovar og reglar<br>• Innsøking til vidaregåande opplæring<br>• Teieplikt og avvergarplikt<br>• Frukostmøte, opent diskusjonsmøte<br><br>Gjennomført 2 fysiske samlingar i samarbeid med andre:<br>Evaluering- og utviklingssamling for karreierområdet for tilsette i flyktningtenesta<br>Fagdag med tema negativ sosialkontroll og æresrelatertvald- med særskilt fokus på ufrivillige utanlandsopphald.<br><br>Gjennomført 8 kommunemøter for alle 27 kommunane i samarbeid med Nav Møre og Romsdal for flyktningtenesta, vaksenopplæringa, Nav-kontora og |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | kommuneleiinga.<br>Tema på møta;Busetting 2024 og 2025<br>• Flyktningane frå Ukraina<br>• Samarbeid mellom kommune og NAV-kontor<br>• Samarbeid om introduksjonsprogrammet<br>• Orientering frå fylkeskommunen og NAV Møre og Romsdal<br><br>Gjennomført fire regionvise møte med leiarane i flyktningtenesta hausten 2024. Tema på møta;<br>• Status for arbeidet med busetting 2024 og 2025<br>• Erfaringsdeling om samarbeid, teieplikt, arbeidsretting av introduksjonsprogrammet, norskopplæring, einsleg mindreårige mm. |
| **Fylkesplanmål S3: Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforming i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit "vennskapsfylke" om berekraftmåla** | Delta i minst to EU-/EØS-prosjektsøknadar kvart år for å auke den internasjonale aktiviteten i fylkeskommunen | Møre og Romsdal fylkeskommunen søkte til saman tre prosjekt i 2024. Eitt av desse, Interreg Nordsjø-prosjektet CircleBIM om sirkulær forvaltning av bygg og eigedom, vart starta opp. Det vart søkt om to Horisont Europa-prosjekt, men her er konkurransen hard og suksessraten låg, og desse vart ikkje innvilga. Særleg det eine prosjektet om sirkulærøkonomi fekk veldig god evaluering, og vi har lært mykje | Delta i minst to EU-/EØS-prosjektsøknadar kvart år for å auke den internasjonale aktiviteten i fylkeskommunen | 2 | 3 | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | frå prosessen og evalueringa som blir nyttig framover. | | | | |
| | Kunnskapsbygging og auka verdiskaping i regionen gjennom internasjonalt samarbeid | EU-nettverket vart avvikla våren 2024 som eit omstillingstiltak, men dette har fått seksjon for internasjonalt samarbeid til å arbeide og aktivisere regionale aktørar på ein meir målretta måte der vi ser at det er vilje og potensial til å få ting til. Dette har medverka til nye samarbeids- og utviklingsprosjekt blant fleire aktørar i regionen det siste året:<br>• i RECLAIM samarbeid Kristiansund, Molde og Ålesund kommune om å ta i bruk ny KI-teknologi for å rydde kysten for plast og | Gjennomført handlingsplan 2024 for EU-nettverk Møre og Romsdal | 100,0 % | 100,0 % ✔ | |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | bruke denne plasten på gode, grøne måtar. Prosjektet er ein demonstrasjon, altså ein test, i forlenging av eit større Horisont Europa-prosjekt kjent som SeaClear 2.0.<br>• i NORA-prosjektet Cowork for bygdeliv har Stiftinga Geiranger Verdarvssenter lyst ut eit digitalt nomade stipend, og skal no ta imot fem familiar og | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | fem einslege i perioden februar-mai 2025. Målet er at nokre av gjestene skal bli buande, men prosjekt utforskar også ei heilt ny målgruppe innan reiseliv og sjåast i tydeleg samanheng med vårt eige EDIN-prosjekt innan same tematikk. Prosjektet skjer i partnarskap med Færøyene og Island og er støtta av Nordis | | | | |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | k Atlanterssamarbeid (NORA), eit samarbeid vi tar sikte på å bruke meir framover.<br><br>At kommunar og andre aktørar i regionen tar del i prosjekt også utan oss ser vi som positivt. Dette bidrar til at dei bygger opp kapasitet og kunnskap kring internasjonale samarbeid og prosjektkoordinering, og på sikt kan hente meir frå desse programma på eige initiativ.<br><br>Samtidig har vi fulgt opp dei internasjonale politiske verva og engasjementa til fylkespolitikarane betre og meir strukturert enn tidlegare, og gjort tydeleg greie for kvifor og korleis vi skal arbeide for å bygge kunnskap og påverke i europapolitikken på best mogleg måte i det vidare. | | | | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål V1: Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft** | Styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar | I 2024 vart det gitt tilskot til 14 tverrfaglege prosjekt som utløyste utviklingsarbeid for til saman 24 millionar kroner i Møre og Romsdal, der 9 millionar kroner var i form av tilskot og 15 millionar kroner var arbeidsinnsats frå mottakarane. Prosjekta som har fått støtte spenner frå utvikling av sirkulære verdikjeder innan fleire bransjar (tekstil, slam, salt frå klippfisk, algeproduksjon, foredling av marint restråstoff) til energiprosjekt som skal sikre nettinfrastruktur, optimal utnytting av eigenprodusert kraft og lagring av energi. | Tilskot til utviklingsprosjekt skal ha utløyst utviklingsarbeid med ein verdi på minst 20 mill. kroner i løpet av 2024. | 20 | | Dette blir svart ut i neste måleindikator |
| | Utvikle grøn sirkulær økonomi gjennom industriell symbiose på tvers av verdikjeder | I 2024 vart det gitt tilskot til 14 tverrfaglege prosjekt som utløyste utviklingsarbeid for til saman 24 millionar kroner i Møre og Romsdal, der 9 millionar kroner var i form av tilskot og 15 millionar kroner var | Tilskot til større verdikjede- og digitaliseringsprosjekt skal ha utløyst utviklingsarbeid med ein verdi på minst 20 mill. kroner i løpet av 2024. | 20 | 22 | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
Billettinntektene for fylkesvegferjedrifta vart 13 prosent lågare enn budsjettert. FRAM opplever ei auke i talet elbilar og køyretøy som er knytt til ei rabattordning. Med den lovpålagte rabattordninga for elbil på 30 prosent, så mister fylkeskommunen 65 prosent av inntektene når elbilane også har ein AutoPASS forskotsavtale (først blir billetten rabattert med 30 prosent, og deretter blir restbeløpet ytterlegare redusert med 50 prosent). Dette leiar til at gjennomsnittleg inntekt per køyretøy går ned. Foreløpige estimat viser at rabattordninga reduserte inntektene i 2024 med om lag 20 mill. kroner samanlikna med 2023. Dette til tross for at rabattane for elbilar vart redusert frå 50 prosent til 30 prosent 18. mars 2024, og at alle ferjesambanda auka med ein takstsone 1. juli 2024.

Reduksjonen i salsinntektene i 2024 kan også knytast til stenginga av Trollstigen. I perioden juni–august 2024 gjekk samla tal køyretøy på sambanda Eidsdal–Linge og Sølsnes–Åfarnes ned med 11 prosent.

Utgiftssida har eit meirforbruk på 27,8 mill. Kroner. Kontraktskostnadane for fylkesvegferjedrifta med tilhøyrande kjøp av andre tenester, viser ein meirkostnad 2,5 prosent høgare enn budsjett. Dette kjem i hovudsak av utviklinga i indekser frå 4. kvartal 2022 til 3. kvartal 2023. Indekseffekten i 2024 er berekna til 22,4 mill. kroner. Det resterande delen av avviket er knytt til auka kostnadar til sentral tenesteleverandør (STL).

## Hurtigbåt

Resultat 2024 for hurtigbåtdrifta viser eit meirforbruk på om lag 7,2 mill. kroner. Talet reisande på båt i 2024 har hatt ein nedgang samanlikna med åra før, og inntektstapet er på 5,7 mill. kroner. Samanlikna med budsjett utgjer dette eit avvik på 20,3 prosent.

## Fylkesveg

Utvalsramma viser eit samla netto meirforbruk på om lag 15 mill. kroner i 2024.

Meirforbruket skuldast følgjande:

Administrasjon og forvalting fylkesveg har eit mindreforbruk på 1 mill. kroner.

Drift og vedlikehald veg har eit meirforbruk på om lag 15 mill. kroner som i hovudsak skuldast mottatt sluttoppstilling på driftskontrakt. Fylkeskommunen er ikkje einig i kravet, og det er dermed usikkert kva som blir endeleg kostnad knytt til kontrakten. Det er også meirforbruk pga. for lavt budsjetterte straumkostnader. Kostnader til LPS (lønns- og prisstiging) vart vesentleg lågare enn føresett i detaljbudsjetteringa, og dette reduserer meirforbruket.

Forvalting og vedlikehald bru og kai har eit meirforbruk på om lag 3,6 mill. kroner som skuldast auka kostnader i vedlikehaldskontraktane.

Trafikktrygging har eit venta mindreforbruk på om lag 2,3 mill. kroner som gjeld utbetaling av trafikktryggingsmidlar til kommunar. Av desse må 1,3 mill. kroner overførast til 2025, då det er forseinka framdrift i prosjekta og nødvendig dokumentasjon for utbetaling ikkje var klar i 2024.

## Oppsummering tiltak

Sidan 2016 har avvik som skuldast både positiv og negativ indeksutvikling på samferdselsområdet vore regulert mot sentralt disposisjonsfond (indeksfond). Ved utgangen av 2023 var det ikkje tilstrekkelege midlar på fondet til å dekke negativ indeksutvikling for 2023 og ein måtte bruke 36,7 mill. kroner frå sentralt disposisjonsfond for å dekke den negative indeksutviklinga på om lag 42,470 mill. kroner i 2023. Auka kostnader som følgje av indeks utgjorde om lag 30,4 mill. kroner i 2024.

Samferdselsområdet har hatt eit inntektstap på til saman om lag 56,8 mill. kroner i 2024, dette er knytt til buss, fylkesvegferje og hurtigbåt. For buss skuldast dette endra reisemønster etter pandemien og endra sonestruktur. For fylkesvegferje skuldast dette auke i talet på elbilar. Dette leiar til at gjennomsnittleg inntekt per køyretøy går ned. Fylkeskommunedirektøren finn det urimeleg at samferdselsområdet må dekke inn tapte billettinntekter i 2024. I økonomiplan 2025-2028 er det lagt inn ei styrking allereie frå 2025 for å dekke framtidig inntektssvikt.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at meirforbruk på fylkestingsramme "Samferdselsområdet" knytt til kostnadsvekst på kontraktar (auka indeks) og tapte billettinntekter på totalt 87,2 mill. kroner ikkje blir trekt i ramma for 2025.

Fylkeskommunedirektøren forslår å overføre mindreforbruk på 1,3 mill. kroner "Trafikktryggingsmidlar" i 2024 til 2025.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at eit netto meirforbruk på fylkestingsramme "Samferdselsområdet" på 24,783 mill. kroner i 2024 blir trekt i ramma for 2025.

## Status fylkesplanmål

- Fylkesplanmål IK1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge
- Fylkesplanmål IK5: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport
- Fylkesplanmål M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor
- Fylkesplanmål M3: Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtyper og artar
- Fylkesplanmål M6: Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar
- Fylkesplanmål M7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering
- Fylkesplanmål S1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål
- Fylkesplanmål S2: Møre og Romsdal skal samordne ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper
- Fylkesplanmål S4: Møre og Romsdal skal ha levende lokaldemokrati, der alle innbyggarar, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforming av sine lokalsamfunn
- Fylkesplanmål V5: Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggarane og næringslivet sine behov
- Fylkesplanmål V6: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn

## Status måltabell

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål IK1: Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge** | Møre og Romsdal skal minst halvere talet på hardt skadde og drepne på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal innan 2030 | Basert på foreløpige ulykkestal vart 4 personar drepne på fylkesveg i Møre og Romsdal og 1 drept på E39, samt 13 hardt skadde på fylkesveg i Møre og Romsdal i 2024. Endelege ulykkestal frå Statens vegvesen for 2024 kjem i juni 2025.<br><br>Innanfor det haldningsskapande trafikksikkerheitsarbeidet har det i 2024 vore lagt særleg vekt på samarbeid med andre aktørar. "Den norske samarbeidsmodellen" blir ofte omtala som suksessformel i dette arbeidet. Eksempel på samarbeid:<br><br>• I oktober 2024 arrangerte MRFK i samarbeid med Trygg Trafikk Trafikktryggingskonferanse i Molde: Trafikktryggingskonferansen 2024: Viktig arena for læring<br>• Vi markerte refleksdagen ved Bekkevoll ungdomsskole i oktober 2024: Markerte refleksdagen dag på Bekkevoll ungdomsskole | Talet på hardt skadde og drepne er redusert i samsvar med målet om halvering innan 2030. Måltall 2024: <22 | 22 | 17 | |
| **Fylkesplanmål IK5: Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar og tettstader med særpreg, som** | Møre og Romsdal skal ta all vekst i persontransport i dei største byområda med auka bruk av kollektivtransport, mobilitetsløysing | **Bypakke Ålesund**<br><br>Gateterminalen som er det nye kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum, blei opna 23. desember 2024. Gateterminalen er lagt til rette med breie, støypte fortau som er oppvarma på | Auke i antall reisande med kollektivtransport: Fylket elles (distrikts- og langdistansetrafikk): 7 prosent auke i tal reisande i 2024 samanlikna med 2023 | 7,0 % | -1.1 | Lengre reiser vart rimelegare i ny sonestruktur, og det kan vere noko av årsaka til at distrikt- og langrutene har klart seg betre enn byrutene. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport** | ar, sykling og gåing. Møre og Romsdal skal ha meir universell utforming, vekst i grøn transport og tryggare ferdsel for mjuke trafikantar. | vinteren, tre i plantekasser og romslege venteskur.<br><br>Oppgradering av fylkesveg 60 mellom Blindheim og Flisnes er godt i gang. Fylkesvegen er ikkje utforma for dagens eller framtidas trafikk. Strekninga får ei kraftig oppgradering med blant anna ny rundkøyring, nye undergangar, fortau og ny gang- og sykkelveg på deler av strekninga, tre busshaldeplassar på kvar side av vegen i samsvar med dagens standard og støyskjermingstiltak langs fylkesvegen vil gi eit betre bumiljø.<br><br>**Bypakke Kristiansund**<br><br>Fagleg grunnlag for bypakke Kristiansund blei behandla i bystyret i Kristiansund og i fylkestinget våren 2024. Samferdselsdepartementet har sett i gang ekstern kvalitetssikring (KS2) av finansieringsgrunnlaget og kostnadsoverslag for bypakken. Deretter vil bompengeproposisjonen bli fremma for Stortinget før bygginga kan starte. | | | | |
| | | | Auke i antall reisande med kollektivtransport: Kristiansund: 3 prosent auke i tal reisande i 2024 samanlikna med 2023 | 3,0 % | -12 | Det manglar data pga. innføring av nytt billetteringssystem (spesielt starten av 2024), og den reelle nedgangen i reisetalsutviklinga er lågare enn dette. |
| | | | Auke i antall reisande med kollektivtransport: Molde: 4 prosent auke i tal reisande i 2024 samanlikna med 2023 | 4,0 % | -8.4 | Det er manglar i reisetal knytt til innføring av nytt billetteringssystem, men APC viser også ein nedgong. Det har også vore ei negativ trend over tid i Molde. Her har |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | det ikkje vore større rutejusteringar på lang tid, og dette kan vere noko av årsaka. Ny kontrakt med rutejusteringar frå og med 2025. |
| | | | Auke i antall reisande med kollektivtransport: Ålesund: 5 prosent auke i tal reisande i 2024 samanlikna med 2023 | 5,0 % | -3.7 | ❗ | Verkar å vere reell sidan nytt billetteringssystem ikkje vart innført før hausten 2024. Trenden for APC er den same. |
| **Fylkesplanmål M1: Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor** | Møre og Romsdal skal redusere samla klimagassutslepp. For mobilitets- og kollektivtransporten er målet 55 prosent i løpet av 2024, samanlikna med utsleppa av klimagassar i 2019. Samferdselsområdet i Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider for å bli klimanøytral i 2030 | **Kollektiv**<br>Kollektivtransporten har redusert klimagassutsleppa med 38 prosent i 2024 samanlikna med utsleppa i 2019. Dette er førebelse tal, vi manglar tal for nokre rutepakker (buss).<br><br>**Fylkesveg**<br>Frå 1. januar 2024 vart det innført skjerpa krav for å vektlegge klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar. Klima- og miljøomsyn skal som hovudregel vektast med minimum 30 prosent. Dette er innarbeidd i vegdriftskontraktane som er lyst ut i 2024. | 47 prosent reduksjon av $CO_2$-utslepp frå forbruk i FRAM sine driftskontraktar på buss, ferje og hurtigbåt, samanlikna med 2019 | 47,0 % | 38,0 % | ❗ | Vi manglar tal for Kystekspressen (vår del) og tal for buss - rutepakke 1-7. Det er difor bruka same tal som i 2023 for Kystekspressen (vår del) og rutepakkene 1-7. |
| | | | Fastsette metodikk for klimabudsjett og -rekneskap for samferdselsområdet | 100,0 % | 50,0 % | ⊖ | Vi har i 2024 vidareført arbeidet med innhenting av tal på klimagassutsleppa som følge av drivstoff, salting, strøing og brøyting av fylkesvegar med vekt på dei direkte og indirekte utsleppa knytt til produksjon av |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | innsatsfaktorane salt og vegsand. |
| **Fylkesplanmål M3: Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtyper og artar** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal avgrense skadeverknad av tiltak og aktivitet knytt til fylkesveg | Fylkesvegavdelinga har mål om å unngå tap av dyrkamark og myr ved traséval og bygging av fylkesveg. For prosjekt som vart avslutta i 2024 var det ikkje registrert tap av dyrkamark eller myr i nokon avslutta prosjekt. | Unngå tap av dyrkamark og myr ved trasèval og bygging av fylkesveg. Tal dekar skal rapporterast. Mål: 0 | 0 | 0 | ✓ |
| **Fylkesplanmål M6: Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar** | Møre og Romsdal skal tilpasse dei mest kritiske delane av det fylkeskommunale transportsystemet til klimaendringar knytt til vind og vatn, og vi har beredskap for handtering av uønskte hendingar | Det er gjennomført faste beredskapsøvingar slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår.<br>I 2024 var det fleire vêrhendingar kor beredskapen vart testa i praksis. Beredskapsorganisasjonen samhandla slik som planane tilseier og det vart ingen større skadar.<br><br>**Trollstigen**<br>Etter risikovurderingar vart det bestemt å stenge Trollstigen for trafikk sesongen 2024. Arbeid med strakstiltak i Trollstigen vart starta opp kort tid etter at regjeringa løyvde 40 mill. kroner til Trollstigen i juli. | Beredskapsøvingar skal bli gjennomført i tråd med plan, >95% | 95,0 % | 100,0 % | ✓ |
| | | | Stikkrenner som vert skifta ut er dimensjonert for auka vassføring der det er behov, >90% | 90,0 % | 100,0 % | ✓ |
| **Fylkesplanmål M7: Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for gjenbruk av god avfallshandtering på | • Gjenbruk av vegutstyr i utbyggingsprosjekter vurdert der det er aktuelt.<br>• Avfall handterast med minst 80 prosent sortering i | Avfall skal handterast med minst 80 % sortering i utbyggingsprosjekt | 80,0 % | 96,0 % | ✓ |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering** | samferdselsområdet | vegutbyggingsprosjekt.<br>• Gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar. | | | | |
| | | | Dokumentere at gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar. Mål: 100 % | 100,0 % | 100,0 % | |
| **Fylkesplanmål S1: Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal ha eit godt samarbeid med stat, kommunar, andre fylke og andre aktørar om transport og transportsystem i fylket | • Samferdselsområdet har hatt møte med kommunar og fylkeskommunar, deltar i fleire KS-nettverk og fora i Kollektivtrafikkforeningen.<br>• Samferdselsområdet er fast deltakar i fleire forum med andre fylkeskommunar, som til dømes Vestlandsrådet, Samarbeidsforum for samferdsel Midt-Norge, og Jernbaneforum for Dovre- og Raumabanen. | Gjennomføring av møte med minimum 9 ulike samarbeidsaktørar (t.d. fylkeskommunar, kommunar, Bane Nor, Statens vegvesen, Nye Veier, komitéar, private aktørar, relevante organisasjonar). | 9 | 10 | |
| **Fylkesplanmål S2: Møre og Romsdal skal samordne ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre** | Møre og Romsdal skal bidra til gode vurderingar knytt til trafikktrygging og universell utforming i formelle planprosessar i kommunane | Samferdselsområdet vurderer trafikksikkerheit i alle saker på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring. I 2024 behandla plan- og trafikkseksjonen 1281 saker etter plan- og bygningslova og sendte i tillegg ut 2485 brev knytt til forvaltning av vegnettet og som svar på førespurnader frå publikum | Alle relevante kommunale planer på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring er vurdert opp mot trafikktryggleik. >96 | 96,0 % | 99,5 % | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **utsette grupper** | | | | | | |
| **Fylkesplanmål S4: Møre og Romsdal skal ha levende lokaldemokrati, der alle innbyggarar, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforming av sine lokalsamfunn** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for innspel frå innbyggarane og kommunisere tydeleg | Når det gjeld høyringar kunne det vore fint med ei digital løysing slik at innbyggarar kan gje innspel digitalt. | 100% av pågåande vegprosjekt har ein plan for kommunikasjonsarbeidet | 100,0 % | 100,0 % | |
| | Nytte fylkeskommunen sine rådgivande utval aktivt i arbeid med styringsdokument og i utvikling av vårt tenestetilbod | Dette resultatet vil variere frå år til år. Vi vil involvere rådgivande utval under rullering av fylkesstrategi for samferdsel i 2025, så talet for 2025 kan bli høgare enn i 2024. | Eldrerådet, rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomspanelet, har vore involvert i minst to relevante saker eller planer på kvar fagavdeling | 2 | 2 | |
| **Fylkesplanmål V5: Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggarane og næringslivet sine behov** | Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra til utvikling og innovasjon for betre og billigare samferdselsløysingar | Møre og Romsdal fylkeskommune bidrar i FoU-prosjektet «Rehabilitering av lågtrafikkerte veger» i regi av Sintef og NTNU. Prosjektet vart sett i gang i 2024 og har ein prosjektperiode på fire år.<br><br>FRAM deltek saman med fleire andre fylkeskommunar og kollektivselskap i eit offentleg-offentleg samarbeid for utvikling av ein ny mobilitetsplattform. Nytt billetteringssystem er sett i drift i 2024. Gjennom satsinga får FRAM tilgang til ein mobilitetsplattform som bygger eit økosystem som fremmar digital innovasjon. Formålet med denne satsinga er å sikre alle innbyggjarar eit trygt, berekraftig og effektivt reisesystem. | 2 nye tenester eller tilbod skal gjerast tilgjengeleg i FRAM sin mobilitetsplattform | 2 | 0 | Arbeidet kom i gang, men det vart ikkje implementert nye tenester i appen i 2024. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Etablere felles prosjektgruppe med Helse Midt-Norge RHF, som skal følgje opp intensjonsavtale med sikte på i større grad å samordne transportkjøpa. | 100,0 % | 0,0 % | | Det foregår arbeid knytt til dette på nasjonalt nivå, initiert av bl.a. Kollektivtrafikkforeningen. Vi har delteke i arbeidsmøte og gitt innspel. Pga. kapasitet og økonomi er det ikkje oppretta eit eige prosjekt i Møre og Romsdal. |
| | | | Gjennomføre dialog med leverandørmarknaden i forkant av alle større kontraktar der det er relevant. Alle kontraktar over 100 mill. kroner skal bli vurdert | 100,0 % | 100,0 % | | |
| | Møre og Romsdal fylkeskommune skal redusere eller i det minste ikkje auke vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet | Fylkesvegane i Møre og Romsdal har eit vedlikehaldsetterslep på om lag 17 mrd. kroner. Det er behov for over 500 mill. kroner meir til vedlikehald kvart år i tillegg til dei tildelingane som er avsett, om vedlikehaldsetterslepet ikkje skal auke.<br><br>**Tunneloppgradering**<br><br>Fylkesvegnettet i Møre og Romsdal har 33 tunnelar som er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta. 25 av dei har behov for oppgradering for å fylle krava i regelverket. I 2024 vart det inngått kontrakt for oppgradering av Selvågtunnelen.<br><br>**Ny Nerlandsøybru**<br><br>Bygging av ny Nerlandsøybru i Herøy kommune haldt fram i 2024. Ny bru skal stå ferdig i 2025. | Etablere plan for innhenting av vedlikehaldsetterslep | 100,0 % | 90,0 % | | En metode for bru og kai står att. |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | [Fv.5878 Nerlandsøybrua - Møre og Romsdal fylkeskommune (mrfylke.no)](mrfylke.no) | | | | |
| | | | Oversikt over naudsynte vedlikehaldstiltak som ikkje er inndekt i budsjett, skal oppdaterast fortløpande. >90 % | 90,0 % | 100,0 % | |
| | | | Årleg oppdatering av vegdata frå målebil for heile fylkesvegnettet, som grunnlag for tilstandskartlegging. Mål: >90 % | 90,0 % | 100,0 % | |
| | Møre og Romsdal skal ha eit føreseieleg og tilgjengeleg ferjetilbod | **Ferjedrift**<br><br>Det vart frakta i overkant av 4,5 mill. køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2024. Dette er ei auke på 2,5 prosent samanlikna med 2023. Fylkeskommunen har mål om servicegrad på 98 prosent for fylkesvegferjesambanda. Fylkesvegferjene utførte 99,3 prosent av dei planlagde avgangane i 2024. Regularitetstalet er justert for vêrhendingar. Det var 0,3 prosent attståande bilar i 2024.<br><br>**Ferjekaier**<br><br>Fylkeskommunen er i gang med oppgradering og bygging av nye ferjekaier fleire stadar i fylket.<br><br>I 2024 var det byggeaktivitet på kaiene i fem ferjesamband:<br><br>• Åfarnes og Sølsnes ferjekaier<br>• Linge og Eidsdal ferjekaier<br>• Voksa, Larsnes, Kvamsøy og Åram ferjekaier | Gjenståande trafikk/køyretøy per ferjesamband, justert for vêrhendingar. Mål: < 2 % | 2,0 % | 0,3 % | |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | • Dryna og Brattvåg ferjekaier – nye kaier: Prosjektering under gjennomføring på Dryna. Reguleringsarbeid under gjennomføring i Brattvåg i 2024<br>• Forsterkning av ferjekaier – Kvanne ferjekai ferdigstilt i 2024 | | | | |
| | | | Regularitet, justert for vêrhendingar. Utførte avgangar for ferje samanlikna med oppsett ruteplan, >99,8 % | 99,8 % | 99,3 % | |
| | Møre og Romsdal skal ha eit konkurransedyktig, attraktivt og kostnadseffektivt mobilitets- og kollektivtilbod | • FRAM har delteke i fleire mobilitetsprosjekt, og i mobilitetsnettverk saman med både offentlege og private aktørar. FRAM har fokus på å betre mobiliteten for innbyggarane, og på å utvikle transporttilbodet i samspel med andre aktørar sine tilbod.<br>• Det er i 2024 gjennomført totalt 2081 intervju og undersøkingar for å måle kundetilfredsheit. Undersøkingane viser at 90 prosent av dei spurte er svært godt eller godt nøgd med reisa. 65 prosent av dei spurde seier det er enkelt å kjøpe billett i 2024, mot 55 prosent i 2023.<br>• Regularitet hurtigbåt: 99,8 prosent av dei | Auke delen førehandskjøpte billettar på buss til 60 % (app og nettbutikk) | 60,0 % | 44,0 % | For denne indikatoren har vi ikkje nådd målet for 2024, men delen førehandskjøpte billettar på buss vil truleg auke framover. |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | planlagde avgangane blei gjennomførte i 2024. Regularitetstalet er justert for vêrhendingar. | | | | |
| | | | Minst 90 % av dei spurte i FRAM si kundetilfredsheitsundersøking er svært godt eller godt nøgd med reisa | 90,0 % | 90,0 % | |
| | | | Regularitet, justert for vêrhendingar. Utførte avgangar for hurtigbåt samanlikna med oppsett ruteplan. Mål: > 99,8 % | 99,8 % | 99,8 % | |
| | Møre og Romsdal skal ha eit trygt og framkommeleg fylkes- og riksvegnett | • Inspeksjonar gir ein kontroll på tilstand som er ein viktig føresetnad for å kunne prioritere tiltak for trygge og framkommelege fylkesvegar.<br>• Det er asfaltert om lag 87 km fylkesveg i 2024.<br>• Det er gjennomført vedlikehald på ei rekke bruer, hurtigbåt- og ferjekaier i 2024.<br>• Vedlikehald og utskifting, elektro<br>• Det er også utført mindre trafikktryggingstiltak i 2024.<br><br>**Rundkøyring Holamyra fv.64 Hustadvika**<br><br>Arbeidet med den trearma rundkøyringa starta opp i 2024. Rundkøyringa opna for trafikk i desember 2024 og arbeidet inkl. gang- og sykkelvegar er venta sluttført våren 2025. | Del av km fylkesveg med tilfredsstillande dekketilstand av alle fylkesvegar. Mål >70% | 0,0 % | | Tal frå SVV er ikkje klar før februar/mars 2025 |

| Fylkesplan mål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | **Skredsikring Korsmyra–Indreeide**<br><br>Indreeidstunellen på fv. 63 mellom Korsmyra i Stranda kommune og Indreeide i Fjord kommune vart opna i 2024. Opna trygg heilårsveg til Geiranger.<br><br>**Skredvarsling Grandefonna**<br><br>Målet med prosjektet er å auke trafikktryggleiken mellom Grande og Geiranger i vinterhalvåret. I 2024 vart det inngått kontrakt for arbeidet med skredvarsling for Grandefonna på fv.63. | | | | |
| | Møre og Romsdal skal utnytte kvar krone brukt på fylkesvegnettet best mogleg | Vi jobbar med å utvikle kontraktar som stimulerer til kostnadseffektivitet og reduserte kostnader, mellom anna ved å:<br><br>• vurdere storleik og tal på driftskontraktar på veg for at det skal bli meir hensiktsmessig og mindre krevjande oppfølging. Samarbeid med kommunar og bruk av informasjonsteknologi skal bidra til redusert kostnad.<br>• redusere entreprenøren sin risiko ved å bruke meir mengderegulering i vegdriftskontraktar. | Alle investeringsprosjekt over 10 mill. kroner er gjennomført innanfor kostnadsramma | 100,0 % | 90,0 % | |
| | | | Kvalitet på utført arbeid i vegdriftskontraktene er kontrollert og følgt opp etter plan. Mål: >90 % | 90,0 % | 83,0 % | |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesplanmål V6: Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn** | Møre og Romsdal skal legge til rette for eit seriøst arbeidsliv innanfor alle dei fag/arbeidsområda der fylkeskommunen er aktiv som vare- og tenestekjøpar, slik som t.d. samferdselsområdet, bygg- og eigedomstenester. | • For alle vegprosjekt og vegdriftskontraktar skal det bli gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitetsbestemmingar og kontrakt.<br>• Fylkesvegavdelinga jobbar aktivt med HMS for å unngå skader både internt og i kontraktane våre. I 2024 var det 10 skader med fravær per mill. arbeidstimar. Dette er dobbelt så mykje som målet.<br>• FRAM arbeider med å utvikle eit system for kontraktsoppfølging, som skal ferdigstillast og tas i bruk i 2025. | Ferdigstille system for kontraktsoppfølging for FRAM | 100,0 % | 50,0 % | Arbeidet med utvikling av system for kontraktsoppfølging starta i 2024, og vert ferdigstilt i løpet av 2025. |
| | | | Gjennomføre risikovurderingar av alle nye driftskontraktar hjå FRAM | 100,0 % | 100,0 % | |
| | | | Inntakskontroll av underentreprenørar på vegprosjekt og vegdrift er godkjent av byggherre. Mål: >90 % | 90,0 % | 75,0 % | HMSREG vart implementert i 2024. Gode oversikter i HMSREG og betre oppfølging vil gi betre resultat i 2025. HMSREG gir god kontroll, difor erstattast måltalet med talet på kontrollar av løn- og arbeidsvilkår i 2025. |
| | | | Opprette prosentvis fordeling av arbeidsplassar innan samferdselsområdet | 100,0 % | 100,0 % | Tilsette innan samferdsel i des. 2024 i Kristiansund (22), Molde (94) og |

| Fylkesplanmål | Mål | Statusbeskrivelse resultatmål | Indikator | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | mellom regionane Kristiansund, Molde og Ålesund | | | | Sunnmøre (40). Tillegg: på anleggskontor i desember 2024 (Sunnmøre): 10 tilsette. |
| | | | Rapportering av uønska hendingar (RUH) skal vere over 1500 per mill. arbeidstimar (N-verdi), N>1500 | 1 500 | 1 664 | | |
| | | | Skade med fravær (H1) skal vere under 5 per mill. arbeidstimar, H1<5 | 5 | 10 | | Skade med fravær er 10 per mill. arbeidstimar |

## Status investeringsprosjekt

# Samferdselsområdet

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| | Budsjett for året | | |
| **Bruer** | | | |
| Bergebrua | 250 | 0 | 250 |
| Bolsøybrua | −2 | 0 | −2 |
| Bruvollbrua | 876 | 216 | 660 |
| Dragsundbrua | 3 825 | 4 305 | −480 |
| Finnøybrua | 2 112 | 3 778 | −1 666 |
| Geirangerbruene | 17 585 | 17 099 | 486 |
| Giskebrua | 990 | 0 | 990 |
| Grøtta bru | 5 313 | 2 027 | 3 286 |
| Hulvågbrua | 613 | 115 | 498 |
| Høvikbrua | 27 462 | 23 247 | 4 215 |
| Juvabrua | 1 260 | 809 | 451 |
| Kalvassbrua | −165 | 471 | −636 |
| Korrugerte stålrør | 4 311 | 3 341 | 970 |
| Kranavegen, halvbruer | 2 037 | 2 445 | −408 |
| Nerlandsøybrua | 215 905 | 212 598 | 3 307 |
| Remøybrua | 1 359 | 2 553 | −1 194 |
| Rundebrua | −122 | 983 | −1 105 |
| Slettebakkbrua | 8 436 | 9 035 | −599 |
| Strandgatebrua | −5 | 0 | −5 |
| Sørsundbrua | 1 748 | 5 059 | −3 311 |
| Tredalsbrua, gangbru | 1 705 | 1 520 | 185 |
| Veglistebruer | 1 015 | 847 | 168 |
| Åndalsnes bru | 3 426 | 3 467 | −41 |
| **Sum - Bruer** | **299 934** | **293 915** | **6 019** |
| **Bussdepot** | | | |
| Bussdepot Kristiansund | 67 664 | 48 584 | 19 080 |
| Bussdepot Molde | 72 899 | 34 641 | 38 258 |
| Bussdepot Ålesund | 2 000 | 16 | 1 984 |
| **Sum - Bussdepot** | **142 563** | **83 242** | **59 321** |
| **Bypakkar** | | | |
| Bypakke Ålesund | 174 272 | 117 454 | 56 818 |
| **Sum - Bypakkar** | **174 272** | **117 454** | **56 818** |
| **Ferjekaier** | | | |
| Forsterkning ferjekaier | 29 400 | 31 607 | −2 207 |
| Indre Sunnmørspakken | 52 113 | 47 174 | 4 939 |
| Ladeanlegg miljøferger | 185 161 | 80 480 | 104 681 |
| Oppgradering av kaihus | 295 | 0 | 295 |
| Romsdalspakken | 49 071 | 47 292 | 1 779 |
| Sulapakken | 406 | 286 | 120 |
| Ytre Sunnmørspakken | 177 327 | 194 294 | −16 967 |
| Ytre/utasundspakken | 7 300 | 6 354 | 946 |
| **Sum - Ferjekaier** | **501 073** | **407 486** | **93 587** |
| **Gang- og sykkelveg** | | | |
| Almestad-Gurskebotn | 0 | 459 | −459 |
| Bådalen - Vebenstad | 4 674 | 1 033 | 3 641 |
| Dalane skule | 1 000 | 240 | 760 |
| Mosflatevegen - Melsgjerdet | 19 747 | 5 730 | 14 017 |
| Tunheim | −341 | 508 | −849 |
| Vindøla - Røv | 1 523 | 1 196 | 327 |
| **Sum - Gang- og sykkelveg** | **26 603** | **9 166** | **17 437** |
| **Investering FRAM** | | | |
| FRAM - Business intelligence/datavarehus | 2 990 | 2 168 | 822 |

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| FRAM - Ladestasjon Kristiansund | 15 000 | 0 | 15 000 |
| FRAM - Mobilitet på tvers | 2 027 | 1 236 | 791 |
| FRAM - Nytt billetteringssystem | 17 304 | 13 159 | 4 145 |
| FRAM - Ruteinfomasjon og haldeplassutforming | 1 439 | 92 | 1 347 |
| FRAM - Utviklingstiltak kollektivt | 11 638 | 4 759 | 6 879 |
| **Sum - Investering FRAM** | **50 398** | **21 414** | **28 984** |
| **Investering fylkesvegavdelinga** | | | |
| Fylkesvegavdelinga-bilar og utstyr | 0 | 839 | −839 |
| **Sum - Investering fylkesvegavdelinga** | **0** | **839** | **−839** |
| **Kollektivtiltak** | | | |
| Hurtigbåtkaier | 3 000 | 109 | 2 891 |
| Kollektivtiltak Harøy - Hamnsund | 160 | 1 | 159 |
| Trafikkterminal Kristiansund | 0 | −2 208 | 2 208 |
| **Sum - Kollektivtiltak** | **3 160** | **−2 097** | **5 257** |
| **Miljø og servicetiltak** | | | |
| Støytiltak | 2 259 | 2 014 | 245 |
| Toalett, Slettvikane | −31 | 459 | −490 |
| Vanndirektivet | 1 399 | 290 | 1 109 |
| **Sum - Miljø og servicetiltak** | **3 627** | **2 763** | **864** |
| **Nye store veganlegg** | | | |
| Fv. 60 Tomasgard – Røyrhus bru | 5 704 | 6 243 | −539 |
| Kjerringsundsambandet | 6 771 | 9 691 | −2 920 |
| Nordøyvegen | 8 895 | 6 125 | 2 770 |
| Todalsfjordprosjektet | 3 583 | 2 583 | 1 000 |
| **Sum - Nye store veganlegg** | **24 953** | **24 642** | **311** |
| **Planlegging og grunnerverv** | | | |
| Grunnerverv | 421 | 11 904 | −11 483 |
| Planlegging | 1 681 | 1 357 | 324 |
| **Sum - Planlegging og grunnerverv** | **2 102** | **13 261** | **−11 159** |
| **Skredsikring** | | | |
| Skredsikring Trollstigen | 50 000 | 25 237 | 24 763 |
| Tunnel Korsmyra-Indreeide | 71 420 | 73 666 | −2 246 |
| Varsling Grandefonna | 11 503 | 12 805 | −1 302 |
| **Sum - Skredsikring** | **132 923** | **111 708** | **21 215** |
| **Til internt bruk øk.seksjonen (fordelingsprosjekt)** | | | |
| Til internt bruk øk.seksjonen (fordelingsprosjekt) | 0 | 1 790 | −1 790 |
| **Sum - Til internt bruk øk.seksjonen (fordelingsprosjekt)** | **0** | **1 790** | **−1 790** |
| **Trafikktryggingstiltak** | | | |
| Forkjørsregulering | 729 | 1 292 | −563 |
| Gangfeltsikring og fartsdempende tiltak | 8 576 | 5 589 | 2 987 |
| Holamyra, Hustadvika | 30 417 | 22 548 | 7 869 |
| Mindre TS-tiltak | 6 141 | 5 002 | 1 139 |
| Rundkøyring, Sykkylven | 863 | 323 | 540 |
| Sideterrengstiltak | 3 508 | 2 247 | 1 261 |
| TS-Tiltak Eiksundsambandet | 1 500 | 0 | 1 500 |
| Veglys | 11 005 | 12 636 | −1 631 |
| **Sum - Trafikktryggingstiltak** | **62 739** | **49 637** | **13 102** |
| **Tunnelar** | | | |
| Nye lyskjelder og styringssystem | 2 090 | 2 768 | −678 |
| Tiltak Etter Tunnelinspeksjon | 960 | 0 | 960 |
| Tiltak etter tunnelsikkerheitsforskrifta | 20 252 | 20 589 | −337 |
| **Sum - Tunnelar** | **23 302** | **23 357** | **−55** |

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|
| **Utbetring veg** | | | |
| Adresseskilting | 268 | 268 | 0 |
| Forsterkning fylkesveg | 17 552 | 17 176 | 376 |
| FV654 Fortau Vågsgata | 1 500 | 464 | 1 036 |
| **Sum - Utbetring veg** | **19 320** | **17 907** | **1 413** |
| **Sum** | **1 466 969** | **1 176 486** | **290 483** |

## Samandrag status investeringar

Det er investert om lag til saman 1,176 mrd. på Samferdselsområdet i 2024. Prosjekta viser totalt eit netto mindreforbruk på om lag 290,5 mill. kroner. Det samla avviket (mindreforbruk) skuldast i hovudsak periodiseringsavvik, i tillegg til nokre varige meir- og mindreforbruk. Periodiseringsavvika har ulike årsaker, der nokre gjeld forhold som fylkeskommunen som byggherre kan påverke og andre gjeld forhold som ligg utanfor vår kontroll.

Dei største avvika gjeld:

- Ladeanlegg knytt til Indre Sunnmøre som først blir overtatt i 2025 på 105 mill. kroner
- Endra framdrift og seinare oppstart av  Bypakke Ålesund, 56,8 mill. kroner
- Endra framdrift og seinare oppstart av Trollstigen, 24,8 mill. kroner
- Forseinka framdrift på Bussdepot Kristiansund og Bussdepot Molde, totalt 59 mill. kroner

## Fylkesveg

Det samla avviket er knytt til følgjande prosjekt:

- Nordøyvegen: Periodiseringsavvik på ca. 2,8 mill. kroner (mindreforbruk)
- Bypakke Ålesund: Periodiseringsavvik på 56,8 mill. kroner (mindreforbruk)
- Romsdalspakken: Periodiseringsavvik på ca. 1,7 mill. kroner (mindreforbruk)
- Ytre Sunnmørspakken: Periodiseringsavvik på 17 mill. kroner (meirforbruk)
- Indre Sunnmørspakken: Venta varig mindreforbruk på ca. 7 mill. kroner og i tillegg eit periodiseringsavvik på 2,3 mill. kroner (meirforbruk)
- Nerlandsøybrua: Periodiseringsavvik på 3,3 mill. kroner (mindreforbruk)
- Diverse bruprosjekt: Periodiseringsavvik på om lag 2,7 mill. kroner (mindreforbruk)
- Rundkøyring Holamyra: Periodiseringsavvik på 7,8 mill. kroner (mindreforbruk)
- Melsgjerdet - Mosflatevegen: Periodiseringsavvik på 14 mill. kroner (mindreforbruk)
- Diverse trafikktryggingstiltak: Periodiseringsavvik på ca. 4,7 mill. kroner (mindreforbruk)
- Ålesund Hurtigbåtkai: Periodiseringsavvik på 2,9 mill. kroner (mindreforbruk)
- Bådalen – Vebenstad: Periodiseringsavvik på 3,7 mill. kroner (mindreforbruk)
- Korsmyra – Indreeide: Periodiseringsavvik på 2,3 mill. kroner (meirforbruk)
- Varsling Grandefonna: Periodiseringsavvik på 1,3 mill. kroner (meirforbruk)
- Kjerringsundsambandet: Periodiseringsavvik på 2,9 mill. kroner (meirforbruk)
- Trollstigen: Periodiseringsavvik på 24,8 mill. kroner (mindreforbruk)
- Grunnerverv: Meirforbruk på om lag 11 mill. kroner skuldast rekneskapsføring av prosjekt, der vi har tatt over veg/vegelement bygd og finansiert av andre.
- Ladeanlegg miljøferjer: I løpet av året har vi overtatt ladeinfrastruktur på Romsdalspakken og Ytre Sunnmøre. Indre Sunnmøre vart forseinka, og overtaking vil finne stad i 2025.

### FRAM

- Ruteinformasjon og haldeplassutforming: Prosjektet er, som ein del av innsparingstiltak, ikkje vidareført i 2025. Det gjenstår likevel arbeid frå 2024 som må avsluttast
- Business intelligence/datavarehus: Det jobbast med å få inn ny funksjonalitet i IBEN, dette er eit arbeid som vil fortsette i 2025
- Nytt billetteringssystem: Det gjenstår framleis noko arbeid ved det nye billetteringssystemet
- Utviklingstiltak kollektivtrafikken: Gjenståande midlar skal nyttast til toalettfasilitetar etc, som må være på plass for at ein skal kunne iverksette ny rutestruktur i Molde (RP3). Prosjektet har starta, men hovuddelen vil skje i 2025
- Ladestasjon Kristiansund: Overtaking av ladeinfrastruktur vart forseinka
- Mobilitet på tvers: Prosjektet er, som ein del av innsparingstiltak, ikkje vidareført. Prosjektet kan derfor avsluttast, varig mindreforbruk

Nokon av prosjekta over har delvis særskilt finansiering. Fylkeskommunedirektøren forslår å overføre eit mindreforbruk på 305,1 mill. kroner frå 2024 til 2025, samt å trekke eit meirforbruk i 2024 på 58 000 kroner i 2025.

## Politikk og kontrollorgan

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 100-Politisk verksemd | 32 042 | 29 987 | −2 055 | −6,9 % |
| 105-Kontroll og revisjon | 7 627 | 13 676 | 6 049 | 44,2 % |
| Sum | 39 669 | 43 663 | 3 994 | 9,1 % |

### Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Politikk og kontrollorgan" viser eit årsresultat på eit netto mindreforbruk på om lag 4 mill. kroner i 2024.

## Politisk verksemd

På ramma Politisk verksemd førast midlane for heile den politiske verksemda inkl. fylkesting, fylkesutval og alle andre politiske utval samt stønad til dei politiske partia. I tillegg blir Fylkesutvalet sin reservepost ført her.

Resultatet for ramma viser eit samla meirforbruk på 2,055 mill. kroner for 2024. Dei politiske utvala viser eit samla netto meirforbruk på om lag 3,3 mill. kroner som skuldast at godtgjersle og reisekostnader er høgare enn det som var lagt til grunn i budsjettet for 2024. Fylkesutvalet sin reservepost viser eit mindreforbruk på om lag 1,2 mill. kroner.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at netto meirforbruk på ramma politisk verksemd på 2,055 mill. kroner ikkje blir trekt i ramma for 2025.

## Kontroll og revisjon

På ramma Kontroll og revisjon førast kostnader knytt til kontrollutvalet, kontrollutvalssekretariatet og ombodsordningane.

### Sentrale kontrollorgan

Resultatet for Sentrale kontrollorgan viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 5,5 mill. kroner i 2024.

Avviket skuldast følgande:

- Godtgjersle til politikarar vart lågare enn budsjettert
- Innsparing knytt til kjøp av revisjonstenester/undersøkingar grunna lågare aktivitet. Dette skuldast at administrasjonen har signalisert eit meir balansert kontrollomfang, der det blir teke omsyn til arbeidsmengde for administrasjonen
- Lågare kostnader til kontrollutvalssekretariatet, da kontrolldirektør er erstatta med sekretariatstenester kjøpt frå Vestland fylkeskommune

Sentrale kontrollorgan ber om å få overført 3 mill. kroner av mindreforbruket til 2025.

### Ombodsordningane

Resultatet for ombodsordningane viser eit samla netto mindreforbruk på om lag 526 000 kroner i 2024.

Avviket skuldast følgande:

- Noko lågare aktivitet for omboda enn planlagt, og at ein planlagt konferanse ikkje blei gjennomført fysisk

Fylkeskommunedirektøren foreslår å overføre 300 000 kroner av mindreforbruket i 2024 til 2025, da det kjem eit nytt elev- og lærlingombod og det må påreknast ekstra utgifter til nytt utstyr, nytt materiell og auka reiseverksemd.

### Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår til at netto meirforbruk på ramma politisk verksemd på 2,055 mill. kroner ikkje blir trekt i ramma for 2025.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at 3,3 mill. kroner av netto mindreforbruk på fylkestingsramme "Politikk og kontrollorgan" i 2024 blir overført til 2025.

## Lønnsreserve og pensjon

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Utvalsramme | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 110-Lønnsreservepost | 0 | 6 312 | 6 312 | 100,0 % |
| 1105-Pensjon | 85 910 | 70 693 | −15 217 | −21,5 % |
| **Sum** | **85 910** | **77 005** | **−8 905** | **−11,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Fylkestingsramme "Lønnsreserve og pensjon" viser eit årsresultat på eit netto meirforbruk på om lag 8,9 mill kroner i 2024.

## Lønnsreservepost

Lønnsreserveposten viser ei mindreutgift på om lag 6,312 mill. kroner i 2024. Dette skuldast at lokalt lønnsoppgjer kap. 4 knytt til Utdanningsforbundet ikkje var på plass per 31. desember 2024. Verknadsdato for dette lønsoppgjeret vil mest sannsynleg vere per 1. oktober 2024. Lønsoppgjeret er estimert til 4 mill. kroner og det vil derfor vere behov for å overføre 4 mill. kroner til 2025.

## Pensjon

Premieavvik/pensjonspremie viser ei meirutgift på om lag 15,2 mill. kroner i 2024.

## Oppsummering tiltak

Fylkeskommunedirektøren foreslår å auke fylkestingsramme "Lønnsreservepost og pensjon"  med 4 mill. kroner i 2025. Dette for å dekke den del av lønnsoppgjøret i kap. 4 som ikkje var på plass per 31.12.24.